

John Bjarne Jordal og Geir Gaarder

# Biologiske undersøkingar i kulturlandskapet i Møre og Romsdal i 1997-98.



Rapport nr. 2 - 98



Fylkesmannen i Møre og Romsdal  
Landbruksavdelinga

# FORORD

Rapporten presenterar resultat frå undersøkingane i 1997 og 1998. Det er gjort eit godt arbeid med å skaffe oversikt over biologiske verdiar i kulturlandskapet i vårt fylke.

Det er lagt vekt på biologiske registreringar i seterlandskapet i 3 kommunar, i tillegg til utfyllande registreringar i fleire andre kommunar.

Undersøkingane er viktige bidrag i arbeidet med «Bevaring og bruk av biologisk mangfald», og vil vere viktig grunnlag for arbeidet som grunneigarar og offentleg forvaltning skal utføre. Det er for dei einskilde område også gitt tilråding for framtidig bruk for at verdiane skal oppretthaldast og utviklast.

Fylkesmannen ynskjer at rapporten vert brukt i planlegging av tiltak som påverkar miljø- og kulturlandskapsverdiane i fylket, og som insitament for tiltak som tar vare på og utviklar desse verdiane.

Vurderingar og synspunkt står for forfattarane si rekning.

Molde, 15.12.98

  
Ottar Befring  
Landbruksdirektør

(Frå forfattarane)

I denne rapporten er hovudvekta lagt på undersøkingar i Norddal, Rauma, Rindal og Smøla i samsvar med vedtak i Kulturlandskapsgruppa i fylket. Supplerande undersøkingar er også utført i einskilde andre kommunar. Vi takkar dei nemnde kommunane for godt samarbeid og for nyttige opplysningar. Takk også til Leif Ryvarden, Universitetet i Oslo, Sigmund Sivertsen, NTNU, Trondheim og Håkon Holien, Høgskolen i Nord-Trøndelag, for hjelp til bestemming av sopp og lav på styvingstre. Vidare takkar vi grunneigarar og andre som har hjelpt oss på ulikt vis. Kven dette er går stort sett fram under omtale av den einskilde kommunen.

Jordalsgrend/Tingvoll 14.12.1998

  
John Bjørne Jordal

  
Geir Gaarder

# INNHOLD

INNHOLD .....	1
SAMANDRAG .....	2
INNLEIING .....	3
MATERIALE OG METODAR .....	4
Utval av lokalitetar, forarbeid .....	4
Feltarbeid .....	4
Namnsetting av artar, dokumentasjon .....	4
Områdeskildring .....	4
Verdsetting .....	4
UTEGANGARSAU OG UTEGANGARGEIT I MØRE OG ROMSDAL .....	6
Utbreiing .....	7
STYVINGSTRE - VIKTIGE FOR DET BIOLOGISKE MANGFALDET .....	9
PLANTER, VEGETASJON OG SOPP .....	12
Resultatoversikt .....	12
LOKALITETAR SORTERT KOMMUNEVIS .....	19
Aure .....	19
Giske .....	20
Herøy .....	21
Molde .....	24
Nesset .....	26
Norddal .....	27
Rauma .....	39
Rindal .....	45
Sandøy .....	51
Skodje .....	53
Smøla .....	54
Sunndal .....	58
Surnadal .....	59
Tingvoll .....	61
Vestnes .....	65
Ålesund .....	72
BILETE .....	73
Vurdering av kunnskapsstatus .....	81
Prioriterte naturbeitemarker/naturenger .....	85
Andre prioriterte førekomstar .....	86
LITTERATUR .....	87
VEDLEGG .....	89
Vedlegg 1. Lokalitetar undersøkt 1997-98 med geografiske data .....	89
Vedlegg 2. Plantefunn på lokalitetar undersøkte 1997-98 .....	94
Vedlegg 3. Ruteanalyser (100 m <sup>2</sup> ) i 1997 .....	105
Vedlegg 4. Soppfunn på lokalitetar undersøkte 1997-98 .....	107
Vedlegg 5. Latinsk-norsk namneliste for grasmarkssopp i Møre og Romsdal .....	114

# SAMANDRAG

## **Formål**

Formålet med denne undersøkinga er å skaffa meir biologisk kunnskap om verdifulle kulturlandskap i fylket vårt. Hovudvekta er lagt på å finna nye lokalitetar. Ein har også peika på faktorar og tiltak som er viktige for å bevara desse områda.

## **Metodikk**

Kommunar prioritert av Kulturlandskapsgruppa er Norddal, Rauma, Rindal og Smøla. I andre kommunar er det gjort meir tilfeldige registreringar som følgje av gjennomreise og andre oppdrag. Det er undersøkt rundt 150 lokalitetar, 120 av desse er nye. Verdsetting av naturbeitemarker og naturenger basert på planter og soppflora synest nyttig og blir vidareført.

## **Gamle husdyrrasar**

Utegangarsau og utegangargeit er særleg godt tilpassa tilhøva på kysten gjennom heile året. Utegangarsauen er i framgang og skjøttar kystkulturlandskapet mange stader. Utegangargeita (villgeit, kystgeit) er ein kjøtrasse som berre finst att på Sandsøya (Sande) og Skorpa (Herøy). Rasen inneholder eit verdifullt arvemateriale som er utryddingstruga om ikkje tiltak blir sett inn.

## **Styvingstre - viktige for sopp og lav**

Gamle styvingstre utgjer eit spesielt miljø som er sjeldan i naturen. Dei har t. d. svært grov, oppsprukken bork og uvanleg tjukke, ofte innhole stammar. Somme artar av sopp og lav finst omtrent berre på styvingstre, og mange av desse er sjeldne og truga. Ein av Europas viktigaste bestandar av lavarten blådoggnål finst på almepilar i Eikesdalen.

## **Lokalitetsomtale**

Lokalitetsomtalane inneholder ei kort skildring av området og vegetasjonen, spesielle artsfunn, vurdering av den biologiske verdien og råd om framtidig bruk. Geografiske data, datoar m. m. finst i vedlegg 1, og oversikt over biologiske data i vedlegga 2-4 (plantelister, vegetasjonsanalysar og sopplister). Nøkkellopplysningane om lokalitetane er gitt i tabellane 4-6 og figur 1. På bildesidene er eit utval på rundt 30 lokalitetar avbilda, hovudsakeleg frå dei prioriterte kommunane. Av nye lokalitetar peikar Molnes på Vigra (Giske) seg ut som særleg verdfull. 6 andre, tidlegare undersøkte lokalitetar i denne rapporten er gjeve nasjonal verdi. Nye som og har høg verdi (nasjonal/regional), er: Flusundet i Herøy, Vikjelsøya på Smøla, Krikane i Vestnes og ei slåtteeng ved Ratvikvatnet i Ålesund. I tillegg til desse kjem 13 nye som er gjeve regional verdi.

## **Kunnskapsstatus**

Det er i 1992-98 undersøkt 428 kulturlandskapslokalitetar i fylket fordelt på alle kommunane. Nokre av desse har nasjonal, kanskje også internasjonal verdi. Kommunane Sande, Herøy, Giske, Smøla og Sunndal peikar seg ut med mykje verdifullt kulturlandskap. Dei største areala finst på den trelause kysten og i seterlandschapet. Nokre kommunar, som Stranda, Volda og Ørsta er dårleg undersøkte. Materialet er truleg nokså representativt på ulike måtar, t.d. når det gjeld gradientane kyst-innland, lågland-fjell m.m. Møre og Romsdal er det best undersøkte fylket i landet når det gjeld soppfloraen i grasmarker (jfr. Jordal 1997). Likevel er berre eit fåtal lokalitetar godt undersøkte når det gjeld sopp. Andre organismegrupper, som t. d. insekt, er omtrent ikkje undersøkte.

# INNLEIING

Den føreliggjande rapporten omfattar biologiske registreringar med vekt på seterlandschapet i Norddal, Rauma og Rindal, og dessutan utfyllande registreringar i Herøy, Giske, Smøla og Tingvoll. Vidare er det tatt med meir tilfeldige registreringar frå nokre andre kommunar. I tillegg er det tatt med data frå eit prosjekt for Vestnes kommune. Materialet frå Vestnes er også behandla i ein rapport for Vestnes kommune (Jordal 1998a), men denne er lite tilgjengeleg og stoffet som vedkjem kulturlandskapet er derfor samla her for oversikta si skuld.

*Formålet* med denne undersøkinga er å skaffa meir biologisk kunnskap om verdifulle kulturlandskap i fylket vårt. Det er også viktig å peike på faktorar og tiltak som er viktige for å bevare kvalitetane i desse områda.

Tidlegare rapportar om temaet: Aksdal (1994), Beyer & Jordal (1995), Jordal & Sivertsen (1992), Jordal (1993, 1996a, 1996b, 1998a, 1998b), Gaarder & Jordal (1996), Jordal & Gaarder (1993, 1995a, 1995b, 1997, 1998b). Det er også laga ei utgreiing for Direktoratet for Naturforvaltning som baserer seg mykje på resultat frå Møre og Romsdal (Jordal 1997). Det er vidare laga fleire forvaltningsplaner der desse registreringane ligg til grunn (Gagnat 1996, Melby 1997, Tønnesen under arbeid).

Nokre begrep:

*Naturbeitemarker* og *naturenger* er gamle kulturmarkstypar som har få inngrep ut over beiting eller slått, i motsetnad til kulturbete og kultureng der ein gjødslar og pløyer som ein del av drifta. Naturbeitemarker og naturenger har ei rekkje spesielle artar av planter og sopp.

*Grasmarkssopp* er soppartar som på ulikt vis er knytt til grasmarker, for det meste som nedbrytarar av organisk materiale. *Beitemarkssopp* er grasmarkssopp som tåler lite gjødsling og lite attgroing, og som derfor er sterkt knytt til naturbeitemarker og naturenger. Av rundt 140 slike artar som er kjent frå Norge, er til no 101 artar funne i Møre og Romsdal. Fleire artar nye for Norge vart funne i 1997-98.

*Engplanter* er planter som er knytt til engsamfunn, dvs. gras- og urterike plantesamfunn i ope lende utan eller med liten tresetting, og dermed mykje lysinnstråling. *Naturengplanter* er engplanter som toler lite gjødsling og lite attgroing. *Seterplanter* er fjellplanter som også toler lite gjødsling og attgroing, og som synest å ha fordel av beiting eller slått i seterområda. Desse plantene har gjerne eit tyngdepunkt i engsnøleie i fjellet, og kan seiast å vera "fjellets naturengplanter". I fylket vårt har vi tidlegare definert 79 planteartar som naturengplanter og 43 som seterplanter (Jordal & Gaarder 1995a).

# MATERIALE OG METODAR

## Utval av lokalitetar, forarbeid

Prioriteringane i prosjektet når det gjeld utval av kommunar er vedtekne av Kulturlandskapsgruppa i Møre og Romsdal. I 1997-98 er det m.a. prioritert å undersøkja kulturlandskapslokalitetar i Rauma og Norddal, særleg slike som ligg innanfor område som er foreslått verna etter naturvernlova. Vidare er eit utval lokalitetar undersøkt i seterlandskapet i Rindal kommune, som vi tidlegare ikkje har besøkt. Utvalet av lokalitetar er gjort i samråd med dei aktuelle kommunane. Vidare er nye område undersøkt i dei interessante kommunane Smøla (nordlege deler), Herøy og Giske. I andre kommunar er det gjort meir tilfeldige registreringar som følgje av gjennomreise og andre oppdrag. Vi har også gjort utfyllande undersøkingar av nokre få kjente, høgt prioriterte lokalitetar, særleg når det gjeld soppfloraen. Som vist seinare i rapporten aukar talet på soppartar på topplokaliteten Mulevika sjølv etter 6 års undersøkingar.

## Feltarbeid

Det er i 1997-98 undersøkt ca. 150 lokalitetar i Møre og Romsdal, av desse 15 i samband med biologiske undersøkingar for Vestnes kommune (Jordal 1998a). 120 av lokalitetane er nye. På lokalitetane er det notert hovudtrekk ved vegetasjonstypar, bruk, husdyrslag m.m. Det er leita etter beitemarkssopp, og tatt plantelister. På nokre lokalitetar er det i tillegg lagt ut 10×10 m ruter for vegetasjonsanalyse. Her er det brukt metodikk med dekningsgrad av artane i prosent (1, 2, 3, 5, 10, 15, 20, 90, 95, 100%). Det er gjeve dekning for alle artar av karplanter, og vidare for feltskikt, botnskikt, mosar, lav, strø og evt. stein og jord. Ruteanalyasar har ikkje vore prioriterte.

## Namnsetting av artar, dokumentasjon

Når det gjeld namnsetting, viser vi til Jordal (1997). Sjeldne eller interessante soppartar og karplanter er tekne vare på i tørka tilstand.

## Områdeskildring

Måten dette er gjort på er beskreve av Jordal & Gaarder (1997). Bygningar og andre kulturspor er stort sett ikkje nemnt, men dei fleste av lokalitetane er dokumenterte med foto. Når det gjeld vegetasjonsseksjonar følgjer vi no Moen (1998) i staden for Moen & Odland (1993). Når det gjeld vegetasjonssoner følgjer vi Moen (1998) i staden for Dahl m. fl. (1986). Når det gjeld landskapsregionar følgjer vi kartet til Fylkesmannen i Møre og Romsdal (1998) istaden for NIJOS (1993). Alt dette medfører berre mindre endringar.

## Verdsetting

Her viser vi til Jordal & Gaarder (1997). Nedanfor følgjer ei oppdatert oversikt over artar kjent frå Møre og Romsdal som blir rekna som beitemarkssopp, med raudlistestatus og poengverdi for verdsetting av lokalitetar.

Tabell 1. Beitemarkssopp i Møre og Romsdal med artspoeng og raudlistestatus som grunnlag for verdsetting av lokalitetar. Lista følgjer Jordal (1997) og Bendiksen m. fl. (1998).

<sup>1</sup> arten er funnen ny for fylket i 1997-98, <sup>2</sup> arten er funnen ny for Norge i 1997-98.

Forklaring på raudlistekategoriar:

E - direkte truga (akutt utryddingstruga), V - sårbar, R - sjeldan, V+ - hensynskrevande

Latinsk namn	Artspoeng	Kategori	Latinsk namn	Artspoeng	Kategori
<i>Camarophyllopsis foetens</i> <sup>1</sup>	4	V	<i>Geoglossum hakelieri</i>	8	E
<i>Camarophyllopsis schulzeri</i>	4	V+	<i>Geoglossum simile</i>	4	V+
<i>Clavaria acuta</i>	2		<i>Geoglossum starbaeckii</i>	2	
<i>Clavaria amoenoides</i>	8	V	<i>Geoglossum uliginosum</i>	8	E
<i>Clavaria fumosa</i>	4	V	<i>Geoglossum starbaeckii</i>	2	
<i>Clavaria straminea</i>	8	V	<i>Geoglossum uliginosum</i>	8	E
<i>Clavaria vermicularis</i>	2		<i>Geoglossum umbratile</i>	2	V+
<i>Clavaria zollingeri</i>	4	V	<i>Hygrocybe aurantiosplendens</i>	8	V
<i>Clavulinopsis cineroides</i>	8	V	<i>Hygrocybe canescens</i>	8	E
<i>Clavulinopsis corniculata</i>	2		<i>Hygrocybe cantharellus</i>	1	
<i>Clavulinopsis fusiformis</i>	4	V	<i>Hygrocybe ceracea</i>	1	
<i>Clavulinopsis helvola</i>	1		<i>Hygrocybe chlorophana</i>	1	
<i>Clavulinopsis luteoalba</i>	1		<i>Hygrocybe coccinea</i>	1	
<i>Clavulinopsis pulchra</i>	2		<i>Hygrocybe colemanniana</i>	4	V
<i>Entoloma ameides</i> <sup>1</sup>	4	R	<i>Hygrocybe conica</i>	1	
<i>Entoloma asprellum</i>	1		<i>Hygrocybe flavipes</i>	2	V+
<i>Entoloma atrocoeruleum</i>	2	V+	<i>Hygrocybe fornicate</i>	4	V+
<i>Entoloma bloxamii</i>	8	E	<i>Hygrocybe glutinipes</i>	4	V
<i>Entoloma caeruleopolutum</i>	1	V+	<i>Hygrocybe helobia</i>	1	
<i>Entoloma caesiocinctum</i>	2	V+	<i>Hygrocybe ingrata</i>	4	V
<i>Entoloma chalybaeum</i>	2		<i>Hygrocybe insipida</i>	2	
<i>Entoloma coeruleoflocculosum</i> <sup>1</sup>	4	R	<i>Hygrocybe intermedia</i>	8	V
<i>Entoloma corvinum</i>	4	V+	<i>Hygrocybe lacmus</i>	2	V+
<i>Entoloma cyanulum</i> <sup>1</sup>	2		<i>Hygrocybe laeta</i>	1	
<i>Entoloma dichroum</i>	8	V	<i>Hygrocybe laeta var. flava</i>	1	
<i>Entoloma exile</i>	2	V+	<i>Hygrocybe miniata</i>	1	
<i>Entoloma formosum</i>	2	R	<i>Hygrocybe mucronella</i>	2	V+
<i>Entoloma fuscotomentosum</i>	1		<i>Hygrocybe nitrata</i>	2	
<i>Entoloma griseocyaneum</i>	2	V+	<i>Hygrocybe ovina</i>	8	E
<i>Entoloma infula</i>	1		<i>Hygrocybe persistens</i>	4	V+
<i>Entoloma jubatum</i>	1		<i>Hygrocybe phaeococcinea</i>	4	V+
<i>Entoloma lividocyanulum</i>	2		<i>Hygrocybe pratensis</i>	1	
<i>Entoloma longistriatum</i>	1		<i>Hygrocybe pratensis var. pallida</i>	4	
<i>Entoloma mougeotii</i>	4	R	<i>Hygrocybe psittacina</i>	1	
<i>Entoloma papillatum</i>	1		<i>Hygrocybe punicea</i>	2	
<i>Entoloma poliopus</i>	1		<i>Hygrocybe quieta</i>	2	V+
<i>Entoloma porphyrophaeum</i> <sup>1</sup>	4	V+	<i>Hygrocybe reidii</i>	1	
<i>Entoloma pratulense</i>	1		<i>Hygrocybe russocoriacea</i>	2	V+
<i>Entoloma prunuloides</i>	4	V+	<i>Hygrocybe splendidissima</i>	8	V
<i>Entoloma pseudocoellestinum</i> <sup>12</sup>	2		<i>Hygrocybe turunda</i>	2	V+
<i>Entoloma pseudoturci</i>	2		<i>Hygrocybe unguinosa</i>	2	
<i>Entoloma rhombisporum</i>	2		<i>Hygrocybe virginea</i>	1	
<i>Entoloma sericellum</i>	1		<i>Hygrocybe vitellina</i>	8	V
<i>Entoloma sericeum</i>	1		<i>Melanoleuca subalpina</i>	1	
<i>Entoloma serrulatum</i>	1		<i>Microglossum fuscорubens</i>	8	V
<i>Entoloma sodale</i>	4	V+	<i>Mycena flavoalba</i>	1	
<i>Entoloma velenovskyi</i>	2		<i>Mycena pelliculosa</i>	1	V+
<i>Entoloma xanthochroum</i>	2	R	<i>Porpoloma metapodium</i>	8	V
<i>Geoglossum atropurpureum</i>	4	V+	<i>Ramariopsis kunzei</i>	4	V+
<i>Geoglossum cookeianum</i>	4	V+	<i>Ramariopsis subtilis</i>	4	V+
<i>Geoglossum difforme</i>	8	E	<i>Stropharia albocyanea</i>	1	
<i>Geoglossum fallax</i>	2	V+	<i>Trichoglossum hirsutum</i>	2	
<i>Geoglossum glutinosum</i>	2	V+	<i>Trichoglossum walteri</i>	8	E

# UTEGANGARSAU OG UTEGANGARGEIT I MØRE OG ROMSDAL

## ***Generelt***

Gamle husdyrrasar utgjer ein ofte bortgløymd og oversett del av det biologiske mangfaldet i kulturlandskapet. Det genetiske (arvemessige) mangfaldet som desse bestandane inneholder er ein stor ressurs som ein bør prioritera å bevara for framtida. Slike husdyrrasar inneholder ofte kombinasjonar av arveeigenskapar utvikla gjennom fleire tusen år som gjer dei særleg tilpassa dei lokale klima- og naturtilhøva. Her i fylket kan ein m. a. nemna utegangarsau (villsau, steinaldersau), utegangargeit (villgeit, kystgeit) og gråku (vestlandsfe). Berre dei to førstnemnde blir omtala her.

Utegangarsau og utegangargeit har eigenskapar som gjer dei skikka til å greia seg sjølve ute heile året på den snøfattigaste delen av kysten (jfr. Fjærli 1997). På grunn av lågt arbeidskraftbehov er dei difor særleg høvelege til å bevara tradisjonelle beiteområde på kysten som elles vil kunne gro att.

Kjelder til det som er teke med her er særleg Alv Ottar Folkestad (Eiksund i Ulstein), Jostein Korsnes (Kvamsøya i Sande, leiar i Sunnmøre villsaulag) og Per Halse (Edøya på Smøla, jordbruksjef). Elles har informasjon om lokale bestandar kome frå m. a. Kirsti Moe Oterhals (Aukra) og Oddvar Røsok (Uksnøy villsaulag).

## ***Utegangarsau***

Utegangarsauen (steinaldersauen, villsauen) stammar frå gamle rasar som er kjent i minst 3500 år i Norge og som har overlevd fram til no på ymse stader langs kysten. Dyra er små og nøysame og et vinters tid mykje lyng. Sommars tid et det ein variert kost, men unngår gjerne oppgjødsela område på dyrka mark. Det er i dag auka interesse for denne rasen på kysten av Møre og Romsdal, og det er danna fleire villsaulag i fylket i den seinare tid. Eigne observasjonar på lokalitetar som Haverøya på Smøla (namnet kjem frå gammelnorsk hafr - bukk) tyder på at denne sauen kan halda eit tradisjonelt kystkulturlandskap fint vedlike med eit rikt og variert biologisk mangfald, da særleg av beitemarksopp. Mange av bestandane er nyleg utsett på stader som er i ulike fasar av attgroing. Kva effekt utsettinga får på landskap og biologisk mangfald vil avhenga av mange forhold, som tidlegare brukshistorie (slått, beiting, jordarbeiding, gjødsling, evt. attgroing), berggrunn og jordsmonn (på kalkgrunn kan sau verka uheldig på floraen, m. a. beiter den hardt på orkidéar) og lokalklima. Ikkje minst er det viktig at dyretalet står i forhold til arealet og vegetasjonen. På dei fleste nye lokalitetane er dyretalet i dag for lite. På Haverøya har ein etter 20 år landa på eit dyretal som tilsvrar 1 vinterdyr pr 10 dekar lyngdominert kysthei. På kalkfattige lokalitetar med ein del lyng vil utegangarsauen ha ein positiv verknad på både landskap og biologisk mangfald.

## ***Utegangargeit***

*Utegangargeita finst no som små bestandar berre to stader i fylket. Den er derfor truga av innavl, avliving/tjuvjakt og tilfeldige svingningar som følgje av harde vintrar. Dette er derfor ein rase ein bør prioritera høgare i forvaltinga av kulturlandskapet.* Eit bevaringsprosjekt i regi av Landbruksmuseet ser no ut til å ha stranda.

Utegangargeita er ofte kalla villgeit, men ei korrekt nemning kan vera kystgeit. Dette understrekar samspelet mellom klimaet og den driftsforma som den er tilpassa i lang tid. Dette er ei kjøtgeit i motsetnad til mjølkegeita som er vanleg i dag. Utegangargeita har kraftigare ragg, meir botnull, mindre jur og spenar, dei er større og blir seinare kjønnsmodne, og kjar i høgare alder enn mjølkegeita. Vanleg driftsform var å la geitene gå fritt heile året, eller med tilgang på hus og tilleggsfôr om vinteren og i kjeingstida, og så jaga dei saman for uttak av slaktedyr ein gong om hausten.

På Skorpa i Herøy har det truleg vore dreve med geit i uminnelege tider, første skriftlege kjelde er frå 1700-talet. Drifta av geitene på Skorpa opphørde i samband med byrjande fråflytting på 1950-talet. Stammen har deretter halde seg på 35-50 dyr i tilnærma vill tilstand. På 1970-talet vart det utslept 15 mjølkegeiter (halvparten var gjelbukkar), og hodyra frå denne flokken har truleg blanda seg med den oppinnelege geitestammen.

På Sandsøya i Sande har det vore mange gardar med geit. Her var geitene tammare enn på Skorpa m.a. fordi det var vanleg å fora dei inne om natta vinters tid, og kjea vart også haldne i hus den første tida. Midt på 50-talet opphørde drifta. Nokre få av dei villaste vart aldri fanga, og gjekk att kring Dollsteinen. Rundt 1970 var det knapt 20 dyr, seinare har det vore under 10 dyr etter ein snøvinter på 70-talet, no er talet 35-40 dyr. Det har spalta seg ut ein bukkeflokk som no held til mykje på nordsida. Det hender at geitene kjem inn i hagane til folk, og dei er derfor ikkje berre populære.

*Det er ikkje kjent at geita på Sandsøya er oppblanda med mjølkegeit, dette er truleg den mest oppinnelege stammen av utegangargeit i fylket. Slik sett kan denne stammen ha nasjonal verdi som ein genetisk ressurs.*

## Utbreiing

Nedanfor har vi prøvd å laga ei førebels oversikt over lokalitetar i fylket med bestandar av utegangarsau og/eller utegangargeit.

Tabell 2. Førebels og ufullstendig oversikt over bestandar av utegangarsau og utegangargeit i Møre og Romsdal.

Kommune	Lokalitet	Kommentar
Aukra	Engholman	Utegangarsau, utsett 1995, 9 dyr vinteren 1996/97, samband med museumsprosjekt på Løvikremma
Aure	Herringsøya	Utegangarsau
Averøy	Håholmen	Utegangarsau, 10 dyr frå Haverøya (Smøla) på 90-talet
Haram	Fjørtoft	Utegangarsau, 20 dyr frå Haverøya (Smøla) utsett 1997
Herøy	Bonestokksund	Utegangarsau
Herøy	Herøy gard	Utegangarsau
Herøy	Kriksholmen	Utegangarsau
Herøy	Måløya	Utegangarsau frå 1998
Herøy	Runde	Utegangarsau, to buskapar, den eine dels kryssingsdyr
Herøy	Skorpa	Utegangargeit, gammel stamme nemnt i skriftlege kjelder på 1700-talet, 35-50 dyr, litt oppblanda frå utslepp av 15 mjølkegeit på 1970-talet
Herøy	Storøya v/Tjørvåg	Utegangarsau
Molde	Hjertøya	Utegangarsau, 7 sauar sett ut som skjøtselstiltak 16.06.1997
Rauma	Isfjorden	Utegangarsau
Sande	Riste	Utegangarsau. 1991 sett ut 12 utegangarsauer, auka til 98 vinteren 1998/99. 1972 utsett ca. 6 mjølkegeit, sist på 80-talet sleppt nokre fleire og dels fanga, i 1998 vart dei attlevande skotne; planer om utsetting av utegangargeit frå Sandsøya
Sande	Sandshamn-Våge	Utegangargeit av oppinneleg stamme, ca. 35-40 dyr

Kommune	Lokalitet	Kommentar
Sandøy	Uksnøya	Utegangarsau, utsett 13 søyer og 3 verar frå Haverøya (Smøla) 04.10.1993. Hausten 1996: 81 dyr, målsetting ca. 200 dyr, totalt ca. 900 dekar, prosjekt for å avgrensa beiteskader av grågås
Skodje	Glomset	Utegangarsau
Smøla	Haverøya	Utegangarsau, 10 dyr frå Tarva (Sør-Trøndelag) utsett 1980, auka til ca. 100 og ned att til ca. 60 vinterdyr på 600 dekar, truleg høveleg dyretal
Smøla	Hestøya v/Leirvika	Utegangarsau, frå ca. 1990, 9 verar hausten 1997
Smøla	Hoøya og Olderøya	Utegangarsau, få dyr
Smøla	Jøa	Utegangarsau, > 30 dyr
Smøla	Lauvøya	Utegangarsau, ca. 20 dyr vinteren 1996/97
Smøla	Litl-Haverøya	Utegangarsau, ca. 10 dyr frå ca. 1987, ikkje alle åra
Smøla	Rosvollområdet	Utegangarsau
Smøla	holme v/Straumen	Utegangarsau
Smøla	Tranøya	Utegangarsau
Smøla	Åstøya	Utegangarsau, utsett ca 1992, relativt få
Surnadal	Torvik	Utegangarsau
Sykylven	2 buskapar	Utegangarsau
Tingvoll	Aspøya	Utegangarsau
Tingvoll	Straumsnes	Utegangarsau
Tustna	Kråkøya	Utegangarsau
Ulstein	Eiksund	Utegangarsau, få dyr
Ulstein	Hasund	Utegangarsau
Ulstein	Hatløya	Utegangarsau
Vestnes	Feøya	Utegangarsau, drifta opphørt 1998 pga mangel på lyng

Bestanden av utegangarsau på Sunnmøre er no truleg rundt 1000 dyr (kjelde J. Korsnes). I tillegg finst mange hundre i resten av fylket, særleg Smøla. Truleg utgjer dette eit av håpa for kystkulturlandskapet framover.

# **STYVINGSTRE - VIKTIGE FOR DET BIOLOGISKE MANGFALDET**

## ***Gammal förbergingsmåte***

Lauving, rising og risping av tre er ein av dei eldste fórbergingsmetodane som har vore i bruk i vår del av verda (Austad m.fl. 1993, Slotte & Göransson 1996). Haustinga er arbeidskrevande, men enkel, og gjev næringsrikt fór som husdyra set stor pris på. Saman med beite eller slått gjev dette samstundes høve til å nytta marka si produksjonsevne godt. Ein vanleg haustingsteknikk var å kutta av unge, høvelege tre opp til 12-15 meter oppe på stammen (Austad m.fl. 1993), men vanlegvis ein del lågare. Deretter blir grainene som skyt ut av stammen kappa av med nokre års mellomrom (lauving). Dette gir etter kvart grove, korte trestammar med mange unge skot i toppen - såkalla styvingstre, lokalt i Møre og Romsdal også kalla pilar.

Dei fleste viltvaksende treslag har vore brukt som styvingstre i Norge, men næringsverdien varierer ein del og enkelte artar har vore vesentleg meir populære enn andre (Austad m.fl. 1993, Ropeid 1960). Alm har vore mykje brukt, ikkje berre til dyrefór, men også til menneskeføde (til «borkebrød» m.m.) (Ropeid 1960). Almen vart difor også kalla «Nordens Brødfrugtræ» (Landmark 1863 sitert i Ropeid 1960). Styvingstradisjonen har gradvis opphørt, men i Møre og Romsdal har han halde seg lengst for alma, og det er styva almetre (almepilar) som vanlegast å finna mange stader her i fylket. Ein kan og finna styvingstre av selje, rogn og andre lauvtreslag.

Lauv blir framleis bruka som husdyrför i mange land i våre dagar. I Europa har likevel bruken gått sterkt attende i nyare tid (Emanuelsson 1996), og Norge er eit av dei landa som har att flest styvingstre i Nord- og Vest-Europa. Spesielt på Vestlandet er styvingstre enda eit vanleg syn i mange dalføre og fjorddier, medan dei er sjeldsynt på Austlandet. Noverande utbreiing av styvingstre i Møre og Romsdal er lite kjent, men vi har nok att vesentleg færre enn i fylka lenger sør på Vestlandet. Likevel står det spreidde tre framleis i mange kommuner.

## ***Styvingstre tek til å bli uvanlege***

Truleg er det kommunane i indre fjordstrøk som har att dei fleste almepilane i Møre og Romsdal, som Sunndal, Nesset og indre strok av Sunnmøre. I midtre og ytre fjordstrøk er førekomensten meir sparsam, men velutvikla bestandar finst også her, t.d. i Tingvoll. Ute på kysten har derimot avskoginga vore så sterk at styvingstre er mangelvare. Vi kjenner t.d. ikke til nokon på Smøla, i ytre delar av Romsdalen eller på ytre Sunnmøre.

Styvingstrea har hittil vore ein lite påakta del av kulturlandskapet, i motsetnad til bygningsmasse, kulturminne og dei gamle, artsrike engene. Dei fortener likevel å plasserast saman med dei andre kvalitetane i til det tradisjonelle kulturlandskapet, både ut fra kulturhistorie, estetikk og biologisk verdi.

## **Styvingstre har mange spesialiserte arter**

Styvingstre har ofte stor biologisk verdi fordi dei er eit ledd i ein langvarig, kontinuerlig bruk. Gamle tre er viktig i landskap som i perioder har vore intensivt utnytta og der slike element ellers har vore sjeldsynte eller mangla helt. Verdien auker ytterlegare fordi styva tre vanlegvis blir eldre enn under naturlege tilhøve. Dei får også ofte småskader, holrom m.m. som skaper eit variert mikromiljø til glede for mange arter, og dei veks vanlegvis i eit lysope landskap, noko som er viktig for mange arter.

Det biologiske mangfaldet knytta til almepilar er mangelfullt kjent i Møre og Romsdal. Sannsynligvis lever det ein del spesielle og kanskje truga insektarter på eller inne i slike tre, og også ein del kravfulle mosearter trivst gjerne på dei. I tillegg er dei høvelege tilhaldsstader for ein del virvelldyr, som kattugle, flaggermus og mår. I Eikesdalen er det kjent at mange fuglearter som krev innhole tre hekkar i almepilar, også større arter som laksand. Best undersøkt er sopp og lavfloraen, og nedanfor er kjente, interessante arter innen desse to gruppene lista opp.

*Tabell 3. Kjende vedboande sopp og lav som har sin einaste («X») eller ein viktig del av vekseplassane på grove almetre i Møre og Romsdal. Raudlistestatus og kjend utbreiing er også oppgjeve.*

K            aktuell for komande raudliste for skorpelav  
 V+          hensynskrevande  
 X          sterkt knytt til gamle, grove styva almer (spes.=spesialiseringgrad)

Norsk namn	Latinsk namn	Kat.	Spes.	Kjend utbreiing i fylket
<b>Sopp</b>				
Skrukkeøre	<i>Auricularia mesentrica</i>		X	Nordmøre, Nesset
Narrepiggssopp	<i>Kavinia himantia</i>	V+	X	Nordmøre, Nesset
Vedkorallsopp	<i>Lentaria soluta</i>	V+	X	Surnadal
Rustkjuke	<i>Phellinus ferruginosus</i>	V+		Truleg spreidd i heile fylket
Skjellkjuke	<i>Polyporus squamosus</i>		X	Nesset, Surnadal
<b>Lav</b>				
-	<i>Biatorella monasteriensis</i>	K	X	Nesset
Dverggullnål	<i>Chaenotheca brachypoda</i>			Truleg spreidd i heile fylket
Vortenål	<i>Chaenotheca chlorella</i>			Nordmøre
Kvithodenål	<i>Chaenotheca gracilenta</i>	K		Truleg spreidd i heile fylket
-	<i>Gyalecta geoica</i>		X	Aure, Surnadal
-	<i>Gyalecta flotowii</i>	K	X	Surnadal, Tingvoll, Sunndal, Sula
Almelav	<i>Gyalecta ulmi</i>		X	Truleg spreidd i midtre og indre delar av fylket
Skorpefiltlav	<i>Pannaria ignobilis</i>	V+		Truleg spreidd i midtre og ytre delar av fylket
Blådoggnål	<i>Sclerophora farinacea</i>	K	X	Surnadal, Sunndal, Nesset
Blekdoggnål	<i>Sclerophora nivea</i>		X	Truleg spreidd i midtre og indre delar av fylket
Kystdoggnål	<i>Sclerophora peronella</i>	K		Truleg spreidd i heile fylket

## ***Styvingstradisjonen bør ikkje døy ut***

Styvingstre og artsmangfaldet som er knytt til dei er no på sterk retur i Møre og Romsdal. Dette har fleire årsakar:

- dei blir normalt ikkje styva lenger, noko som gir for stor krone og fare for nedblåsing
- det gror att med kratt og høge urter rundt trea, noko som er negativt for spesialiserte artar av m. a. lav
- nokre stader er det planta til med gran under trea
- fortsatt blir styvingstre i sjeldsynte høve hogd ned
- det blir ikkje lenger (eller svært sjeldan) laga nye styvingstre

Størst biologisk interesse knyter seg til styvingstre av alm. Desse er i tillegg truga av at hjorten gneg av borken på trea og har alt skada eller drepe ein stor del av dei trea som er mindre enn 40 cm i stammediameter. Det er derfor dårlig rekruttering av alm i fylket. Det er no truleg berre nokre få stader i fylket, m. a. i Eikesdalen i Nesset at tradisjonen med styving blir halden ved like her i fylket. Om ikkje noko blir gjort med denne utviklinga, vil derfor almepilane stort sett vere borte frå fylket i løpet av nokre ti-år. Med dei forsvinn samtidig eit av dei viktigaste levande kulturspora vi har og mange sjeldsynte og truga artar.

# PLANTER, VEGETASJON OG SOPP

## Resultatoversikt

Innsamla rådata er nokså omfattande, og derfor presenterte i vedlegg attast i rapporten:

- Vedlegg 1 inneholder ei oversikt over ein del geografiske nøkkeldata for dei lokalitetane som er undersøkte i 1997-98: kommune, namn, dato(ar) for besøk, kartblad (M711-serien, 1:50000), UTM-koordinatar (WGS84 for alle lokalitetar), høgde over havet, vegetasjonsseksjon, vegetasjonssone og landskapsregion (sjå forklaring på dei tre siste i metodekapitlet).
- Vedlegg 2 inneholder lister over planter på kvar lokalitet, sortert alfabetisk på kommunenamn og deretter på lokalitetsnamn
- Vedlegg 3 inneholder ruteanalyser
- Vedlegg 4 inneholder lister over sopfunn, sortert alfabetisk på kommunenamn og deretter på lokalitetsnamn

Ein del bearbeidde nøkkeldata som er viktige for verdsetting av lokalitetane er presenterte på dei komande sidene. Dette gjeld følgjande tabellar:

- Tabell 4 viser alle lokalitetane sorterte kommunevis med talet på plante- og soppartar, truga artar, sidetal og verdivurdering
- Tabell 5 viser dei mest artsrike lokalitetane når det gjeld beitemarkssopp
- Tabell 6 viser dei mest artsrike lokalitetane når det gjeld naturengplanter

### ***Lokalitetsoversikt med tal på planteartar, soppartar, raudlisteartar og verdi***

Lister over planteartar og soppartar er som nemnt samla lokalitetsvis i vedlegg 2 og 4 attast i rapporten. Kva artar som reknast som beitemarkssopp går fram av tabell 1 i metodekapitlet, medan oversikt over naturengplanter og seterplanter finst hos Jordal & Gaarder (1997). På dei neste sidene er det presentert ei oversikt over talet på artar i dei ulike kategoriane, maskinelt summert, og sortert alfabetisk etter kommune- og lokalitetsnamn. For oversikta er det også tatt med sidetal og verdivurdering for kvar lokalitet.

*Tabell 4. Oppsummering av ein del biologiske data for lokalitetar undersøkte i 1997-98 med sidetal og verdivurdering. For lokalitetar som også er undersøkt tidlegare omfattar resultata alt som er kjent frå lokaliteten, ikkje berre det som er funne i 1997-98. Lokalitetane er sorterte alfabetisk etter kommune og lokalitetsnamn.*

Forklaring på forkortinger:

<i>pl</i>	<i>talet på planteartar totalt</i>	<i>Raudlista sopp: talet på soppartar i ulike raudlistekategoriar (Bendiksen m. fl. 1998)</i>
<i>npl</i>	<i>talet på naturengplanter (sjå Jordal &amp; Gaarder 1997)</i>	<i>E direkte truga artar</i>
<i>spl</i>	<i>talet på seterplanter (sjå Jordal &amp; Gaarder 1997)</i>	<i>V sårbare artar</i>
<i>gms</i>	<i>totaltalet av soppartar i grasmark</i>	<i>R sjeldne artar</i>
<i>bms</i>	<i>talet artar av beitemarkssopp (sjå tabell 1)</i>	<i>V+ hensynskrevande artar</i>
		<i>Verdi-vurdering:</i>
<i>pbms</i>	<i>talet på artspoeng for beitemarkssopp (sjå tabell 1)</i>	<i>1 nasjonal verdi</i>
		<i>2 regional verdi</i>
<i>vs</i>	<i>talet på vokssoppartar</i>	<i>3 lokal verdi</i>
		<i>4 liten verdi</i>

Side	Kommune	Lok-namn	Tal planteartar				Tal soppartar				Raudlista soppartar				Verdi
			pl	npl	spl	npl +spl	gms	bms	pbms	vs	E	V	R	V+	
20	Aure	Ertvågøya: Oldervik	-	-	-	-	9	9	13	5				2	3
20	Aure	Ertvågøya: Olsvik	-	-	-	-	3	3	11	1	1				3
21	Giske	Alnes vest	59	16	1	17	48	34	77	19	4			7	1
21	Giske	Alnes aust	-	-	-	-	32	24	51	16	2			6	1
21	Giske	Vigra: Molnes	21	19	0	19	41	41	93	21	5	2	7	1	
22	Herøy	Flusundet	52	17	3	20	30	20	48	16	1	2		3	2
22	Herøy	Gurskøya: V for Tarberg	38	12	1	13	41	26	53	18	1	2		2	2
	Herøy	Nerlandsøy: Myraneset	52	11	1	12	41	23	42	11	1			6	2
22	Herøy	Nerlandsøy: Mulevika	62	23	3	26	88	58	143	25	1	5	3	13	1
23	Herøy	Nerlandsøy: Verpingsneset	55	16	1	17	8	6	9	2		1	2		2
23	Herøy	Petterholmen	40	7	0	7	15	6	7	3				3	
25	Molde	Fuglset	-	16	0	16	9	9	12	7	1			3	
26	Molde	Sekken: Seterneset v.ferjekaia	-	-	-	-	6	5	7	5				3	
25	Molde	Sekken: Skovik	65	15	0	15	10	4	15	3	1	1	1		2
26	Molde	Sekken: Vedalshaug	-	-	-	-	6	5	6	5				3	
	Molde	Sekken: Vestastranda	-	-	-	-	4	4	6	3				1	3
26	Molde	Veøya	50	5	0	5	12	8	10	7				1	2
35	Norddal	Dyrdalen: Innsetsetra	60	8	4	12	1	0	0	0				3	
35	Norddal	Dyrdalen: Rellingsetra	78	16	6	22	18	9	11	7				1	2
36	Norddal	Eidsdal: Kilstisetra	63	15	4	19	24	12	19	7		1	4	2	
36	Norddal	Eidsdal: Storhellesetra	39	3	2	5	1	0	0	0				2/3	
35	Norddal	Eidsdal: Toresetra (Hjellesetra)	49	6	2	8	28	19	28	12	1		3	2	
36	Norddal	Eidsdal: Veibergsetra	54	9	2	11	0	0	0	0				3	
30	Norddal	Fjørå: Nedstestølen	76	18	2	20	0	0	0	0				2	
30	Norddal	Fjørå: Nysetra	61	13	5	18	0	0	0	0				3	
34	Norddal	Herdalen: Kaldskardsetra	72	6	6	12	0	0	0	0				3	
28	Norddal	Linge: Hogsetdalen	77	10	10	20	1	0	0	0				3	
29	Norddal	Linge: Klovesetra	69	15	4	19	1	1	1	1				2/3	
29	Norddal	Norddalsfjorden: Osvik	34	6	0	6	0	0	0	0				2/3	
37	Norddal	Norddalsfjorden: Skrenakken	48	10	1	11	16	9	13	6				2	3
38	Norddal	Norddalsfjorden: Verpedal	45	9	0	9	0	0	0	0				3	
37	Norddal	Norddalsfjorden: Verpesdalssetra	43	9	3	12	16	9	12	5				1	3
33	Norddal	Tafjord: Kaldhusstølen	63	6	4	10	0	0	0	0				3	
34	Norddal	Tafjord: Kaldhussetra	108	15	5	20	0	0	0	0				3	
33	Norddal	Tafjord: Øyna	-	-	-	-	13	13	16	9		1	1	2	
33	Norddal	Tafjord: nedanfor Øyna	-	-	-	-	9	9	21	7	2		1	2	
34	Norddal	Tafjord: Rødalssetra	72	13	5	18	2	1	1	0				3	
30	Norddal	Tafjorden: Heggurda	78	13	10	23	0	0	0	0				3	
31	Norddal	Tafjorden: Kastesetra	72	11	3	14	5	3	3	2				3	
31	Norddal	Tafjorden: Kastet	78	10	1	11	3	1	4	1	1			2/3	
32	Norddal	Tafjorden: Korsnes	61	10	1	11	0	0	0	0				2/3	
32	Norddal	Tafjorden: Korsneslia	64	11	2	13	3	1	1	0				3	
28	Norddal	Valldal: Slettvikane	34	3	8	11	1	0	0	0				4	

Side	Kommune	Lok-namn	Tal plantertar				Tal soppartar				Raudlista soppartar				Verdi
			pl	npl	spl	npl +spl	gms	bms	pbms	vs	E	V	R	V+	
28	Norddal	Valldal: Steindalsstølen	82	12	8	20	0	0	0	0					3
42	Rauma	Brøstdalen: Alnesstølen	32	12	3	15	5	2	2	2					3
42	Rauma	Brøstdalen: Furuholen	56	13	3	16	13	5	5	1					3
42	Rauma	Brøstdalen: Staksenga	57	13	5	18	0	0	0	0					3
39	Rauma	Innfjorden: Berillstølen	52	13	3	16	13	7	11	5	1	1	1	2	
39	Rauma	Innfjorden: Bøstølen	69	12	4	16	27	10	11	5					2
39	Rauma	Innfjorden: NØ for Demdal	40	5	0	5	17	12	13	5					1
40	Rauma	Innfjorden: Røsta	68	12	3	15	18	5	6	3					3
39	Rauma	Innfjorden: Tortekeila (Demdral)	59	10	0	10	0	0	0	0					3
	Rauma	Skrokkensetra	45	10	1	11	20	8	8	5					3
43	Rauma	Ulvådalen: Trollstølen	42	6	8	14	3	0	0	0					3
43	Rauma	Ulvådalen: Tunga	50	8	4	12	1	0	0	0					3
43	Rauma	Ulvådalen: Vakkerstølsletta	21	2	5	7	0	0	0	0					3
41	Rauma	Verma: Evensetra	41	6	2	8	3	1	1	0					3
40	Rauma	Verma: Månasetra	60	15	2	17	4	0	0	0					3
40	Rauma	Verma: Slettafjellsetrane	37	7	4	11	14	8	11	4					1
40	Rauma	Verma: Slettalia	56	7	1	8	17	10	19	2					1
41	Rauma	Verma: Stavemstølen	54	15	4	19	5	2	2	2					2/3
42	Rauma	Verma: Sæterstølen	42	11	4	15	0	0	0	0					3
44	Rauma	Øvre Romsdal: Kyllingsetra	63	15	2	17	2	0	0	0					3
44	Rauma	Øvre Romsdal: Rødstølsetra	48	16	2	18	11	2	2	0					2/3
46	Rindal	Bolmesetrane	69	6	4	10	5	1	1	1					3
45	Rindal	Folldalen: Aunebakksetra	68	7	3	10	0	0	0	0					3
45	Rindal	Folldalen: Aunesetra	63	9	3	12	8	2	2	1					3
48	Rindal	Fosstdalen: Gammelhøyloslettet	78	11	7	18	11	5	5	2					2
49	Rindal	Fosstdalen: Møkkelgardsetra (aust)	40	7	3	10	3	1	1	0					3
48	Rindal	Svartådalen: Kjellandsetra/Bruholtsetra	47	7	3	10	0	0	0	0					3
48	Rindal	Svartådalen: Reitåssetra/Myrensetra	39	4	5	9	0	0	0	0					3
48	Rindal	Svartådalen: Åssetra	41	6	4	10	0	0	0	0					3
49	Rindal	Ljósådalen: Bendiksetra	54	9	2	11	0	0	0	0					3
49	Rindal	Ljósådalen: Møkkelgardsetra NV/Sjølvollsetra	61	12	4	16	0	0	0	0					3
50	Rindal	Ljósådalen: Neverøyane	52	8	6	14	0	0	0	0					3
50	Rindal	Ljósådalen: Vardskardsetra	72	11	5	16	0	0	0	0					3
47	Rindal	Rinna: Helgetunsetra	77	11	7	18	1	0	0	0					3
47	Rindal	Rinna: Løsetsetra	46	8	5	13	0	0	0	0					3
47	Rindal	Rinna: Storlisetra/Stomprødsetra	61	9	7	16	1	0	0	0					3
46	Rindal	Trøllhøtta: Dørgesetra	40	3	5	8	0	0	0	0					3
46	Rindal	Trøllhøtta: Helgetunsetra-Negardssetra	53	4	6	10	0	0	0	0					3
51	Sandøy	Ona/Husøy	122	15	0	15	9	9	12	7					3
51	Sandøy	Sandøy: Storsanden	53	10	0	10	1	1	1	0					2
52	Sandøy	Sandøya: ved Sandøy kyrkje	30	9	0	9	14	13	24	7					3
53	Skodje	Fylling: Nedreli	40	16	0	16	54	34	83	19	2	4	1	4	1
57	Smøla	(Vestre) Krongelholmen	39	9	0	9	18	4	6	4					3
55	Smøla	Beitemarker v/Vikan	19	4	0	4	9	3	3	2					3
55	Smøla	Beiter v/Brattvær kyrkje	46	8	0	8	35	19	32	13	1	1	2	2	
54	Smøla	Elvegarden	97	29	4	33	33	23	38	10					2
56	Smøla	Innerremmingen	54	9	0	9	20	3	7	2					3
55	Smøla	Kjeøya	62	14	0	14	6	0	0	0					3
56	Smøla	Leirvika: Hestøya	80	16	0	16	26	11	21	4	1	1	1	2	
57	Smøla	Leirvika: Nordre Vikjelsholmen	39	5	0	5	5	1	1	0					3
57	Smøla	Leirvika: Vikjelsøya (Fugløya)	70	22	0	22	38	19	37	13	2	3	½		
55	Smøla	Monsøya	35	8	0	8	11	1	1	0					3
54	Smøla	Skomsøya	26	5	0	5	7	5	4	3					3
56	Smøla	Store Føllingen	42	8	0	8	4	0	0	0					3
56	Smøla	Åstøya	55	8	0	8	13	2	2	1					3
	Sunndal	Almskåra	122	16	1	17	0	0	0	0					3
58	Sunndal	Fjellgardane: Sveen gard	52	17	0	17	7	1	1	1					2

Side	Kommune	Lok-namn	Tal planteartar				Tal soppartar				Raudlista soppartar				Verdi
			pl	npl	spl	npl +spl	gms	bms	pbms	vs	E	V	R	V+	
58	Sunndal	Grøvudalen: Bukta	99	14	22	36	4	2	3	2				1	1/2
58	Sunndal	Grøvudalen: Gammelsetra	128	20	35	55	46	23	28	11		1	2	1	
58	Sunndal	Grøvudalen: Hallen	50	12	10	22	13	8	12	3				1	2
58	Sunndal	Grøvudalen: Nysetra	102	16	29	45	19	11	14	5				1	1/2
	Sunndal	Jordalsgrend: Skrødalssetra	38	7	1	8	30	13	16	5				2	3
	Sunndal	Jordalsgrend: Jordalsvøttu	53	15	0	15	59	37	72	19	1	3	1	5	2
	Sunndal	Jordalsgrend: Jordalsøra	58	17	1	18	81	50	98	20	1	2	2	12	1
59	Surnadal	Folldalen: Børsetsetra	59	9	4	13	4	1	1	1					3
59	Surnadal	Øvstbødalen: Mellingan	-	-	-	-	5	5	6	4					3
60	Surnadal	Nordmarka: Austergardsssetra	68	16	5	21	24	14	28	7	1	1		2	2
60	Surnadal	Nordmarka: aust for Austergarden	-	-	-	-	9	5	12	2		1			2
61	Tingvoll	Aspøya: Aspa	-	-	-	-	4	4	4	3					3
61	Tingvoll	Aspøya: Boksaspneset	35	6	0	6	2	2	2	2					3
61	Tingvoll	Eikrem: Skarahaugen	-	-	-	-	8	7	8	4					3
62	Tingvoll	Eikrem: Strupneset	37	10	0	10	7	2	2	0					3
61	Tingvoll	Gyl: Bergem: Hamran	-	-	-	-	30	19	30	15	2		2	2	2
62	Tingvoll	Straumsnes: Nålsund	-	-	-	-	15	14	35	12	1	1		4	2
	Tingvoll	Tingvollvågen: gml. plen	12	11	0	11	15	12	23	5		1		3	2
62	Tingvoll	Tingvollvågen: Koksvik	14	13	0	13	27	21	33	12		1	3	3	
62	Tingvoll	Tingvollvågen: Sørgarden	-	-	-	-	10	10	13	8			1	3	
63	Tingvoll	Tingvollvågen: Saltkjelen	31	15	0	15	63	48	85	22	3			11	1/2
63	Tingvoll	Tingvollvågen: Tingvoll gard	-	-	-	-	20	20	48	11	1	3		4	2
63	Tingvoll	Tingvollvågen: Tingvoll-lia	-	-	-	-	47	32	56	20	3	1	5	2	
64	Tingvoll	Tingvollvågen: Øygardsneset	-	-	-	-	7	7	14	4	1		2	3	
	Tustna	Ringholmen	32	3	0	3	0	0	0	0					3
65	Vestnes	Feøya	36	5	1	6	31	14	20	8		1	1	2	
66	Vestnes	Flatevågen: Svingeilen m.m.	-	-	-	-	0	0	0	0					2
67	Vestnes	Gjellsteinsetra	47	9	0	9	2	1	1	0					3
69	Vestnes	Kjersemsetra (Vagsvikfjellet)	75	12	7	19	0	0	0	0					3
66	Vestnes	Lervåg, ved nausta	42	7	0	7	0	0	0	0					3
69	Vestnes	Løvika: Krikken	72	21	1	22	25	20	37	10	3		5	1/2	
71	Vestnes	(Nedste) Skjegstadsetra	45	12	0	12	0	0	0	0					3
71	Vestnes	Olasætra (Øvste Skjegstadsetra)	40	10	0	10	0	0	0	0					3
67	Vestnes	Rekdalsetra	56	11	0	11	2	0	0	0					3
70	Vestnes	Sakselia	82	23	2	25	22	11	20	7	1		2	2	
68	Vestnes	Skorgedalen: Bakkesetra	52	13	1	14	4	0	0	0					3
68	Vestnes	Skorgedalen: Bøsetra m.m.	37	6	0	6	8	4	5	3				1	3
68	Vestnes	Skorgedalen: v. for Ellingsgarden	-	1	-	1	0	0	0	0					3
68	Vestnes	Ura	56	9	0	9	1	0	0	0					3
70	Vestnes	Villasætra	49	12	0	12	1	0	0	0					3
72	Ålesund	Magerholm	4	4	0	4	18	18	28	12				5	3
72	Ålesund	Ratvikvatnet	-	-	-	-	26	26	50	15	2	1		3	1/2

Tabellen ovafor inneholder data fra 144 lokalitetar besøkte i 1997-98. I tillegg inneholder lokalitetsomtalen seinare i rapporten 4-5 lokalitetar med andre kvalitetar, t. d. med styringstre o. a.

Sidan vi legg ein god del vekt på talet av naturengplanter og artspoeng for beitemarkssopp, vil vi på dei neste sidene presentera lokalitetane etter avtakande tal artspoeng for beitemarkssopp og avtakande tal naturengplanter. Dette er gjort utan å ta omsyn til at arealet på lokalitetane er ulikt, og utan å ta omsyn til at lokalitetane ikkje er undersøkt like grundig. For oversikta si skuld er alle undersøkte lokalitetar i fylket frå 1992 til 1998 tekne med i oversiktene som følgjer. Vi har berre teke med lokalitetar med minst 15 artspoeng for beitemarkssopp, eller med minst 12 naturengplanter.

Tabell 5. Oversikt over lokalitetar undersøkte i Møre og Romsdal 1992-98 sorterte etter avtakande tal artspoeng for beitemarkssopp. Berre lokalitetar med meir enn 15 artspoeng er tekne med.

pbms talet på artspoeng for beitemarkssopp (tabell 1)  
 gms talet på artar av grasmarkssopp (vedlegg 5)  
 bms talet på artar av beitemarkssopp (tabell 1)  
 vs talet på vokssoppartar (slektene *Hygrocybe* og *Camarophyllospis*)

Kommune	Lokalitetsnamn	pbms	gms	bms	vs	Kommune	Lokalitetsnamn	pbms	gms	bms	vs
Herøy	Nerlandsøy: Mulevika	143	88	59	25	Tingvoll	Gyl: Bergem: Hamran	30	30	19	15
Sunndal	Jordalsøra	98	81	50	20	Smøla	Furøya v. Rosvoll	29	22	15	14
Giske	Molnes, Vigra	93	41	41	21	Sunndal	Vangan	29	36	22	9
Tingvoll	Tingvoll gard: Saltkjelen	85	63	48	22	Sande	Gjønes	29	23	16	10
Skodje	Fylling: Nedreli	83	54	34	19	Surnadal	Austergardssetra	28	24	14	7
Giske	Alnes vest	77	48	34	19	Sandøy	Easteinen	28	31	18	10
Sunndal	Jordalsvøttu	72	59	37	19	Norddal	Eidsdal: Toresetra (Hjellesetra)	28	28	19	12
Sande	N. f. Sandshamn	71	37	28	16	Molde	Hjertøya	28	32	24	12
Sande	Riste	70	50	32	22	Sunndal	Grøvudalen: Gammelsetra	28	46	23	11
Smøla	Jøa, NV for gardene	64	47	29	17	Averøy	Sør-Ramsøya	28	35	19	11
Norddal	Herdalen: Botnen	59	44	33	16	Ålesund	Magerholm	28	18	18	12
Sande	Ulandsvika	58	39	28	15	Norddal	Valldal: Valldalssetra	26	21	15	10
Tingvoll	Tingvollvågen: Tingvoll-lia	56	47	32	20	Halsa	Innergarden	26	22	13	9
Hareid	Kvitnes	54	50	35	15	Averøy	Vågsholmen	25	30	19	11
Herøy	Gurskøya: V for Tarberg	53	41	26	18	Herøy	Gurskøya: v. for Løset	24	22	14	12
Fræna	Skutholmen	52	45	25	14	Sandøy	Sandøya: ved Sandøy kyrkje	24	14	13	7
Giske	Alnes øst	51	32	24	16	Smøla	Blåsvær	24	27	18	12
Ålesund	Ratvikvatnet	50	26	26	15	Haram	Kvernholmsundet	23	17	15	10
Sandøy	Seterøya	49	45	28	15	Tingvoll	Tingvollvågen: gml. plen	23	15	12	5
Tingvoll	Tingvollvågen: Tingvoll gard	48	20	20	11	Smøla	Hestøya	23	30	16	10
Herøy	Flusundet	48	30	20	16	Aure	Husfest	23	29	12	11
Smøla	Haverøya	45	33	22	16	Vanylven	Bøstranda	22	22	12	8
Smøla	V. Kulihaugen	44	42	25	16	Aukra	Røyrvika	21	24	13	7
Herøy	Myraneset	42	41	23	11	Norddal	Tafjord: nedenfor Øyna	21	9	9	7
Haram	Halseberga	41	34	21	15	Smøla	Lauvøya	21	30	16	13
Averøy	Litj-Lauvøya	39	39	23	13	Smøla	Leirvik: Hestøya	21	26	11	4
Smøla	Elvegarden	38	33	23	10	Rauma	Innfjorden: NØ for Demdal	20	26	19	8
Gjemnes	Gagnat	37	49	25	14	Smøla	Kuli: Breidvik	20	22	12	11
Vestnes	Løvika: Kriken	37	25	20	10	Vestnes	Feøya	20	31	14	8
Smøla	Leirvika: Vikjelsøya (Fugløya)	37	38	19	13	Midsund	Tautra V	20	23	15	9
Sandøy	Uksnøya	36	26	17	9	Vestnes	Sakselia	20	22	11	7
Tingvoll	Straumsnes: Nålsund	35	15	14	12	Rauma	Verma: Slettalia	19	17	10	2
Stordal	Ytste Skotet	34	35	22	8	Norddal	Eidsdal: Kilstisetra	19	24	12	7
Smøla	Kuli: Rønningan	33	23	15	11	Sykylven	Grepstadstølen	19	20	12	9
Rauma	Remmem	33	40	25	10	Herøy	Skorpa	18	19	10	7
Tingvoll	Tingvollvågen: Koksvik	33	27	21	12	Sande	Skare	18	24	16	11
Herøy	Goksøyr	33	34	20	12	Sande	Holstøa	18	14	11	7
Haram	Sandvika	32	31	16	6	Sula	Nøringset: Nymark	17	20	14	11
Smøla	Beiter v/Brattvær kyrkje	32	35	19	13	Sandøy	Kvaloya	17	16	9	5
Smøla	Glassøya	32	36	19	15	Eide	Mjølkstølen	16	18	12	8
Smøla	Svinøya	31	36	19	16	Sunndal	Gravem	16	11	11	4
Smøla	Arnøya	31	31	18	12	Norddal	Tafjord: Øyna	16	13	13	9
Smøla	Store Svelunn	30	32	19	13	Surnadal	Erkgarden	16	25	13	9
Norddal	Indreidisdalen	30	31	19	13	Sunndal	Jordalsgrend: Skrødalssetra	16	30	13	5

Med i tabell 5 er 90 lokalitetar med meir enn 15 artspoeng for beitemarkssopp. Av desse har 17 lokalitetar meir enn 50 artspoeng, 11 lokalitetar har meir enn 30 artar av beitemarkssopp, og 18 av lokalitetane har meir enn 15 artar av vokssopp. Desse er topplokalitetar ikkje berre lokalt, men kan måla seg med dei mest artsrike som er rapporterte i Sverige, Danmark og Nederland.

Tabell 6. Oversikt over lokalitetar undersøkte i Møre og Romsdal 1992-98 sorterte etter avtakande tal naturengplanter. Berre lokalitetar med minst 15 artar av naturengplanter er tekne med.

pl talet på planteartar totalt

npl talet på naturengplanter (liste: Jordal & Gaarder 1997)

spl talet på seterplanter (liste: Jordal & Gaarder 1997)

Kommune	Lok-namn	pl	npl	spl	npl +spl	Kommune	Lok-namn	pl	npl	spl	npl +spl
Sande	Riste	109	29	1	30	Sunndal	Almskåra	121	16	1	17
Smøla	Elvegarden	97	29	4	33	Surnadal	Nordmarka: Austergården	68	16	5	21
Smøla	v. Kulihaugen	79	27	1	28	Smøla	Leirvik: Hestøya	80	16	0	16
Vestnes	Sakselia	82	23	2	25	Sula	Sulabakken	46	16	1	17
Smøla	Skjølberg	100	22	4	26	Sunndal	Grøvudalen: Nysetra	102	16	29	45
Smøla	Leirvik: Vikjelsøya	70	22	0	22	Vanylven	Bøstranda i Syltefjorden	52	16	1	17
Herøy	Nerlandsøy: Mulevika	61	22	3	25	Ulstein	Dimnasund	43	16	1	17
Vestnes	Løvika: Kriken	72	21	1	22	Sunndal	Grøvudalen: Myrasætra	73	16	12	28
Halsa	Innergården	68	20	0	20	Sunndal	Grøvudalen: Flysetra	105	16	26	42
Smøla	Jøa, n.f. gardene	39	20	1	21	Syklyven	S for Årsetsetra	41	16	2	18
Sunndal	Grøvudalen: Gammelsetra	127	20	35	55	Surnadal	Melhus: Holtan	29	15	0	15
Sandøy	Seterøya	73	20	0	20	Surnadal	Solli, Settemsdalen	56	15	1	16
Giske	Vigra: Molnes	21	19	0	19	Gjemnes	Åndal: beitemarker	53	15	0	15
Sande	Sandsøya: N f. Sandshamn	50	19	2	21	Sunndal	Jordalsgrend: Jordalsvøttu	53	15	0	15
Surnadal	Nordmarka: Vaulen	63	19	3	22	Gjemnes	Gagnat	116	15	0	15
Norddal	Herdalen: Botnen	70	19	2	21	Molde	Sekken: Skovik	65	15	0	15
Sunndal	Gjøra: Langbakksetra	67	19	4	23	Gjemnes	Duålisætra	55	15	0	15
Sunndal	Lindalen: Gammelsetra	68	19	10	29	Fræna	Skutholmen	50	15	0	15
Norddal	Fjørå: Nedstestølen	76	18	2	20	Averøy	Kårvåg: Litj-Lauvøya	61	15	0	15
Aukra	Lauvåsen (Julsundet)	91	18	1	19	Ørskog	Sjøholtsetrane	33	15	1	16
Smøla	Glassøya	58	18	0	18	Aukra	Røyrvika	47	15	0	15
Sunndal	Grøvudalen: Styggmarkja	67	18	14	32	Tingvoll	Tingvoll Gard: Saltkjelen	31	15	0	15
Norddal	Indreidsdalen	51	17	2	19	Norddal	Linge: Klovetsetra	69	15	4	19
Herøy	Runde: Måganeset	68	17	2	19	Smøla	Elvegården, ov. vegen	60	15	5	20
Norddal	Herdalssetrane, Ø for elva	62	17	6	23	Smøla	Kuli: Rønningen	59	15	0	15
Nesset	Åramsetra (Ranvik)	88	17	2	19	Rauma	Øvre Romsdal: Kyllingsetra	63	15	2	17
Sunndal	Jordalsgrend: Jordalsøra	58	17	1	18	Rauma	Verma: Stavemstølen	54	15	4	19
Herøy	Flusundet	52	17	3	20	Rauma	Verma: Månasetra	60	15	2	17
Syklyven	Grepstadstølen	37	17	1	18	Herøy	Skorpa	67	15	0	15
Skodje	Fylling: Nedreli	40	16	0	16	Norddal	Tafjord: Kaldhussetra	108	15	5	20
Sunndal	Fjellgardene: Sveen	48	15	0	15	Sunndal	Grøvudalen: Storvollen	66	15	20	35
Rauma	Øvre Romsdal: Rødstølsetrane	48	16	2	18	Sunndal	Gravem: Oppistu	47	15	3	18
Herøy	Nerlandsøy: Verpingsneset	55	16	1	17	Norddal	Eidsdal: Kilstisetra	63	15	4	19
Gjemnes	Øverlandsetra	75	16	2	18	Ørskog	Sollisætra	34	15	1	16
Gjemnes	Galten ved Gjemnes	60	16	0	16	Molde	Hjertøya	81	15	0	15
Giske	Godøya: Alnes, vestre del	59	16	1	17	Sandøy	Husøya	122	15	0	15
Aure	Husfest	66	16	0	16	Norddal	Valldal: Valldalsætra	54	15	3	18
Norddal	Dyrdalen: Rellingsetra	78	16	6	22						

Med i tabell 6 er 75 lokalitetar med minst 15 naturengplanter. Av desse har 8 lokalitetar meir enn 20 naturengplanter. Dersom ein lokalitet her i fylket har meir enn dette er det ein indikasjon på at han har nasjonal verdi. Av desse 8 lokalitetane er det 3 som er utprega kalkrike (på Smøla), medan fleire av dei andre har innslag av kalkpåverknad.

## **Vegetasjon og ruteanalyser (jfr. vedlegg 3)**

Vegetasjonen er kort omtala under kvar lokalitet, og i tillegg er det i 1997 utført ruteanalyser à 100 m<sup>2</sup> på 8 lokalitetar (sjå vedlegg 3).

Talet på planteartar i rutene varierer frå 22 til 38. Den mest artsrike ruta i 1997 er Korsneslia i Norddal. Talet på naturengplanter varierer frå 2 til 10. Talet på seterplanter varierer frå 1 til 6. Summen av naturengplanter og seterplanter kan generelt brukast til å samanlikna seterlokalitetar. Alle rutene ligg i kalkfattige område, og tala er jamt over låge samanlikna med ein skilde tidlegare utførte ruteanalyser.

# LOKALITETAR SORTERT KOMMUNEVIS

Kommunane er sorterte alfabetisk, og lokalitetane er sorterte alfabetisk etter lokalitetsnamn.

## Aure

### *Ertvågøya: Oldervik*

**Kategori:** 3 - lokal verdi

**Områdeskildring, vegetasjon:** Den undersøkte lokaliteten er ei brattlendt, lita beitemark. Han er i relativt god hevd no, men ber preg av svakt beitetrykk tidlegare med oppslag av unge lauvtre i kantane. Nedre deler og dei fuktige sokka har mykje sølvbunke og verkar litt gjødsla, medan dei øvre delene og einskilde små ryggar truleg har fått lite gjødsel, og har tørrare vegetasjon som truleg er dominert av naturengartar.

**Kommentarar til funn:** Det vart ikkje teke planteliste. Det vart funne 9 artar beitemarkssopp (13 artspoeng). Lokaliteten har potensiale for fleire soppartar enn det som vart funne ved dette besøket (undersøkt 30. oktober, rett etter den første harde frostnatta), m.a. vart det funne einskilde ubestemte beitemarkssopp.

**Råd om framtidig bruk:** Beitet bør fortsetta som no, og i tillegg bør det så snart som råd ryddast vekk oppslag av lauvtre og unge furuer både ute i beitemarka og i kantonene.

### *Ertvågøya: Olsvik*

**Kategori:** 2 - regional verdi

**Områdeskildring, vegetasjon:** Olsvik er ein gammal gard som ikkje har vore driven som eige bruk på nærmere 30 år, men der jorda dels har vore leidt bort for slått. Dei siste åra har engene næraast garden vore slått med to-hjuls slåmaskin, medan nokre enger lenger sør har vore beita av hestar (siste 3 åra). Engene har ikkje vore gjødsla på 90-talet og det har truleg også vore tilført lite kunstgjødsel på dei tidlegare. Engene næraast garden er litt forsumpa med oppslag av knappsvi m.m. og dominans av sølvbunke og andre artar som krev fuktig og gjødsla mark. I kantonene mot bygningane og vegen er det derimot stadvis mykje naturengplanter og her vart også einskilde beitemarkssopp funne. Engene sør for gardsbruket har og eit liknande preg, men med mykje naturengplanter i første rekke på den attgroande enga lengst sør.

**Kommentarar til funn:** Det vart ikkje teke planteliste. Det vart funne 3 beitemarkssopp (11 artspoeng). På den attgroande enga lengst sør vart den akutt truga vranglodnetunga (*Trichoglossum walteri*) funnen (ny norsk nordgrense). Lokaliteten har truleg potensiale for fleire soppartar enn det som vart funne ved dette besøket (undersøkt 30. oktober, rett etter den første harde frostnatta).

**Råd om framtidig bruk:** Slått og beite bør fortsetta som no på dei naturengprega partia. På enga lengst sør bør tidlegare oppslag av lauvtre og furu fjernast så snart som råd.

## Giske

I tillegg til Molnes, som ikkje er registrert av oss tidlegare, vart det gjort supplerande undersøkingar på Alnes på Godøya.

### Vigra: Molnes

#### Kategori: 1 - nasjonal verdi

**Områdeskildring, vegetasjon:** Lokaliteten ligg ut mot havet på nordsida av Vigra. For meir detaljert omtale viser vi til Gaarder (under arbeid). Området består av både ustabile og stabile, grasdominerte flygesanddyner som har vore nytta til husdyrbeite tidlegare, men som no gradvis gror att. Mykje av engene har vore noko gjødsla tidlegare, men truleg har særleg bakkane opp mot Molnesfjellet og einskilde knausar (særleg dei nærmast sjøen) vore lite eller ikkje gjødsla. Dei meir gjødsla partia var dominert av til dels høgt gras med lågt innslag av naturengplanter og beitemarkssopp, medan særleg knausane nær sjøen framleis hadde dominans av naturengplanter og til dels store mengder beitemarkssopp.

**Kommentarar til funn:** Dekkjande liste over karplanter vil først bli laga sommaren 1999, men under besøket i september 1998 vart det m. a. funne 19 naturengplanter. Fleire av desse er kalkkrevande og sjeldne i fylket. Spesielt var den store forekomsten av bittersøte interessant, sidan dette truleg er ein av dei siste attverande lokalitetane for arten i fylket. Også rike orkideforekomstar (brudespore og marihandartar), blåstorr og marinøkkel er interessante og sjeldne innslag i beitemarker i Møre og Romsdal. Det vart vidare funne 41 beitemarkssopp, av desse heile 21 artar av vokssopp (93 artspoeng). Lokaliteten har truleg potensiale for fleire soppartar enn det som vart funne ved dette eine besøket, og er/har vore ein av dei absolutt beste lokalitetane for beitemarkssopp i heile fylket og kanskje i heile landet. Fleire av dei registrerte artene er svært sjeldne i fylket, som bitter vokssopp (*Hygrocybe mucronella*) og kopartunge (*Microglossum fuscum*). Stanknarrevokssopp (*Camarophyllopsis foetens*) har her sin einaste kjende forekomst i Norge utanfor det sentrale Austlandet. For øvrig bør dei store mengdene med dynetunge (*Geoglossum cookeianum*) framhevest. Molnes er den rikaste lokaliteten for denne arten i heile fylket.

**Råd om framtidig bruk:** Snarlig opptatt-taking av beitinga bør ha topp-prioritet i kulturlandskapssatsinga i fylket! Området er eit av dei viktigaste og mest særprega kulturlandskapsområda i fylket og dersom lokaliteten fortsett å gro att vil opplagt fleire artar bli utrydda frå Møre og Romsdal. Av omsyn til m. a. forekomsten av sjeldne og truga orkidéar bør beitet hovudsakeleg skje med bruk av ungdyr og dels hest, og helst ikkje med sau.

### Godøya: Alnes

#### Kategori: 1 - nasjonal verdi

**Områdeskildring, vegetasjon:** Sjå Jordal & Gaarder (1993, 1997).

**Kommentarar til nye funn:** Det vart i 1998 funne 12 nye artar av beitemarkssopp. Vestre del har no 77 artspoeng, austre del 51 poeng, og Alnesområdet sett under eitt 83 poeng. Dette er blant dei beste lokalitetane i fylket (sjå figur 1). Blant dei nye artane i 1998 kan nemnast vridd köllesopp (*Clavaria amoena*), kvit köllesopp (*Clavaria falcata*), sleip jordtunge (*Geoglossum glutinosum*), brunsvart jordtunge (*Geoglossum umbratile*), skjelljordtunge (*Geoglossum fallax*), grå narremusserong (*Porpoloma metapodium*) og skifervokssopp (*Hygrocybe lacmus*).

## **Herøy**

Når det gjeld artsrike utmarksbeite på kysten er Herøy ein av dei viktigaste kommunane i fylket. Andre viktige kommunar her i fylket er Sande, Giske og Smøla. I Herøy finst Mulevika, som er det biologisk sett mest verdifulle kystbeiteområdet vi kjenner her i fylket. Ingen kulturlandskapsområde i landet har fleire kjente artar av beitemarkssopp. Vidare er beitemarkene på Runde, Skorpa, i Flusundet og nordvestsida av Gurskøya interessante. Skorpa er likevel truga av attgroing i området rundt den tidlegare busetnaden (sjå Jordal & Gaarder 1995a). Sauetalet i Herøy har gått ned dei siste åra. Det er grunn til uro med tanke på kystkulturlandskapet dersom sauetalet fortsett å gå nedover.

### ***Flusundet (Bergsøya)***

#### **Kategori: 2 - regional verdi**

**Områdeskildring, vegetasjon, funn:** Sjå Jordal & Gaarder (1997). Området er svært interessant, og vart i 1997 undersøkt for 2. gong.

**Kommentarar til nye funn:** Det vart funne 12 nye soppartar, av desse 11 beitemarkssopp. Mellom desse var nokre sjeldne og svært interessante artar som aukar verdien på lokaliteten. Sauenvokssopp (*Hygrocybe ovina*) er direkte truga, og funnet i Flusundet er det sjette i Norge etter 1980, funnet ved Tarberg dagen etter var det sjuande (Jordal 1997). 5 av dei 7 norske lokalitetane etter 1980 ligg i Møre og Romsdal (Sande: Riste og Sandsøya, Herøy: Tarberg og Flusundet og Surnadal: Austergardssetra). Vrangjordtunge (*Geoglossum atropurpureum*) vart funnen her som funn nr. 3 i fylket og nr. 23 i Norge (hensynskrevande på raudlista). Limvokssopp (*Hygrocybe glutinipes*) vart funnen i Flusundet som lokalitet nr. 6 i fylket og nr. 10 i Norge. For svartdogga vokssopp (*Hygrocybe phaeococcinea*) er Flusundet lokalitet nr. 9 i Møre og Romsdal og nr. 16 i Norge. Bleik engvokssopp (*Hygrocybe pratensis* var. *pallida*) er også sjeldan å finna. Staden har eit stort potensiale for fleire beitemarkssopp enn dei som er funne til no, og bør undersøkast fleire gonger. Etter besøket i 1997 har lokaliteten 48 artspoeng for beitemarkssopp og 17 naturengplanter.

**Råd om framtidig bruk:** Denne lokaliteten er ein av dei mange fine, biologisk svært interessante utmarksbeita på kysten av fylket vårt, og det er sterkt ønskjeleg at beitinga held fram. Mindre beitetrykk vil føra til at arealet av grasmark minkar og går raskt over til lynghei.

### ***Gurskøya: vest for Tarberg***

#### **Kategori: 2 - regional verdi**

**Områdeskildring, vegetasjon, funn:** Sjå Jordal & Gaarder (1993, 1997).

**Kommentarar til nye funn:** Det vart funne 8 nye soppartar, av desse 6 beitemarkssopp. Mellom desse var sauenvokssopp (*Hygrocybe ovina*) som er direkte truga (sjå omtale under Flusundet ovafor), og fiolett greinköllesopp (*Clavaria zollingeri*) som er sårbar på raudlista (Bendiksen m. fl. 1998) og tidlegare er funnen 9 gonger i fylket og 15 gonger i Norge etter 1980. Den sistnemnde arten er ikkje tidlegare funnen på ytterkysten, berre i lågareliggjande fjordstrok opp til 350 meter over havet.

**Råd om framtidig bruk:** Heile nordvestre del av Gurskøya er eit biologisk svært interessant beiteområde, der det er sterkt ønskjeleg at betinga held fram på tradisjonelt vis.

### ***Nerlandsøy: Mulevika***

#### **Kategori: 1 - nasjonal/internasjonal verdi**

**Brukshistorie:** Sjå Jordal & Gaarder (1997). Kleofas Kvalsvik, som har skjøtta denne lokaliteten mönstergyldig i ein mannsalder, slutta i 1998 med sau. Temaet vart drøfta på eit seminar om kulturlandskap for 7 kommunar på ytre Søre Sunnmøre den 10. juni 1998, med

ekskursjon til Mulevika. M. a. etter initiativ frå den eine rapportforfattaren (JB) blir det no arbeidd med ny drift i området. Eit sannsynleg alternativ er oppbygging av ein villsaustamme. Kleofas Kvalsvik og John Bjarne Jordal var også med i programmet "Ut i naturen" frå Mulevika i NRK P1 hausten 1998.

**Vegetasjon, tidlegare funn:** Sjå Jordal & Gaarder (1993, 1995a, 1997).

**Kommentarar til nye funn:** Det vart i 1997-98 funne 15 nye soppartar, av desse 11 beitemarkssopp. Av dei mest interessante er raudskivesoppen *Entoloma coeruleoflocculosum* som her vart funnen for 2. gong i Norge. Vidare var funna av grå narremusserong (*Porpoloma metapodium*), rombespora raudskivesopp (*Entoloma rhombisporum*), *Entoloma xanthochroum*, lutvokssopp (*Hygrocybe nitrata*) og spissvokssopp (*Hygrocybe persistens*) også interessante. Det er få funn på kysten av lutvokssopp, som synest å ha tyngdepunkt i seterlandskapet i indre strok (Jordal 1997). Mulevika er den mest artsrike lokaliteten i fylket og landet når det gjeld beitemarkssopp (58 artar), og har ein variert vegetasjon med m. a. kortbeita, kalkrik skjelsandeng, som berre finst få andre stader i fylket. Lokaliteten har vore undersøkt 6 gonger i 6 ulike år, og talet på soppartar har stige kvart år som vist i figur 1 i diskusjonskapitlet.

Det vart i 1998 også funne fleire nye artar av naturengplanter, m. a. engstorr, blåstorr og vill-lin i område som tidlegare ikkje er undersøkte (kalkrike sig ut mot Skorpesundet). Talet på naturengplanter er no oppe i 23, og Mulevika er dermed av dei mest artsrike i fylket også når det gjeld engfloraen. Vidare vart det funne raudsildre (fjellplante) og den sjeldne storarten knortestorr i eit fuktig område rundt 100 meter frå stranda.

**Råd om framtidig bruk:** Det er svært viktig at slike område som har lang kontinuitet i beiting og brenning framleis blir bruka på same måte med omlag same beitetrykk, regelmessig sving og utan namnande gjødsling. Når noverande brukar i 1998 sluttar med sau, er det naudsynt å utarbeida ein forvaltningsplan for området og finna nye brukarar som er villige til å sleppa dyr i området. Siktemålet med ein slik plan må vera å sikra at den tradisjonelle bruken held fram utan brot i kontinuiteten, og at dei store biologiske verdiane derigjennom blir bevart.

### **Nerlandsøy: Verpingsneset**

**Kategori: 2 - regional verdi**

**Områdeskildring, vegetasjon:** Sjå Jordal & Gaarder (1993). Vegetasjonen vart registrert i 1998. Området har godt beitettrykk av sau. Beitevegetasjonen er prega av dels kalkfattig eng med engkvein, gulaks og urter, dels av meir kalkpåverka fukthei og sig med mange kalkrevande artar (sjå nedanfor). Vegetasjonen i omgjevnadene er elles noko heiprega med bjønnkam, storfrytle, heistorr, heisiv og lyngartar.

**Kommentarar til funn:** Det er tidlegare ikkje notert planteartar, dette vart gjort 10.06.1998. Det vart funne 55 planteartar, mellom desse 16 naturengplanter. Mest interessant er førekomenst av purpurlyng og av kalkrevande fuktengartar som blåstorr, kornstorr og loppestorr. Andre artar var blåklokke, heiblåfjør, kattefot, smalkjempe og tiriltunge. Lokaliteten har truleg potensiale for fleire soppartar enn det som er funne til no.

**Råd om framtidig bruk:** Beitinga på denne interessante lokaliteten bør halda fram. Særleg interessant er førekomensten av blåstorr og kalkpåverka fuktenger.

### **Petterholmen**

**Kategori: 3 - lokal verdi**

**Områdeskildring, vegetasjon:** Petterholmen er ein relativt liten holme som ligg rett vest for Lanternen marina ved Herøybruene. Holmen har dei siste åra vore beita av geit. Jordsmonnet er dels grunt over berg, men det finst parti med djupare jord. Vegetasjonen er ein mosaikk av tørr

røsslynghei med ein del einer, finnskjegghei og fukthei/beita fukteng. Geita har drepe ein del av eineren med beiting.

**Kommentarar til funn:** Det vart funne 7 naturengplanter (m.a. blåklokke og kystgrisøyre) og 6 beitemarkssopp (7 artspoeng). Soppfloraen var typisk for denne type lokalitet, med m. a. grå vokssopp (*Hygrocybe irrigata*). Lokaliteten har truleg potensiale for fleire soppartar enn det som vart funne ved dette besøket.

**Råd om framtidig bruk:** Lokaliteten er ikkje av dei mest artsrike, men inngår som ein typisk del av det tradisjonelle kystkulturlandskapet i kommunen, som også her tek til å bli nokså fragmentert. Det er ønskjeleg at beitinga held fram.

## Molde

Kulturlandskapet i Molde er tidlegare sporadisk undersøkt i samband med rapporten om biologisk mangfold i kommunen (Jordal & Gaarder 1995c). I 1998 vart Sekken og Veøya undersøkte i samband med eit anna prosjekt (Jordal & Meisingset 1998) og det vart da samstundes gjort nokre spreidde biologiske registreringar i kulturlandskapet.

### Fuglset

#### Kategori: 3 - lokal verdi

**Områdeskildring, vegetasjon:** Lokaliteten består av ei lita beitemark i kanten av boligfelta på Fuglset i Molde. Den blir for tida nytta til hestebete og hestane hadde beita det meste av graset godt ned i 1998, sjølv om det også var parti med svakare beitetrykk. Lokaliteten er undersøkt i samband med nøkkelbiotopkartleggingar for Molde kommune, og vil også bli omtala i ein eigen rapport (Gaarder under arbeid).

**Kommentarar til funn:** Det vart funne 16 naturengplanter på beitemarka, mellom desse ein del nattfiol (truleg grov nattfiol). Det vart funne 9 beitemarkssopp (12 artspoeng), med den sårbare raudnande lutvokssopp (*Hygrocybe ingratia*) som mest interessante art. Lokaliteten har truleg potensiale for fleire soppartar enn det som vart funne ved dette besøket. Dei flate, sentrale delene av beitemarka inneheldt få naturengplanter og mangla tilsynelatande beitemarkssopp. Elles forekom artar knytt til naturbeitemark spreidd utover lokaliteten, men med ein konsentrasjon til det bratte partiet i austkant av enga.

**Råd om framtidig bruk:** Hevden kan truleg delvis fortsetta som no, men ved fortsatt hestebete er det viktig å få ein god balanse mellom tilstrekkelig avbeiting av enga og faren for trakkskadar. Veksling med slått eller ungdyrbeite vil truleg vera positivt dersom det kan gjennomførast.

### Sekken: Skovika

#### Kategori: 2 - regional verdi

**Områdeskildring, vegetasjon:** I Skovika på sørvestenden av øya ligg to nedlagte bruk og ein fritidsbustad. Det øvste bruket på øversida av vegen vart undersøkt. Gamle naturenger gror no att, medan eit lite område ved husa blir slått.

**Kommentarar til funn:** Det vart funne 65 planteartar, mellom desse 15 naturengplanter. Av desse var den mest interessante svartknoppurt, som her har ein god bestand. Denne arten er no sjeldan i Molde kommune (Jordal & Gaarder 1995c). Det vart vidare funne 10 artar av grasmarkssopp, av desse 4 beitemarkssopp (15 artspoeng). Det aller mest interessante er førekomensten av sauevokssopp (*Hygrocybe ovina*), som står som direkte truga i raudlista (Bendiksen et al. 1998). Sauevokssopp sto i vegkanten og er truga av attgroinga på staden.

Lokaliteten har truleg potensiale for fleire soppartar enn det som vart funne ved dette besøket.

**Råd om framtidig bruk:** Det er ønskeleg at naturenga mellom vegen og husa på det øvste bruket blir slått. Elles vil den truga arten sauevokssopp truleg forsvinna, og det same vil etter kvart skje også med svartknoppurten.

## **Sekken: Vedalshaug**

### **Kategori: 3 - lokal verdi**

**Områdeskildring, vegetasjon:** Dette er eit fråflytta og nedlagt bruk nordvest på øya som no berre blir beita av storfe. Vegetasjonen består av utmagrande, dyrka eng med sølvbunke, englodnegras, engkvein m.m. Einskilde magre kantområde var det mest interessante.

**Kommentarar til funn:** Det vart ikkje teke planteliste, men floraen er vanleg for området utan spesielle artar. Det vart funne 5 beitemarkssopp (6 artspoeng). Lokaliteten har truleg potensiale for fleire soppartar enn det som vart funne ved dette besøket.

**Råd om framtidig bruk:** Lokaliteten bør beitast også i framtida.

## **Sekken: Seterneset**

### **Kategori: 3 - lokal verdi**

**Områdeskildring, vegetasjon:** Dette er eit lite beite mellom vegen og sjøen ca. 150 m vest for ferjeleiet. Det er dels kupert og har ikkje vore slått dei siste åra. Vegetasjonen er vanleg for området, med noko sølvbunke, og meir magre parti med engkvein og urter. Det er teikn til attgroing med ein del gammalt gras.

**Kommentarar til funn:** Det vart ikkje notert planteliste. Det vart funne 5 artar av beitemarkssopp (7 artspoeng). Lokaliteten har truleg potensiale for fleire soppartar enn det som vart funne ved dette besøket.

**Råd om framtidig bruk:** Lokaliteten bør beitast også i framtida.

## **Veøya**

### **Kategori: 2 - regional verdi**

**Områdeskildring, vegetasjon:** Lokaliteten er omtala av Jordal & Gaarder (1995c). Heile innmarka blir slått som eit skjøtselstiltak finansiert av Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Graset blir oppsamla og kompostert til fyllmateriale.

**Kommentarar til funn:** Det finst ei kryssliste for planter frå heile øya frå 1934 (sjå Jordal & Gaarder 1995c). Det vart i 1998 funne 50 planteartar i slåtteenga, men mellom desse var det berre 5 naturengplanter. Det er vidare funne 4 beitemarkssopp (6 artspoeng) etter to besøk, m. a. den kystbundne grå vokssopp (*Hygrocybe irrigata*). Lokaliteten har truleg potensiale for fleire soppartar enn det som vart funne ved dette besøket.

**Råd om framtidig bruk:** Lokaliteten blir skjøtta på ein god måte med tanke på å oppretthalda landskapet. Effekten av dette for bevaring av beite- og slåttavhengige artar kan likevel vera avgrensa, fordi relativt få slike artar er påvist. Den største verdien ligg i lang kontinuitet av store gamle edellauvtre (særleg ask) med rik lavflora. Dette er noko skjøtselen bør ta omsyn til i framtida (Jordal & Gaarder 1995c).

# Nesset

## Almepilar i Eikesdalen

Utanom eigne tidlegare undersøkingar av naturbeitemarker i Eikesdalen (Jordal & Gaarder 1993, 1997) er kulturlandskapet generelt omtala av Grini & Botten (1991) og Aksdal (1994). Botaniske undersøkingar av lauvskog m.m. er utført av Nordhagen (1931) og Hånde (1969).

I samband med eit arbeid rapportfattarane har utført for Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernnavdelinga, om truga artar i fylket av lav og sopp, har vi kome til å registrera sopp- og lavfloraen på almepilane i Eikesdalen, sørleg i Mardalen.

Almepilane i Eikesdalen er vesentleg større enn det aller meste ein finn elles i fylket. Aksdal (1994) meiner at ein har drive meir styring av alm i Eikesdalen enn nokon annan stad i fylket. 09.12.1997 undersøkte rapportfattarane sopp- og lavfloraen på 46 ståande almepilar og 5 læger i Mardalen. Tabell 7 nedanfor viser dei meir spesielle artane som vart funne. I tillegg vart det funne meir vanlege artar som lungenever og filthinnelav.

Tabell 7. Lav- og soppfunn på 46 ståande almepilar og 5 almelæger i Mardalen, Eikesdal (Nesset) 09.12.1997.

Kat. kategori på raudlista.

K blir truleg med på komande raudliste for skorpelav, kategori uviss

N talet på tre der arten vart funne.

V+ hensynskrevande

Soppartar	Kat.	N	Lavartar	Kat.	N
tobakkbroddsopp ( <i>Hymenochaete tabacina</i> )		28	almelav ( <i>Gyalectta ulmi</i> )		45
skrukkeøre ( <i>Auricularia mesenterica</i> )		11	blådogggnål ( <i>Sclerophora farinacea</i> )	K	23
<i>Dendrothele alliacea</i>		5	bleikdogggnål ( <i>Sclerophora nivea</i> )	K	12
skjelljuke ( <i>Polyporus squamosus</i> )		2	<i>Biatorella monasteriensis</i>	K	1-2
narrepiggssopp ( <i>Kavinia himantia</i> )	V+	1			
rustkjuke ( <i>Phellinus ferruginosus</i> )	V+	1			

Almen i Eikesdalen har truleg *fylkets største bestandar av almelav*, som helst finst på tre over 40 cm stammediameter. Dei tre andre lavartane er enda sjeldnare. *Bestanden av blådogggnål er den største som er kjent i Norge og truleg ein av dei største i Europa*. Han er knytt til svært grov, oppsprukken bork og vaks i Mardalen på tre over 50 cm stammediameter i brysthøgde (50-150 cm, gjennomsnitt 80 cm). *Store dimensjonar og stor bestand gjer at almepilane i Eikesdalen truleg har nasjonal verdi*. Det er ei utfordring å halda desse bestandane ved like gjennom tradisjonell drift.

# Norddal

Norddal er ein kommune med eit svært variert landskap og mykje tradisjonelt kulturlandskap. Noko av dette er i attgroing, men noko er også intakt som følgje av at den tradisjonelle drifta med m. a. beiting held fram. Kommunen har ein del biologisk interessant natureng og naturbeitemark, først og fremst knytt til utmark og seterområde, men også på einskilde veglause hyllegardar som ikkje er komne for langt i attgroinga. Rapporten "Setrar i Norddal" (Stoknes 1995) inneheld mykje generelt og kulturhistorisk materiale om mange av dei besøkte lokalitetane, og i tillegg fotodokumentasjon. Denne rapporten har også vore viktig for å skilja ut og prioritera dei lokalitetane som ut frå generell omtale såg ut til å vera mest interessante biologisk sett og som derfor burde undersøkast. Vi har likevel ikkje hatt tid til å besøkja alle lokalitetar som synest å vera av interesse. Det er særleg gangtid frå veg som har begrensa talet på undersøkte lokalitetar. Kontaktperson i kommunen har vore Kjell Mulelid.

Rapporten frå feltarbeid i 1995 og 1996 (Jordal & Gaarder 1997) inneheld informasjon om ein del andre lokalitetar i Norddal (Herdalen, Indreidsdalen, Valldalen).

## **Valldal: Slettvikane**

### **Kategori: 4 - truleg liten verdi**

**Områdeskildring, kommentarar til funn:** Sjå også Jordal & Gaarder (1997). Dette er ei beita slette 720 meter over havet i Meiadalen langs vegen frå Valldal til Åndalsnes. Det vart funne 34 planteartar, mellom desse 2 naturengplanter og 8 seterplanter. Det vart ikkje funne beitemarkssopp. Lokalitetten har begrensa verdi som kulturlandskap.

## **Valldal: Steindalsstølen**

### **Kategori: 3 - lokal verdi**

**Områdeskildring, vegetasjon:** Steindalsstølen ligg aust for Valldalen, ca. 2 mil ovafor Sylte ved inngangen til Steindalen. Stølen ligg i eit kalkfattig, steinet område i hallande terregn. Nedanfor stølen er det blanda lauvskog som er beitepåverka. Stølsområdet og ovafor er stort sett ope og trefattig. Området er framleis beita av ein god del sau. Vegetasjonen er gras- og urtedominert og godt beita. Seterreiten ligg omkransa av steingjerde ovafor husa. Han har litt gjødselpreg, med ein god del sølvbunke, engsyre, engrapp og høy mole. Elles i området er det ein del magrare naturbeitemark med meir finnskjegg, engkvein og følblom.

**Kommentarar til funn:** Det vart funne 82 planteartar, mellom desse 12 naturengplanter og 8 seterplanter. Mellom desse var bergveronika, blåklokke, harerug, jonsokkoll, knegras og småengkall. Det er kjent eit funn av orkidéarten kvitkurle (*Leucorchis albida* ssp. *albida*) i nærleiken av stølen (Tverr-reset i 1951; Jordal & Gaarder 1998b), denne arten står som sårbar på raudlista (DN 1992). Det vart ikkje funne beitemarkssopp, men området har potensiale for ein del slike artar.

**Råd om framtidig bruk:** Området har i det minste lokal verdi og bør beitast også i framtida. Vurdering av andre verdiar hos Stoknes (1995): "Området har stor bevaringsverdi."

## **Linge: Hogsetdalen**

### **Kategori: 3 - lokal verdi**

**Områdeskildring, vegetasjon:** Setrane ligg i eit trelaust landskap i 750 m høgde fram mot Norddalsfjorden. Dette var sommarseter for bruka på Linge og Lingeåsen, setringa tok slutt i 1945 (Stoknes 1995). Det finst ingen inngjerda setervoll, men området har framleis gras- og urterik vegetasjon med beitepreg (sau). Vegetasjonen er ein mosaikk av finnskjegghei og sølvbunkeeng, sistnemnde med ein del engkvein, gulaks, følblom og kvitkløver. Det renn ein

bekk over området, og nær denne finst noko fukteng og fuktige trakk med myrmjølke, trådsiv, slåttestorr og kjeldeurt. Elles finst blåbær-blålynghei med ein del smyle ut mot kantane. Nær husa var det noko nitrofil vegetasjon med m. a. høy mole, vassarve, krypsoleie og stornesle. Det vart utført ei 10x10 m ruteanalyse (vedlegg 3), og her var det m. a. 40% strø, noko som tyder på at beitetrykket er i lågaste laget. Ruta var middels artsfattig med 28 planteartar, 7 naturengplanter og 6 seterplanter. Dominerande artar i ruta var finnskjegg (40%), engkvein (15%), kvitkløver (10%), følblom og hestespreng (5%), brearve, fjellmarikåpe og gulaks (3%).

**Kommentarar til funn:** Det vart funne 77 planteartar, mellom desse 10 naturengplanter og 10 seterplanter. Det vart ikkje funne beitemarkssopp (tørt ver), men vegetasjonen tyder på at ein del slike artar kan finnast.

**Råd om framtidig bruk:** Området har lokal biologisk verdi og bør beitast også i framtida. Vurdering av andre verdiar hos Stoknes (1995): "Området har stor bevaringsverdi."

### **Linge: Klovsetsetra**

**Kategori: 2/3 - regional/lokal verdi**

**Områdeskildring, vegetasjon:** Setra ligg på ein kolle under Vardefjellet ca. 550 m o.h. fram mot Norddalsfjorden, og var heimseter for gardane på Linge og Lingås (Stoknes 1995). Omgjevnadene består av bjørkeskog med innslag av furu. Setervollen består av to ryggar med eit myrdrag mellom. Av busker er det innslag av gråor og einer. Vegetasjonen består i vesentleg grad av finnskjegghei, men det er innslag av nitrofil vegetasjon nær seterhusa. Den fremste ryggen er solvendt og har litt tørrbakke- og tørrbergsamfunn. Området er beita av sau og beitetrykket er bra.

**Kommentarar til funn:** Det vart funne 69 planteartar, mellom desse 15 naturengplanter og 4 seterplanter. I tørrbakkane fanst gjeldkarve, hårvæve, småbergknapp og sølvmore. I fukteng fanst m.a. bekkestjerneblom, grønstorr, kjeldeurt, myrmaure, paddesiv og stjernestorr. Kystplanter: revebjølle, smørtelg, hestespreng. Av beitemarkssopp vart det berre funne brunfnokka vokssopp (*Hygrocybe helobia*), men lokaliteten synest å ha potensiale for mange fleire slike artar.

**Råd om framtidig bruk:** Området har i det minste lokal, kanskje regional biologisk verdi og bør beitast også i framtida. Vurdering av andre verdiar hos Stoknes (1995): "Området har stor bevaringsverdi."

### **Norddalsfjorden: Osvik**

**Kategori: 2/3 - regional/lokal verdi**

**Områdeskildring, vegetasjon:** I Osvika på sørsida av fjorden (overfor Fjøra) ligg to bruk, eit i eit relativt flatt område nede ved sjøen og eit litt oppe i lia lenger aust. Kulturmarka er no anten attgrodd eller i sterk attgroing med høge gras og urter, buskar eller skog. Det mest interessante botanisk sett er nokre knausar og tørrbakkesamfunn, som framleis er til dels intakte. Området synest ikkje å vere beita for tida.

**Kommentarar til funn:** På grunn av tidsnaud i samband med avtala tid for henting med båt er det ikkje laga fullstendig planteliste. Langs vegen frå Kastet, ca. 1 km aust for Osvik, vart det funne ei interessant tørreng med vill-lauk, smørbukk, småbergknapp, sølvmore, engtjæreblom, svartburkne, lodnerublom, lintorskemunn, bergmynte, smalkjempe, tiriltunge, blåklokke og tågebær. På Osvik var det tørrbakkar både ved det øvre og nedre bruket, med t. d. blårapp, hårvæve, lækjeveronika, småbergknapp, småsmelle og sølvmore. Viktige attgroingsartar på innmark var sølvbunke, stornesle og bringebær forutan lauvbuskar. Det vart ikkje gjort soppfunn.

**Råd om framtidig bruk:** På grunn av attgroing er verdiane knytt til det gamle kulturlandskapet i ferd med å forsvinna, men det finst framleis interessante tørrbakkesamfunn som gror seitn att. Området burde ha betydelege beiteressursar.

### **Fjørå: Nedtestølen**

#### **Kategori: 2 - regional verdi**

**Områdeskildring, vegetasjon:** Seterområdet er nokså stort og ligg i hallande sørvestnært tereng over Tafjorden i 600 m høgde ovanfor Fjørå. Landskapet er for det meste ope med noko buskvegetasjon (m. a. gråor) og lyngmark i tillegg til grasdominert beitemark. I omgjevnadene (mest nedanfor) finst lauvskog dominert av bjørk. På seterområdet finst dessutan planta gran og ask. Vegetasjonen er dels finnskjegghei med ein del andre gras og urter, litt sølvbunkeeng og dels blåbærdominert hei. Ovafor seterhusa var det parti med myrvegetasjon og beita fukteng. Beitetrykket var godt (sau).

**Kommentarar til funn:** Det vart funne 76 planteartar, mellom desse 18 naturengplanter og 2 seterplanter. I dei finnskjeggrike beitemarkene fanst m. a. smalkjempe, aurikkelsvæve, hårvæve, kjertelaugnetrøst, prestekrage, småengkall og blåklokke. Kystplanter: heiblåfjør, revebjølle og smørtelg. Innlandsplanten tyrihjelm fanst også. Det vart ikkje funne beitemarkssopp, men lokaliteten synest å vera fin for beitemarkssopp, og bør undersøkast i ein annan og betre sesong.

**Råd om framtidig bruk:** Området har regional verdi med mange naturengplanter og stort potensiale for beitemarkssopp. Det er viktig at her blir beita også i framtida. Vurdering av andre verdiar hos Stoknes (1995): "Området har stor bevaringsverdi."

### **Fjørå: Nysetra**

#### **Kategori: 3 - lokal verdi**

**Områdeskildring, vegetasjon:** Landskapet er for det meste ope og trelaust med noko einer og lyngmark i tillegg til grasdominert beitemark. Det går traktorveg heilt fram, og det er bygd nokre hytter ved setrane. Vegetasjonen består i stor grad av artsfattig finnskjegghei. Elles finst noko sølvbunkeeng i tilknyting til husa. I omgjevnadene er det mykje lynghei med krekling, blåbær, smyle og einer og litt bjørkebusker. Beitetrykket er bra (sau).

**Kommentarar til funn:** Det vart funne 61 planteartar, mellom desse 13 naturengplanter og 5 seterplanter, stort sett vanlege og typiske artar. Det vart ikkje funne beitemarkssopp (p.g.a. tørke), men tilhøva for slike artar synest å vera til stades.

**Råd om framtidig bruk:** Området har lokal verdi og bør beitast også i framtida. Vurdering av andre verdiar hos Stoknes (1995): "Området inneholder bevaringsverdige elementer."

### **Tafjorden: Heggurda**

#### **Kategori: 3 - lokal verdi**

**Områdeskildring, vegetasjon:** Setra Heggurda ligg i 830 m høgde i ein slak, hengande dal (Heggurdalen) med bratte flog på nedsida, der Tafjordraset gjekk i 1934. I eit utskiftingsdokument frå 1902 er det protokollert at der er "en sprekke i Langhameren [like nedanfor setra] som stadig utvider seg og at den en dag kommer til å rase ut". Drifta varte i omlag 100 år frå midten av 1800-talet til 1945, men husa har vore flytta fleire gonger. Fram til 1919 var det geiter på setra, men i perioden 1920-1945 berre kyr (Stoknes 1995, sitatet er også henta herifrå). Terrenget er nokså rikt på stein. Landskapet er for det meste ope med noko einer og lyngmark i tillegg til grasdominert beitemark rundt husa. Vegetasjonen består av 1-2 dekar finnskjegghei nærmast husa, dels med innslag av sølvbunkeeng og meir engkveindominert vegetasjon. Utanom setra finst mest lyngmark med blåbærhei, kreklinghei og dvergbjørkdominert hei. Det finst og noko sølvvierkratt. Området er kalkfattig. Beitetrykket er middels (sau). Det vart analysert ei 10x10 meters rute på vollen (vedlegg 3). I ruta vart det

registrert 23 planteartar, 2 naturengplanter og 3 seterplanter. Dominerande artar i ruta var engkvein (60%), finnskjegg (5%), fjellmarikåpe (5%) og hestespreng (5%). 70% strø og 10% mose viser at setervollen er i attgroing.

**Kommentarar til funn:** Det vart funne 78 planteartar, mellom desse 13 naturengplanter (t.d. blåklokke, gulaks, harerug, jonsokkoll og småengkall) og 10 seterplanter (t. d. fjellaugnetrøst, fjellmarikåpe, trefingerurt og seterarve). På tørre veksestader, som grunnlendt berg, vaks småbergknapp, småsmelle, tiriltunge og småsyre. Av andre funn kan nemnast taggbregne og tyrihjelm. Eit uventa funn var trollurt som voks i skuggen under hestespreng. Dette er elles ei plante knytt til fuktig, skuggefull lauvskog. Typiske planter i stien fram til setra var småsmelle, tiriltunge, tepperot, tunrapp, bråtestorr, fjellkvein og seterstorr. Det vart ikkje funne beitemarkssopp.

**Råd om framtidig bruk:** Området har lokal verdi og bør beitast også i framtida. Vurdering av andre verdiar hos Stoknes (1995): "Området har stor bevaringsverdi."

### **Tafjorden: Kastet**

#### **Kategori: 2/3 - regional/lokal verdi**

**Områdeskildring, vegetasjon:** Kastet er ein av dei veglause fjordgardane i området. Det går likevel ein gammal, oppmura sti til Osvik. Garden ligg i ei nordvendt, frodig skogli. Det går ei kraftlinje over området. Den tidlegare dyrkamarka er framleis open, men i kraftig attgroing. Innmarka er skuggevendt med god markfukt, nokre skrentar og tørrbakkar, men i det store og heile attgroing med stornesle, høgt gras, buskar og innvandrande skogplanter. I omgjevnadene finst lauvskog med innslag av grov, tidlegare styva alm (stammediameter opptil 80 cm), og grov, høg selje. Skogstrukturen er open med fortetting av ungskog under. Dette tyder på ein tidlegare sterk kulturpåverknad med beiting og utslått som ga ein open skogstruktur, men der opphøyr av kulturpåverknaden no fører til at ungskogen kjem opp. Området vart ikkje beita i 1997, men har vore beita av sau tidlegare.

**Kommentarar til funn:** Det vart funne 78 planteartar, mellom desse 10 naturengplanter og 1 seterplante. Det var innslag av tørrbakkeartar som småbergknapp, sølvmore og vill-lauk, men desse artane er på veg ut som følgje av attgroing. Elles fanst m. a. humle, småborre, springfrø, svartor og trollurt. Av beitemarkssopp vart det berre funne limvokssopp (*Hygrocybe glutinipes*), som står som sårbar på raudlista og berre er kjent frå 10 stader i Norge. Arten sto i graskledd sti nede ved naustet.

**Råd om framtidig bruk:** Området har truleg regional botanisk verdi, men desse verdiane er knytt til eit ope og halvope landskap i aktiv bruk og er i ferd med å gå tapt. Området har betydeleg beiteverdi og bør beitast, men i tillegg hadde det vore ønskeleg med skjøtsel i form av slått og vekktransport av gras og brenneslekratt, hogst og rydding av lauvtre og -busker, vedlikehald av styvingstre m.m.

### **Tafjorden: Kastesetra**

#### **Kategori: 3 - lokal verdi**

**Områdeskildring, vegetasjon:** Kastesetra ligg i ein slakk halling i 480 meters høgd over havet opp i ei relativt bratt, nordvendt fjordli. Det går ein oppmura sti opp til setra. Setra var i bruk til 1950-talet da gardane vart nedlagt (Kastet og Littlehjellen i Osvik). I omgjevnadene finst lauvskog med bjørk, men nedanfor setra er det ein del grov furuskog, opp til 1 meter i stammediameter i brysthøgd (stammeomkrets 3,05 m målt med stålmaaleband). Det fanst og litt einer i kantane. Setervollen er open og trelaus. Rundt husa er vegetasjonen nitrofil, frodig og uggjennomtrengeleg med stornesle, tyrihjelm, bringebær og einstape. Elles finst det litt sølvbunkeeng, noko fukteng med slåttestorr, myrmjølke, sølvbunke, myrmaure, trådsiv. Størstedelen av arealet er likevel relativt mager natureng med engkvein, gulaks, firkantperikum,

ryllik, kvitkløver og følblom. Området er kalkfattig. På øvre del av vollen vart det lagt ut ei 10x10 meters analyserute. Ruta var middels artsrik med 31 planteartar, 5 naturengplanter og 2 seterplanter. Her dominerte engkvein (50%), men med markerte innslag av kvitkløver (5%), gulaks (5%) og firkantperikum (10%). Stor strømengd (60%) og låg mosedekning (30%) viser ein klår attgroingstendens. Området er beita av sau dei seinare åra til 1996, men vart ikkje beita i 1997.

**Kommentarar til funn:** Det vart funne 72 planteartar, mellom desse 11 naturengplanter (t. d. harerug, knegras og småengkall) og 3 seterplanter. Tørrbakkar og grunnlendte berg husa m. a. kattefot, lækjeveronika og småbergknapp. Det vart funne 5 vanlege artar av grasmarkssopp, av desse 3 beitemarkssopp (3 artspoeng).

**Råd om framtidig bruk:** Området har lokal til regional verdi og bør framleis beitast. Betring av stengsel i stien mot Osvik er truleg ein føresetnad for dette. Vurdering av andre verdiar hos Stoknes (1995): "Området inneholder bevaringsverdige elementer."

### **Tafjorden: Korsnes**

**Kategori: 2/3 - regional/lokal verdi**

**Områdeskildring, vegetasjon:** Dette er ein veglaus fjordgard som vart fråflytta i 1946 (Stoknes 1995). Tilkomsten er med båt til Alvika, og oppmura sti derifrå og opp til garden. Husa står, men er sterkt forfalne. Innmarka består av tidlegare dyrka mark som stort sett er noko brattlendt, dessutan knausar, buskmark og skogkrullar. Husa står på grunnlendt berg fram mot eit brattheng med svaberg og småskog. Vegetasjonen består på djup, fuktig mark av bringebær, tyrihjelm, stornesle og firkantperikum, altså massiv attgroing. På magrare mark finst nokså mykje artsrik naturengvegetasjon dominert av engkvein og gulaks. Elles er det betydelege areal med tørre berg. Ved besøket i 1997 vart det observert 11 geiter ovafor husa.

**Kommentarar til funn:** Det vart funne 61 planteartar, mellom desse 10 naturengplanter (t.d. knegras, kvitmaure og smalkjempe). På tørt, grunnlendt berg fanst bitterbergknapp, blårapp, dunhavre, eittårsknavel, engsmelle, hårsvæve, lintorskemunn, småbergknapp, småsmelle, småsyre, sølvture, vill-lauk og vårskrinneblom. Det vart ikkje funne beitemarkssopp.

**Råd om framtidig bruk:** Mest interessant er tørrberg og tørreng med dels kulturbetinga vegetasjon som sannsynlegvis blir gradvis mindre vanleg i Tafjorden p.g.a. attgroing av gammal kulturmark. Området har i det minste lokal biologisk verdi og bør beitast meir enn i dag.

### **Tafjorden: Korsneslia**

**Kategori: 3 - lokal verdi**

**Områdeskildring, vegetasjon:** Korsneslia (Lia) er ei seter som ligg i ein slakk halling 390 meter over havet oppe i ei relativt bratt, nordvendt fjordli. Det går sti og løypestreng frå Korsnes. Seterhusa vart flytta hit i 1906 frå Gamlesetra som ligg 200 m ovafor Korsneslia. Selet er det einaste bevarte steinselet i Norddal. Setra var i bruk til 1945, medan Korsnes vart fråflytta i 1946 (Stoknes 1995). I omgjevnadene finst lauvskog med bjørk, for det meste grasdominert med ein del sølvbunke. Det finst litt einer i kantane. Setervollen er open men med nokre bjørketre, og nedre del av vollen er i attgroing med bjørkeskog. På vollen finst parti dominert av tyrihjelm, andre stader med ein del bringebær og fuktige parti som gror att med skogsnelle. Størstedelen av arealet er relativt mager natureng dominert av engkvein og gulaks. Stoknes (1995) skriv at dette arealet blir slått, men det har ikkje vore slått i 1997. Området er kalkfattig. På midtre del av vollen vart det lagt ut ei 10x10 meters analyserute. Ruta var middels artsrik med 37 planteartar, 9 naturengplanter og 1 seterplante. Dominerande artar i ruta var engkvein (30%), gulaks (20%) og raudkløver (20%), men med markerte innslag av kvitkløver og sølvbunke. Stor strømengd (60%) og låg mosedekning (20%) viser at området er i attgroing. Området vart beita av nokre geiter i 1997, men dei heldt mest til på Korsnes.

**Kommentarar til funn:** Det vart funne 64 planteartar, mellom desse 11 naturengplanter (m. a. brudespore, smalkjempe, småengkall og ein art av hårsvævegruppa) og 2 seterplanter. Det vart funne 3 artar av grasmarkssopp, av desse 1 beitemarkssopp (mørktanna raudskivesopp).

**Råd om framtidig bruk:** Området har lokal verdi og bør beitast også i framtida. Vurdering av andre verdiar hos Stoknes (1995): "Området (setermiljøet) har stor bevaringsverdi."

### **Tafjord: nedanfor Øyna**

#### **Kategori: 2 - regional verdi**

**Kommentar:** Alle artsfunn frå lokaliteten og områdeomtalen baserer seg på undersøkingar utført av Dag Holtan og Karl Johan Grimstad, som også har planar om å lage ein grundigare lokalitetsomtale i ein eigen rapport (D. Holtan pers. medd.).

**Områdeskildring, vegetasjon:** Det er her eit stort område med kalkrik, raspåverka engvegetasjon. Dette er ikkje primært eit kulturlandskap, men vegetasjon og soppflora liknar mykje på grunn av raspåverknaden. Området er svært artsrikt og det er registrert minst 130 karplanter her. I tillegg er det ein rik og særeigen insektfauna. Området blir beita av sau og geit.

**Kommentarar til funn:** Av registrerte planteartar kan nemnast store mengder gullstjerne og lerkespore, vidare vårmarihand, brudespore og fjellflokk. Det vart funne 9 artar av beitemarkssopp (21 artspoeng). Av desse er det særleg grunn til å framheva tredje funn i fylket av den sårbare arten gyllen vokssopp (*Hygrocybe aurantiosplendens*). Lokaliteten har truleg potensiale for fleire soppartar enn det som vart funne ved dette besøket. Lokaliteten har eit rikt insektliv, med hele 23 registrerte artar dagsommerfuglar, mellom desse den sjeldsynte og truga mnemosynesommerfuglen.

**Råd om framtidig bruk:** Ein viser her til eventuelle tilrådingar i den framtidige rapporten til D. Holtan og K. J. Grimstad.

### **Tafjord: Øyna**

#### **Kategori: 2 - regional verdi**

**Kommentar:** Alle artsfunn frå lokaliteten og områdeomtalen baserer seg på undersøkingar utført av Dag Holtan og Karl Johan Grimstad, som også har planer om å laga ein grundigare lokalitetsomtale i ein eigen rapport (D. Holtan pers. medd.).

**Områdeskildring, vegetasjon:** Området består av nokre engparti nær garden som blir beita av sau og geit. Våren 1998 vart også engane brent i april.

**Kommentarar til funn:** Det er ikkje tatt fullstendig artsliste på lokaliteten, men det kan nemnast at lokaliteten har ei sjeldan god forekomst av orkidear. I alt 6 artar er funne i til dels store mengder, m.a. brudespore, nattfiol og låglandsformen til kvitkurle (*Leucorchis albida* ssp. *albida*). Det vart vidare funne 13 beitemarkssopp (16 artspoeng), mellom desse fleire ganske sjeldne artar av raudskivesopp som også står på raudlista (*Entoloma atrocoeruleum*, *E. formosum*). Lokaliteten har truleg potensiale for fleire soppartar enn det som vart funne ved dette besøket.

**Råd om framtidig bruk:** Ein viser her til eventuelle tilrådingar i den framtidige rapporten til D. Holtan og K. J. Grimstad.

### **Tafjord: Kaldhusstølen**

#### **Kategori: 3 - lokal verdi**

**Områdeskildring, vegetasjon:** Kaldhusstølen ligg eit stykke frå vegen, på ei kupert "hylle" i lisida noko opp frå dalbotnen. Omgjevnadene er dominert av relativt tett lauvskog med bjørk, rogn og selje. På knausane finst og noko furuskog med ein del blokkebær og anna lyng.

Seterområdet er prega av attgroing med bjørk, rogn, bringebær, geitrams, stornesle m.m., men

det finst framleis opne parti med små areal mager natureng. Det vart ikkje funne spor av beiting, men det har vore slått litt rundt husa.

**Kommentarar til funn:** Det vart funne 63 planteartar, mellom desse 6 naturengplanter (t.d. gulaks, harerug, kjertelaugnetrøst) og 4 seterplanter. Det vart ikkje funne beitemarkssopp.

**Råd om framtidig bruk:** Lokaliteten har relativt avgrensa verdi. Vurdering av andre verdiar hos Stoknes (1995): "Området inneholder bevaringsverdige elementer."

## **Tafjord: Kaldhussetra**

### **Kategori: 3 - lokal verdi**

**Områdeskildring, vegetasjon:** Området er tidlegare kulturmark på ei stor slette som no er gått heilt ut av bruk. Det er oppsett fleire hus i samband med kraftutbygginga i området, men dei gamle seterhusa er borte. Det finst berre steingjerde og steinmurar att. Området har framleis eit artsrikt kulturlandskap, men det er i kraftig attgroing med fjellbjørk, vier og høgt gras. Mykje av det opne arealet er attgroande sølvbunkeeng med hundekjeks, engreverumpe, strandrøyr, tyrihjelm, mjødurt og sløkje. På open rasmark ovafor vegen er det ein del meir tørkeprega engsamfunn med einer, engsmelle, kattefot, tågebær og småbergknapp. På flatene finst også fuktengparti med ulike myrplanter.

**Kommentarar til funn:** Det vart funne 108 planteartar, mellom desse 15 naturengplanter (t.d. blåklokke, harerug og tiriltunge) og 5 seterplanter. Det vart ikkje funne beitemarkssopp.

**Råd om framtidig bruk:** Området er framleis relativt artsrikt, men dei biologisk verdiane knytt til kulturpåverknaden er i ferd med å gå tapt pga. attgroing. Om ikkje beiting blir tatt opp att vil området gradvis gå over til skog og myr.

## **Tafjord: Rødalsetra**

### **Kategori: 3 - lokal verdi**

**Områdeskildring, vegetasjon:** Seterområdet ligg øvst i Rødalen, på ei lita slette mellom vegen og elva. Området er dominert av bjørkeskog. Seterstølen blir beita av hestar, og vegetasjonen er grasdominert og open. Rundt kantane er beitemarkene likevel prega av attgroing med vier og fjellbjørk. Seterstølen verkar noko gjødselpåverka med mange nitrofile planteartar, og det er og noko trakkskadar. Ein del av vegetasjonen er magrare med mykje engkvein og følblom. Ovafor vegen er det fjellbjørkeskog blanda med halvopen rasmark med tyrihjelm, sibirbjønnkjeks og firkantperikum.

**Kommentarar til funn:** Det vart funne 72 planteartar, mellom desse 13 naturengplanter (t.d. blåklokke, flekkmure, harerug, kjertelaugnetrøst, prestekrage og småengkall) og 5 seterplanter. Av beitemarkssopp vart det berre funne kvit fjellmunkehatt (*Melanoleuca subalpina*). Det synest å vera potensiale for beitemarkssopp på delar av stølen.

**Råd om framtidig bruk:** Området har minst lokal verdi og bør beitast også i framtida. Det kan vera ønskjeleg med noko krattrydding. Vurdering av andre verdiar hos Stoknes (1995): "Området har stor bevaringsverdi."

## **Herdalen: Kaldskardstølen**

### **Kategori: 3 - lokal verdi**

**Områdeskildring, vegetasjon:** Kaldskardstølen ligg på ei fjellhylle høgt over Herdalsvatnet. Her var drift frå 1840 til først på 1900-talet, og sidan beiting fram til 1960-70-talet (Stoknes 1995). I dag synest det å vera lite beiting her. Området rundt er dominert av fjellbjørkeskog. Nedst på stølen er det sterk attgroing med nitrofile marikåper og mykje vendelrot, geitrams, firkantperikum, stornesle, tyrihjelm, sølvbunke, skogburkne og ormetelg. Rundt husa er det noko nake berg, elles finst mindre parti med mager eng dominert av finnskjegg, gulaks og engkvein. På fjellhylla elles er det ein del fattigmyr (slåttestorr, duskull, stjernestorr, trådsiv og myrfiol) og litt nedbørsmyr (torvull, molte, kvitlyng m.m.).

**Kommentarar til funn:** Det vart funne 72 planteartar, mellom desse 6 naturengplanter og 6 seterplanter. Det vart ikkje funne beitemarkssopp.

**Råd om framtidig bruk:** Området har lokal verdi, og vil gro gradvis att om det ikkje blir beita. Vurdering av andre verdiar hos Stoknes (1995): "Området inneholder bevaringsverdige elementer".

## **Dyrdalen: Rellingsetra**

### **Kategori: 2 - regional verdi**

**Områdeskildring, vegetasjon:** Dette er eit stort seterområde i eit slakt hallande landskap fram mot elva og dalmunningen i Dyrdalen, der terrenget fell bratt ned mot Norddalen. Det går no bilveg heilt fram til stølen. Seterdrifta slutta sist på 1950-talet (Stoknes 1995), men området blir framleis beita av eit stort antal dyr (sau og storfe). I Møre og Romsdal er det få seterområde som har eit såpass stort beitetrykk som Rellingsetra. Rundt setervollen er det dels steingjerde, og utafor der er det beitepåverka bjørkeskog, noko planta gran, og sør over ein del open lyngmark med noko bjørke- og vierbusker. Vegetasjonen på vollen er kortbeita engsamfunn med eit litt nitrofilt preg i sentrale deler og dominans av artar som sølvbunke, engrapp, marikåper og kvitkløver. Ut mot kantane blir vegetasjonen magrare og meir moserik med dominans av finnskjegg, engkvein, gulaks og tepperot. Rundt kantane finst også lyngmark med blåbær, kreling og litt dvergbjørk, og dessutan litt fattigmyr. Det opne området er stort og trelaust utan teikn på attgroing, og skogen rundt er beitepåverka langt innover Dyrdalen.

**Kommentarar til funn:** Det vart funne 78 planteartar, mellom desse 16 naturengplanter (t.d. aurikkelsvæve, blåklokke, harerug, hårvæve, kattefot, kjertelaugnetrøst og knegras) og 6 seterplanter (t.d. fjellaugnetrøst, fjelltimotei og trefingerurt). Det vart funne 18 artar av grasmarkssopp, av desse 9 beitemarkssopp (11 artspoeng). Mellom desse kan nemnast gulfotvokssopp (*Hygrocybe flavipes*), brunfnokka vokssopp (*Hygrocybe helobia*) og liten vokssopp (*Hygrocybe insipida*). Den største overraskinga var 3. funn i Norge av den sjeldne arten grynkollsliresopp (*Squamanita paradoxa*) nær parkeringsplassen.

**Råd om framtidig bruk:** Særleg kantområda er artsrike og området som heilskap har minst regional verdi. Beitinga bør haldla fram. Vurdering av andre verdiar hos Stoknes (1995): "Området har stor bevaringsverdi".

## **Dyrdalen: Innsetsetra**

### **Kategori: 3 - lokal verdi**

**Områdeskildring, vegetasjon:** Setrane ligg på austsida av elva i Dyrdalen og var i drift til rundt 1955 (Stoknes 1995). Området blir i dag beita av storfe og sau og er i ganske bra hevd. Det er litt oppslag av bjørk i kantane. I hellingane rundt husa er det steinet fastmark med ein god del sølvbunkeeng, men og noko mager natureng med gulaks og engkvein. Det finst og finnskjeggdominerte parti og innslag av einer. På dei flatare områda nedanfor er det mest fattigmyr og litt nedbørsmyr omkransa av bjørkeskog.

**Kommentarar til funn:** Det vart funne 60 planteartar, mellom desse 8 naturengplanter og 4 seterplanter. Det vart ikkje funne beitemarkssopp, men området synest å vera høveleg for slike artar.

**Råd om framtidig bruk:** Lokaliteten er førebels vurdert å ha lokal verdi, og beitinga bør haldla fram. Vurdering av andre verdiar hos Stoknes (1995): "Området har stor bevaringsverdi".

## **Eidsdal: Toresetra (Hjellesetra)**

### **Kategori: 2 - regional verdi**

**Områdeskildring, vegetasjon:** Seterområdet ligg høgt oppe i lia på austsida av Eidsdalen, sør for Storås. Det var drift her til rundt 1950 (Stoknes 1995), men området blir framleis beita av sau. Beitetrykket er relativt bra. Det er rydda noko einer på vollen i seinare tid. Nedst på vollen står framleis noko einer att. Heile lia sør over herifrå til Veibergsetra har uvanleg stort innslag av store søyleeinrar. Toresetra har likevel noko attgroing med bjørk og gråor i kantane.

**Kommentarar til funn:** Det vart funne 49 planteartar, mellom desse 6 naturengplanter (m.a. mykje kjertelaugnetrøst) og 2 seterplanter. Det vart funne 28 artar av grasmarkssopp, av desse 19 beitemarkssopp (28 artspoeng). Mellom desse kan nemnast gulbrun narrevokssopp

(*Camarophyllopsis schulzeri*), semska raudskivesopp (*Entoloma jubatum*), gulfotvokssopp (*Hygrocybe flavipes*), limvokssopp (*Hygrocybe glutinipes*; sårbar på raudlista, få funn i Norge) og væpnarhatt (*Rhodocybe caelata*).

**Råd om framtidig bruk:** Plantelivet var trivielt, men soppfloraen viser at dette er ein fin, gammel kulturlandskapslokalitet som blir bedømt til regional verdi. Området bør beitast også i framtida, og rydding av buskoppsslag er positivt. Vurdering av andre verdiar hos Stoknes (1995): "Området har stor bevaringsverdi".

### **Eidsdal: Storhjellesetra**

**Kategori:** 2/3 - regional/lokal verdi

**Områdeskildring, vegetasjon:** Minnet om denne setra finst som ei opning med attgroande einerbakkar i skogen mellom Toresetra og Veibergsetra, med nokre steinmurar utan hus. Området er beita av streifande sauher, beitetrykket er svakt. Heile lia fra Toresetra til Veibergsetra har uvanleg stort innslag av store søyleeinerar, som dels står inne i skogen. Vegetasjonen består dels av sølvbunkeeng, innslag av mager eng med engkvein, men mest av einerbakke med grov søyleeiner (opptil 25 cm i stammediameter og 7-8 meters høgde) med attgroing av skogburkne, tyrihjelm og bringebær.

**Kommentarar til funn:** Det vart funne 39 planteartar, mellom desse 3 naturengplanter og 2 seterplanter. Det vart ikkje funne beitemarkssopp. Lokaliteten vart ikkje grundig undersøkt.

**Råd om framtidig bruk:** Det mest spesielle ved området er dei store søyleeinerane. Om området vart restaurert for å få fram at dette landskapselementet kunne det bli eit av dei mest særprega i sitt slag i fylket, for fine einerbakkar med grov søyleeiner er i dag ein svært sjeldan kulturmarkstype. I så fall ville området ha ein regional verdi. Om attgroinga held fram vil eineren gradvis bli skugga ut av skogstre, bli mindre vital og truleg døy ut med tida.

### **Eidsdal: Veibergsetra**

**Kategori:** 3 - lokal verdi

**Områdeskildring, vegetasjon:** Seterområdet ligg høgt oppe i lia på austsida av Eidsdalen. Det var drift her til 1946 (Stoknes 1995), men området blir framleis beita av sau og storfe.

Beitetrykket er nokså svakt, og området gror sakte att med høgt gras, og med busker i kantane. Skoglia rundt er dominert av lauvskog med bjørk og gråor. Vegetasjonen på vollen er i stor grad attgroande sølvbunkeeng med ein del myrtistel. På næringsrike stader ved husa er vegetasjonen nitrofil med stornesle og tyrihjelm. Det finst også magrare parti med finnskjegg og engkvein. Øvst på vollen finst ein mager einerbakke med vegetasjon av gulaks og finnskjegg og innslag av blåbærlyng. Ovafor vollen er det dels eit berglendt terreng. På vollen finst også grunnlendte berg med hårvæve og fjellmarikåpe.

**Kommentarar til funn:** Det vart funne 54 planteartar, mellom desse 9 naturengplanter (t.d. aurikkelsvæve, blåklokke, hårvæve og jonsokkoll) og 2 seterplanter. Det vart ikkje funne beitemarkssopp.

**Råd om framtidig bruk:** Området har ein triviell flora og er i sakte attgroing. Sjølv om ikkje store verdiar er påvist er det ønskjeleg at området blir beita også i framtida. Vurdering av andre verdiar hos Stoknes (1995): "Området har stor bevaringsverdi".

### **Eidsdal: Kilstisetra**

**Kategori:** 2 - regional verdi

**Områdeskildring, vegetasjon:** Kilstisetra ligg fint til ved nordvestenden av Kilstivatnet på vestsida av Eidsdalen. Det var drift her til slutten av 1940-talet (Stoknes 1995). Området blir i dag beita av både sau, storfe og geit, og beitetrykket er godt. Vegetasjonen har høg mosedekning (60-70% dekning av engkransmose) og lite strø, dette viser at området er i god hevd, og det er få

andre teikn til attgroing. Setervollen er open med innslag av einer. I området rundt finst fjellbjørkeskog og litt furu. Vegetasjonen består mest av mager eng med mykje engkvein og gulaks i mosaikk med finnskjegghei. Ovafor seterhusa har vegetasjonen eit sterkare lynginnslag, men også her med mykje finnskjegg. Ned mot vatnet har setervollen innslag av fukteng med stjernestorr og trådsiv.

**Kommentarar til funn:** Det vart funne 63 planteartar, mellom desse 15 naturengplanter (t.d. blåklokke, dvergjamne, harerug, jonsokkoll, kjertelaugnetrøst, marinøkkel, prestekrage og smalkjempe) og 4 seterplanter (t.d. fjelltimotei og trefingerurt). Marinøkkel er i dag sjeldan å finna i seterlandskapet på Sunnmøre. Det vart funne 24 artar av grasmarkssopp, av desse 12 beitemarkssopp (19 artspoeng). Av desse kan nemnast gulbrun narrevokssopp (*Camarophyllopsis schulzeri*), bronseraudskivesopp (*Entoloma formosum*), lillagrå raudskivesopp (*Entoloma griseocyaneum*), den sjeldne *Entoloma cyanulum* (første funn i fylket, berre 3-4 funn i Norge), brunfnokka vokssopp (*Hygrocybe helobia*) og mørkskjela vokssopp (*Hygrocybe turunda*). Nærare undersøkingar vil truleg avsløra langt fleire artar av beitemarkssopp.

**Råd om framtidig bruk:** Området er både artsrikt og i god hevd, og det er sterkt ønskjeleg at det blir hevda med beiting også i framtida. Vurdering av andre verdiar hos Stoknes (1995): "Området inneholder bevaringsverdige elementer".

### Norddalsfjorden: Verpesdalssetra

**Kategori: 3 - lokal verdi**

**Områdeskildring, vegetasjon:** Dette var setra til dei tre Verpesdalsgardane, og den var i drift til 1940-45 (Stoknes 1995). Setra ligg i ei slakt hallande fjellsida eit stykke ovafor Skrenakken ved Norddalsfjorden vest for Eidsdal. Området er beita av streifande sauher. Beitettrykket er svakt, og vegetasjonen har attgroingstrekk både i grasmrkene (høgt gras) og rundt kantane (oppslag av busker). Vegetasjonen består i stor grad av attgroande sølvbunkeeng med innslag av myrtistel. I brattare skråningar og udyrka kantområde finst magrare natureng med gulaks og engkvein. I området rundt er det fjellbjørkeskog, myr og steinur.

**Kommentarar til funn:** Det vart funne 43 planteartar, mellom desse 9 naturengplanter (t.d. kjertelaugnetrøst) og 3 seterplanter (t.d. fjelltimotei og trefingerurt). Det vart funne 16 artar av grasmarkssopp, av desse 9 beitemarkssopp (12 artspoeng). Av desse kan nemnast semska raudskivesopp (*Entoloma jubatum*), lillabrun raudskivesopp (*Entoloma porphyrophaeum*; ca. 14 funn i Norge) og brunfnokka vokssopp (*Hygrocybe helobia*).

**Råd om framtidig bruk:** Området har ei viss biologisk interesse. Beitettrykket i dag er likevel truleg ikkje sterkt nok til å hindra attgroing. Vurdering av andre verdiar hos Stoknes (1995): "Området har stor bevaringsverdi".

### Norddalsfjorden: Skrenakken

**Kategori: 3 - lokal verdi**

**Områdeskildring, vegetasjon:** Dette er ein av de kjente hyllegardane på Sunnmøre. Kulturmarka er ute av bruk, men det streifar sauher i området. Vegetasjonen på innmarka består i vesentleg grad av attgroande sølvbunkeeng med høgt gras. I fuktigare parti kjem det inn ein del myrtistel og andre fuktengplanter. I udyrka parti finst ein del magrare natureng dominert av gulaks og engkvein. Det var i desse naturengene at det vart funne beitemarkssopp.

**Kommentarar til funn:** Det vart funne 48 planteartar, mellom desse 10 naturengplanter (t.d. blåklokke, dunhavre, harerug, hårsvæve, kjertelaugnetrøst og småengkall) og 1 seterplante. Det vart funne 16 artar av grasmarkssopp, av desse 9 beitemarkssopp (13 artspoeng). Av desse kan nemnast raudskivesoppen *Entoloma atrocoeruleum*, lillabrun raudskivesopp (*Entoloma porphyrophaeum*; ca. 14 funn i Norge) og brunfnokka vokssopp (*Hygrocybe helobia*).

**Råd om framtidig bruk:** To av beitemarkssoppene står på raudlista, ut over dette er det ikkje påvist vesentlege biologiske verdiar. Men på ein så spesiell stad som dette kunne det vera ønskjeleg at også landskapet og vegetasjonen blir halden ved like. Biologisk sett vil det vera viktigast å oppretthalda hevden i dei udyrka partia, m.a. i ein udyrka bakke nedafor husa.

### **Norddalsfjorden: Verpesdal**

**Kategori: 3 - lokal verdi**

**Områdeskildring, vegetasjon:** Verpesdal består av tre gardsbruk fram mot fjorden og inne ved Verpesdalsvatnet. Området er i dag ute av drift og er i kraftig attgroing. Mindre område rundt nokre av husa og langs stiane var slått i 1997. Innmarka på alle brukena har kraftig og frodig attgroingsvegetasjon av geitrams, bringebær, strandrøyr, stornesle, sølvbunke m.m.

**Kommentarar til funn:** Det vart funne 45 planteartar på kulturmarka, mellom desse 9 naturengplanter. Artar som blåklokke, blåkoll, bråtestorr, finnskjegg, gulmaure, jonsokkoll, lækjeveronika, smalkjempe, småsyre, tepperot og tviskjeggveronika vart berre notert på stader som var slått i 1997 og truleg har vore slått årleg også tidlegare. Desse artane er forsvunne som følgje av attgroing på resten av arealet. Det vart ikkje funne beitemarkssopp. Området vart ikkje grundig undersøkt.

**Råd om framtidig bruk:** Størst biologisk interesse knyter seg i dag til høvet til å studera attgroingsprosessar. Om ikkje noko form for bruk blir teke opp att vil særpreget knytt til tidlegare drift gradvis bli viska ut.

# Rauma

I Rauma er det i 1997-98 besøkt ein del setervollar i samband med føreslegne landskapsvernområde i kommunen, og i tillegg nokre lokalitetar i Innfjorden. Tidlegare er nokre lokalitetar i Brøstdalen, Romsdalen, Ljøsådalen, Rødven og rundt Åfarnes besøkt (Jordal & Gaarder 1993, 1995a, 1997). Rauma er den største sauekommunen i fylket med 6-7000 vinterfôra dyr dei siste åra. Det er derfor ein kommune som truleg har mange biologisk interessante område som ikkje er undersøkt.

## *Innfjorden: Tortekeila (Demdal)*

### Kategori: 3 - lokal verdi

**Områdeskildring, vegetasjon:** Dette er ei ekstensivt drive slåtteeng på nordsida av Demdalsvatnet. Enga har berre tilgang med robåt, om vinteren stundom også med motorkjøretøy på elveisen. Enga blir gjødsla med ca. 1 sekks fullgjødsel kvar vår (ca. 3 dekar; kjelde Ivar Demdal). Vegetasjonen er mest engkveindominert med engsyre, kvitkløver og skogstorkenebb. Rundt står storvaksen lauvskog med bjørk, gråor, hegg og rogn, men og furu og litt planta gran. Området er storsteinet og prega av det store steinraset som var opphavet til Demdalsvatnet.

**Kommentarar til funn:** Det vart funne 59 planteartar, mellom desse 10 naturengplanter. Det vart ikkje funne beitemarkssopp.

**Råd om framtidig bruk:** Området er ikkje av dei mest interessante, men bør brukast som før.

## *Innfjorden: NØ for Demdal*

### Kategori: 3 - lokal verdi

**Områdeskildring, vegetasjon:** Lokaliteten er eit raspåverka, udyrka beite på øversida av vegen nokre hundre meter nordaust for Demdal, beita av sau og storfe. Beitetrykket er bra. Vegetasjonen var mykje engkveindominert, og somme parti verka gjødselpåverka og nitrofile med krypsoleie og engrapp. Andre parti verka magrare og hadde ein del beitemarkssopp.

**Kommentarar til funn:** Det vart funne 40 planteartar, mellom desse 5 naturengplanter. Det vart funne 17 grasmarkssopp, av desse 11 artar av beitemarkssopp (13 artspoeng).

**Råd om framtidig bruk:** Området bør beitast også i framtida.

## *Innfjorden: Berillstølen*

### Kategori: 2 - regional verdi

**Områdeskildring, vegetasjon:** Stølen ligg ved Berillvatnet i Innfjordfjellet. Det blir drive seterdrift med kyr. Vollen blir noko gjødsla med litt kunstgjødsel om våren og litt naturgjødsel om hausten (kjelde: landbrukskontoret). Nedafor husa dominerer sølvbunkeeng. Elles finst noko magrare eng med litt sølvbunke og ein del finnskjegg, engkvein, gulaks og småengkall. Det var mest artsrikt i kantområda ovafor setrane.

**Kommentarar til funn:** Det vart funne 51 planteartar, mellom desse 12 naturengplanter (t.d. aurikkelsvæve, blåklokke, harerug, kattefot og småengkall) og 3 seterplanter. Det vart funne 13 grasmarkssopp, av desse 7 beitemarkssopp (11 artspoeng), og det er grunn til å tru at ein del fleire slike artar kan finnast. Det mest interessante var funnet av fiolett greinkøllesopp (*Clavaria zollingeri*), ein sjeldan og vakker art som står som sårbar på den norske raudlista.

**Råd om framtidig bruk:** Området har regional verdi, det bør framleis beitast.

## *Innfjorden: Bøstølen*

### Kategori: 2 - regional verdi

**Områdeskildring, vegetasjon:** Bøstølen ligg noko innanfor Berillstølen i Innfjordfjellet. Det er fleire setrar og eit nokså stort ope areal. Her blir det framleis drive setring med ku på 2-3 setrar.

Området blir også beita av sau. Hevden er god, og det er få teikn til attgroing. Det finst og fleire hytter, dels inngjerda med plen. Omgjevnadene består av fjellbjørkeskog. Det finst planta gran i seterlandskapet. Vegetasjonen består dels av finnskjegghei, dels av gulaks- og engkvein-dominerte engsamfunn. Det finst og noko sølvbunkeeng, fuktenger/fattigmyr og litt lyngmark med blåbær eller krekling mot kantane. Rundt husa finst ein del nitrofil vegetasjon med m.a. stornesle og høymole.

**Kommentarar til funn:** Det vart funne 67 planteartar, mellom desse 12 naturengplanter (t.d. aurikkelsvæve, harerug, heisiv og kornstorr) og 4 seterplanter (t.d. fjellaugnentrøst og trefingerurt). Det vart funne 27 grasmarkssopp, av desse 10 artar av beitemarkssopp (11 artspoeng).

**Råd om framtidig bruk:** Området har regional verdi, og området bør beitast også i framtida.

### **Innfjorden: Røsta**

**Kategori: 3 - lokal verdi**

**Områdeskildring, vegetasjon:** Røsta er ein liten seterstøl som ligg innanfor Bøstølen i Innfjordfjellet. Området blir beita av storfe og sau. Beitetrykket er ganske bra. Stølen har eit lite område av fastmarkseng, dels sølvbunkeeng, men og innslag av finnskjegghei og natureng dominert av engkvein, ryllik og følblom. Nedst på vollen er det fattigmyr. Elles finst oppslag av skogburkne og bringebær, og i kantane også bjørkebusker.

**Kommentarar til funn:** Det vart funne 68 planteartar, mellom desse 12 naturengplanter (t.d. aurikkelsvæve, blåklokke, harerug, heisiv og jonsokkoll) og 3 seterplanter. Det vart funne 18 grasmarkssopp, av desse 5 artar av beitemarkssopp (6 artspoeng).

**Råd om framtidig bruk:** Området bør beitast også i framtida.

### **Verma: Slettalia**

**Kategori: 2/3 - regional/lokal verdi**

**Områdeskildring, vegetasjon:** Slettalia består av to bruk som tidlegare har hatt busetnad, men som no berre er bruka til beite for sau vår og haust. Beitetrykket er totalt sett moderat fordi graset som veks opp om sommaren blir for gammalt til at det blir skikkeleg beita om hausten. Ved det ytste bruket var det i 1997 i tillegg slått rundt husa. Vegetasjonen på innmarka består av utmagrande sølvbunkeeng med innslag av gulaksdominert eng på dei magraste plassane, t. d. i udyrka skråningar og kantar. Rundt husa er det ein del nitrofil vegetasjon med bringebær, kveke, stornesle og høymole.

**Kommentarar til funn:** Det vart funne 56 planteartar, mellom desse 7 naturengplanter (m. a. blåklokke, kvitmaure, småengkall og sumpmaure) og 1 seterplante. Det vart funne 17 artar av grasmarkssopp, av desse 10 beitemarkssopp (19 artspoeng). Mellom desse kan nemnast gulbrun narrevokssopp (*Camarophyllospis schulzeri*), semska raudskivesopp (*Entoloma jubatum*) og dei lite kjente raudskivesoppane *Entoloma pratulense* og *E. pseudocoelestinum*.

**Råd om framtidig bruk:** Sauebeitinga opprettheld eit interessant mangfold av beitemarkssopp med fleire sjeldne artar, og det er ønskeleg at beitinga held fram. Det kan vera aktuelt å rydda buskoppsslag etter kvart.

### **Verma: Månasetra**

**Kategori: 3 - lokal verdi**

**Områdeskildring, vegetasjon:** Månasetra ligg på ei lita hylle nede i dalsida mellom Verma og Slettafjellet. Vollen er inngjerda, og har vore slått fram til no (kjelde: landbrukskontoret). Vollen er omkransa av lauvskog (bjørk og gråor) med innslag av furu og gran. Vegetasjonen består av sølvbunkeeng, magrare eng med engkvein, og finnskjegghei.

**Kommentarar til funn:** Det vart funne 60 planteartar, mellom desse 15 naturengplanter (t.d. aurikkelsvæve, harerug, hårvæve, jonsokkoll, prestekrage og småengkall) og 2 seterplanter. Det vart ikkje funne beitemarkssopp, men dette skuldast nok tørken før besøket. Lokaliteten synest å høva for ein del slike artar, som berre kan påvisast ved fleire besøk.

**Råd om framtidig bruk:** Det relativt høge talet på naturengplanter har truleg å gjera med hevden fram til no. Det er ønskjeleg at slåtten held fram. Om dette ikkje er råd bør gjerdet fjernast så sauken kan koma til.

### **Verma: Slettafjellsetrane**

**Kategori: 3 - lokal verdi**

**Områdeskildring, vegetasjon:** Slettafjellsetrane har eit stort inngjerda område med dyrka mark som blir hausta maskinelt. Det som vart undersøkt var berre ein liten flekk med naturbeitemark utafor gjerdet ovafor seterhusa (ved enden av vegen). Vegetasjonen var her mager engkveindominert eng. I omgjevnadene vaks storstamma, lysopen og beitepåverka bjørkeskog.

**Kommentarar til funn:** Det vart funne 37 planteartar, mellom desse 7 naturengplanter (t.d. blåklokke, dvergjamne, harerug, kjertelaugnetrøst og småengkall) og 4 seterplanter. Det vart funne 14 artar av grasmarkssopp, av desse 8 beitemarkssopp (11 artsspoeng). Her kan nemnast semska raudskivesopp (*Entoloma jubatum*), lillabrun raudskivesopp (*Entoloma porphyrophaeum*) og brunfnokka raudskivesopp (*Hygrocybe helobia*).

**Råd om framtidig bruk:** Beitinga opprettheld her eit lite, men relativt artsrikt område av naturbeitemark. Beitinga bør halda fram.

### **Verma: Evensemsetra**

**Kategori: 3 - lokal verdi**

**Områdeskildring, vegetasjon:** Setervollen er relativt liten og ligg omkransa av bjørkeskog, litt furu og gran. Sau streifbeiter i området. Det er svak hevd med middels høgt gras og oppslag av busker. Vegetasjonen består av sølvbunkeeng og noko magrare eng med engkveindominans.

**Kommentarar til funn:** Det vart funne 41 planteartar, mellom desse 6 naturengplanter og 2 seterplanter. Av beitemarkssopp vart det berre funne bleikskiva raudskivesopp (*Entoloma infula*). Ved første besøk var det lite sopp fordi veret var tørt, ved andre besøk hadde det vore noko frost, og det låg litt snø på marka. Av andre soppartar kan nemnast kobiltraudskivesopp (*Entoloma nitidum*), som først og fremst er ein lauvskogsart.

**Råd om framtidig bruk:** Setervollen er ikkje av dei mest interessante, men bør beitast også i framtida.

### **Verma: Stavemstølen**

**Kategori: 2/3 - regional/lokal verdi**

**Områdeskildring, vegetasjon:** Stølen ligg på nordsida av vassdraget i Vermedalen. Området er opprinneleg overflatedyrka og blir i dag beita av sauher, beitetrykket er godt. Det opne arealet er rundt 10 dekar og er i attgroing med bjørk rundt kantane. Omgjevnadene er dominert av fjellbjørkeskog med innslag av rogn. Elles finst noko einer. Deler av vollen verka ganske tørr ved besøket. Vegetasjonen er i stor grad dominert av finnskjegg, og det har truleg vore lite gjødsling i nyare tid. Somme stader er det ein god del stivstorr og fjellmarikåpe. I kantane finst noko blåbærdominert vegetasjon. Det vart utført ei 10x10 m ruteanalyse (vedlegg 3), og her var det m. a. 10% strø og 50% mosar, noko som understrekar at beitetrykket er godt. Ruta var middels artsrik med 27 planteartar, 12 naturengplanter og 3 seterplanter. Dominerande artar i ruta var finnskjegg (40%), smyle (10%) og engkvein (5%).

**Kommentarar til funn:** Det vart funne 54 planteartar, mellom desse 15 naturengplanter (t. d. aurikkelsvæve, blåklokke, harerug, hårvæve, jonsokkoll, kjertelaugnetrøst og småengkall) og 4

seterplanter. Av særleg interesse er den sjeldne og beite/slåttbetinga plantearten *Hieracium suecicum*, som tilhører hårvæve-gruppa. Denne arten står på utkast til ny raudliste for karplanter (Elven i manus) og er elles funne ved "Vermedalsseter" for lang tid sidan (Omang 1934). I tillegg vart det funne ein ubestemt svæve-art av hårvæve-gruppa. Av beitemarkssopp vart det funne engvokssopp (*Hygrocybe pratensis*) og brunfnokka vokssopp (*Hygrocybe helobia*). Soppfloraen var dårleg utvikla ved besøket, og kan vera vesentleg meir artsrik enn det som vart påvist.

**Råd om framtidig bruk:** Lokaliteten er ganske artsrik, og det er viktig at den blir beita også i framtida. Av andre verdiar kan nemnast ei uvanleg stor høyløe.

### **Verma: Sæterstølen**

**Kategori: 3 - lokal verdi**

**Områdeskildring, vegetasjon:** Stølen ligg på nordsida av vassdraget i Vermedalen, lenger oppe i dalen enn Stavemstølen. Området er opprinnelig overflatedyrka og blir i dag beita av sau, beitetrykket er godt. Det er og utført noko nydyrkning for ca. 15 år sidan. Omgjevnadene er dominert av fjellbjørkeskog. Vollen er dominert av relativt artsfattig finnskjegghei.

Vegetasjonen kan tyda på at området i periodar har vore overbeita.

**Kommentarar til funn:** Det vart funne 42 planteartar, mellom desse 11 naturengplanter (t. d. blåklokke, gulmaure, jonsokkoll, småengkall og ein ubestemt art av hårvæve-gruppa) og 4 seterplanter. Det vart ikkje funne beitemarkssopp, men sesongen var dårleg ved besøket.

**Råd om framtidig bruk:** Lokaliteten bør beitast også i framtida.

### **Brøstdalen: Staksenga**

**Kategori: 3 - lokal verdi**

**Områdeskildring, vegetasjon:** Dette er ein gard framme i Brøstdalen som har hatt lite drift i seinare tid, men der det er interesse for fornya drift. Beitetrykket har vore lågt, og grasmarkene er i attgroing. Dyrkamarka består for det meste av høgvaksen sølvbunkeeng med beitespor etter sau og storfe. I kantane fanst meir mager natureng. I tillegg fanst tørrbakkar med innslag av tørrbakkeartar som blårapp, kattefot, småbergknapp, småsmelle, stemorsblom og sølvmore.

**Kommentarar til funn:** Det vart funne 57 planteartar, mellom desse 13 naturengplanter (m.a. bråtestorr, flekkmure, jonsokkoll, prestekrage, småengkall og tiriltunge) og 5 seterplanter (m.a. aksfrytle, fjelltimotei og slirestorr). Det vart ikkje funne beitemarkssopp, noko som ikkje er overraskande tatt i betrakting den dårlege hevden i seinare tid.

**Råd om framtidig bruk:** Det er positivt om drifta blir tatt opp att. Det er ønskeleg å gjødsla minst muleg på dei små areala som finst av tørrbakkar og magre kantar.

### **Brøstdalen: Alnesstølen**

**Kategori: 3 - lokal verdi**

**Områdeskildring, vegetasjon:** Alnesstølen er eit ope område med utsjånad som ein seterstøl, men utan tydelege spor etter hus. Området er beita av sau, storfe og hest. Beitetrykket er godt, men det er litt oppslag av busker i kantane. Omgjevnadene består av fjellbjørkeskog med innslag av furu. På vollen finst noko einer og lappvier. Vegetasjonen var nokså tørkeprega, med dominans av finnskjegg eller engkvein.

**Kommentarar til funn:** Det vart funne 32 planteartar, mellom desse 12 naturengplanter (m.a. aurikkelsvæve, blåklokke, flekkmure, harerug, hårvæve, kjertelaugnetrøst og ein ubestemt art av hårvæve-gruppa) og 3 seterplanter. Det vart funne 5 artar av grasmarkssopp, av desse 2 vanlege artar av beitemarkssopp, men sesongen var dårleg ved dei to besøka.

**Råd om framtidig bruk:** Området bør beitast også i framtida.

## **Brøstdalen: Furuholen**

### **Kategori: 3 - lokal verdi**

**Områdeskildring, vegetasjon:** Furuholen ligg i ei helling ved vegenden i vestre del av Brøstdalen. Området er beita av sau, storfe og hest. Beitetrykket er godt, men det er litt oppslag av busker i kantane. Omgjevnadene består av fjellbjørkeskog. Vegetasjonen består hovudsakeleg av sølvbunkeeng som somme stader går over i fukteng med duskull, myrfiol, myrhatt, myrmjølke, slåttestorr og stjernestorr. Det finst og innslag av mager finnskjegghei. Seterhusa er inngjerda, og noko av dette arealet blir slått. Ved husa finst noko gras- og urterik natureng, der også dei fleste beitemarkssoppene vart funne.

**Kommentarar til funn:** Det vart funne 56 planteartar, mellom desse 13 naturengplanter (m.a. blåklokke, harerug, hårvæve, jonsokkoll, kjertelaugnetrøst, småengkall og tiriltunge) og 3 seterplanter. Det vart funne 13 artar av grasmarkssopp, av desse 5 vanlege artar av beitemarkssopp (5 artspoeng).

**Råd om framtidig bruk:** Området bør beitast også i framtida. Det inngjerda området bør ikkje få gro att, men slåast eller beitast ein gong imellom.

## **Ulvådalen: Tunga**

### **Kategori: 3 - lokal verdi**

**Områdeskildring, vegetasjon:** Tunga er eit seterområde ved inngangen til Ulvådalen, på sørsvida av Ulvåa. Omgjevnadene består av fjellbjørkeskog med innslag av furu. Området er stengt for dyr og gror att både med høgd gras og med småbjørk i kantane. Vegetasjonen består dels av attgroande sølvbunkeeng med geitrams, dels av sølvbunke og engkvein i blanding med skogstorkenebb, ein nokså høgstaudeprega vegetasjon. Nedanfor eit restaurert fjøs er det tilnærma monokultur av geitrams.

**Kommentarar til funn:** Det vart funne 50 planteartar, mellom desse 8 naturengplanter (m. a. blåklokke, harerug og småengkall) og 4 seterplanter (m.a. fjelltimotei og trefingerurt). Det vart ikkje funne beitemarkssopp.

**Råd om framtidig bruk:** Beitinga burde vore tatt opp att, eller vollen burde vore slått med visse mellomrom, elles vil attgroinga ta overhand.

## **Ulvådalen: Trollstølen**

### **Kategori: 3 - lokal verdi**

**Områdeskildring, vegetasjon:** Trollstølen ligg nokså bortgøymd i fjellbjørkeskogen ved indre del av Ulvådalsvatnet. Det opne arealet er ca. 4 dekar og er litt steinet. Beitetrykket er godt (sau), men det er oppslag av bjørk, einer og sølvvier i kantane og langs bekken. Seterdrift med kyr vara til 1947 (kjelde: landbrukskontoret). Selet er inngjerda (ca. 0,5 dekar) i 1997. Vegetasjonen består mest av engkveindominert, mager eng med innslag av ryllik og følblom. Sølvbunke var det lite av. Elles finst noko finnskjegghei.

**Kommentarar til funn:** Det vart funne 43 planteartar, av desse 7 naturengplanter (m.a. flekkmure og jonsokkoll, marinøkkel vart funne av Solveig Brøste Sletta i juni 1998) og 8 seterplanter (t.d. fjellaugnetrøst, seterarve og trefingerurt). Det vart ikkje funne beitemarkssopp, men sesongen var därleg.

**Råd om framtidig bruk:** Lokaliteten var ikkje av dei mest artsrike, men bør beitast også i framtida.

## **Ulvådalen: Vakkerstølsletta**

### **Kategori: 3 - lokal verdi**

**Områdeskildring, vegetasjon:** Dette er ei slette omkransa av beitepåverka fjellbjørkeskog eit stykke ovafor turisthytta Vakkerstølen. Området har godt beitetrykk av sau, storfe beita også i

området fram til 1947. Sletta kan ha vore tidlegare slåttemark. 3 saltsteinar fører til tilstrøyming av sau, og litt oppgjødsling som følgje av dette. Vegetasjonen var for det meste gras- og urterik med ein del engkvein og engrapp.

**Kommentarar til funn:** Det vart funne 21 planteartar, mellom desse 2 naturengplanter og 5 seterplanter. Det vart ikkje funne beitemarkssopp.

**Råd om framtidig bruk:** Sletta var ikkje av dei mest artsrike, men bør beitast også i framtida.

### **Øvre Romsdal: Rødstølsetra**

**Kategori:** 2/3 - regional/lokal verdi

**Områdeskildring, vegetasjon:** Rødstølsetra er eit stort seterområde som ligg på nordaustsida av Rauma mellom Øverdalen og Brude. Her beiter sau og i 1997 fanst også spor etter hest. Hevden er ganske god, men det er litt attgroing av busker i kantane. Dominerande vegetasjon var mager gulaksdominert eng med engkvein, noko sølvbunkeeng, og dessutan små parti med tørrbakke med artar som sølvture og småbergknapp.

**Kommentarar til funn:** Det vart funne 48 planteartar, mellom desse 16 naturengplanter (t. d. aurikkelsvæve (bra bestand), blåklokke, harerug, hårvæve, jonsokkoll, kjertelaugnetrøst, kvitmaure og prestekrage) og 2 seterplanter. Ein sjeldan grasmarkssopp som vart funnen her var pukkelkragesopp (*Stropharia umbonatescens*), ein art som er knytt til møkkpåverka stader. Det vart funne 11 artar av grasmarkssopp, av desse berre 2 beitemarkssopp. Dette må sjåast på bakgrunn av den tørre hausten og at området er solvendt. Lokalitetten synest å vera høveleg for slike artar og bør undersøkast nærare.

**Råd om framtidig bruk:** Det er viktig at området blir beita også i framtida.

### **Øvre Romsdal: Kyllingsetra**

**Kategori:** 3 - lokal verdi

**Områdeskildring, vegetasjon:** Setervollen ligg ovafor Rødstølsetra på nordaustsida av Rauma mellom Øverdalen og Brude. Området blir beita av sau, og ved besøket også av 2 hestar, og er i god hevd bortsett frå ligg buskoppslag i kantane. Omgjevnadene består av fjellbjørkeskog. Vegetasjonen er dels mager eng med engkvein, gulaks og ryllik, dels finnskjegghei.

**Kommentarar til funn:** Det vart funne 63 planteartar, mellom desse 15 naturengplanter (t. d. blåklokke, flekkmure, gulmaure, harerug, hårvæve, jonsokkoll, kjertelaugnetrøst og prestekrage) og 2 seterplanter. Det vart ikkje funne beitemarkssopp, men sesongen var dårlig, og lokalitetten synest å vera høveleg for slike artar.

**Råd om framtidig bruk:** Setervollen bør beitast også i framtida.

## Rindal

Rindal er tidlegare ikkje besøkt av oss. I 1997 er det i samråd med landbrukskontoret velt ut ein del seterområde i strok der det framleis går dyr på beite. Dette gjeld særleg Trollheimen og Fosstdalen/Ljøsådalen. Tilhøva for beitemarkssopp var svært därlege i august. Nokre få av dei lokalitetane som såg mest interessante ut ved første besøk vart derfor oppsøkt ein gong til i september, men også da var tilhøva ugunstige. Vi har derfor framleis därleg kunnskap om soppfloraen i seterlandskapet i kommunen.

Rindal Bygdemuseum har eit interessant prosjekt med vedlikehald av gamle slåttemyrer på Gardsslettet i Fosstdalen. Her er det utført slått og sett opp høystakk på ei myr lett synleg frå bilvegen. Området er kalkrikt og er undersøkt botanisk av Øien m. fl. (1995), som og har gjeve råd om skjøtselen.

Moen (1998:160, jfr. 1989) viser ei detaljert registrering av setrar og utmarksløer i Rindal. Det er registrert heile 233 høyloer i kommunen, noko som understrekar den utruleg store betydninga som utmarksslåtten hadde. Dette er ein tradisjon og kultur som framleis lever i minnet til eldre folk, men som i større grad burde vera ein del av identiteten til alle rindalingar. Det finst her truleg eit stort registrert materiale som kan bli svært nyttig dersom ein ønsker å ta vare på noko av det tradisjonelle kulturlandskapet i kommunen.

### Folldalen: Aunebakksetra

#### Kategori: 3 - lokal verdi

**Områdeskildring, vegetasjon:** Aunebakksetra ligg omkransa av fjellbjørkeskog mellom dei to magasina Follsjøen og Gråsjøen i Folldalen. Området er beita av sau, men beitetrykket på vollen er svakt. Det er tydelege teikn på attgroing med høgt gras og oppslag av bjørk i kantane. Stien til setra var slått i 1997. Mesteparten av grasmarka er dominert av gulaks og engkvein, men med noko sølvbunke innimellom. Elles finst fukteng med trådsiv og slåttestorr, på meir skuggefulle stader også skogrøyrkvein og skognelle. I tilknyting til husa finst nitrofil vegetasjon med bringebær og stornesle. På grunn av därleg hevd synest vollen å ha därlege vilkår for beitemarkssopp.

**Kommentarar til funn:** Det vart funne 67 planteartar, mellom desse 7 naturengplanter (m.a. harerug og småengkall) og 3 seterplanter. Det vart ikkje funne beitemarkssopp.

**Råd om framtidig bruk:** Området bør beitast hardare enn i dag, viss ikkje vil det gro heilt att.

### Folldalen: Aunesetra

#### Kategori: 3 - lokal verdi

**Områdeskildring, vegetasjon:** Aunesetra ligg i hallande terreng ved Storbekken på austsida av magasinet Follsjøen i Folldalen. Omgjevnadene består av bjørkeskog. Setervollen er stor og relativt open. Den er beita av sau, men beitetrykket er svakt, og det er attgroingstendensar med høgt gras og oppslag av busker i kantane. Vegetasjonen består av sølvbunkeeng og ein god del gulaks/engkvein-dominert eng. Deler av sistnemnde er mager og artsrik med harerug, blåkoll, tepperot, småengkall, lækjeveronika og jonsokkoll. Det finst og noko fukteng og litt nitrofil vegetasjon ved husa. I nedre del finst noko planta gran.

**Kommentarar til funn:** Det vart funne 63 planteartar, mellom desse 9 naturengplanter (sjå ovanfor) og 3 seterplanter. Det var overraskande å finna fjellflokk i enga, men denne er truleg forvilla frå eit bed ved det nedste av seterhusa. Elles vart det funne ein ubestemt art av hårvævegruppa som truleg er sjeldan. Det vart funne 8 artar av grasmarkssopp, av desse 2 beitemarkssopp (2 artspoeng).

**Råd om framtidig bruk:** Lokaliteten har innslag av moserik og relativt artsrik naturbeitemark som truleg kan hysa eit betydeleg tal artar av beitemarkssopp. Verdien kan derfor vera større enn det som vart påvist ved dette besøket, og det er ønskeleg med eit sterkare beitetrykk, evt. litt buskrydding og skjøtselsslått på deler av området.

### **Bolmesetrane**

#### **Kategori: 3 - lokal verdi**

**Områdeskildring, vegetasjon:** Bolmesetrane ligg langt frå bilveg ved elva Bulu i Trollheimen aust for Folldalen. Området rundt er dominert av fjellbjørkeskog og myr. Setervollen er ganske stor med fleire setrar. Området blir beita av streifande sau, men beitetrykket er lågt, og vollen er prega av høgt gras, attgroing med lyng og oppslag av bjørk og lappvier. Vegetasjonen består av sølvbunkeeng, smylehei, fukteng/fattigmyr (trådsiv/slåttestorr) og nedbørsmyr i mosaikk med bjørkekratt. Det finst også litt (få kvadratmeter) finnskjeghei. Alle grasmarker har mykje strø og lite mose, noko som understrekar den därlege hevden.

**Kommentarar til funn:** Det vart funne 69 planteartar, mellom desse 6 naturengplanter og 4 seterplanter. Det vart funne 5 artar av grasmarkssopp, av desse 1 beitemarkssopp (grøn vokssopp).

**Råd om framtidig bruk:** Attgroinga har nok alt redusert dei biologiske verdiane betrakteleg. Det er uvisst kor realistisk det er å tenkja seg auka beitetrykk i området, men litt skjøtselsslått og krattrydding rundt setrane frå tid til annan vil kunne bremsa attgroinga.

### **Trøllhøtta: Dørgesetra**

#### **Kategori: 3 - lokal verdi**

**Områdeskildring, vegetasjon:** Dørgesetra ligg på snaufjellet inn mot fjellet Trollhøtta. Det er lenge sidan det var setring her (Nergård 1983). Området har streifbeiting av sau, og beitetrykket er lågt. Vegetasjonen består av gulaks- og engkveindominert eng med overgang til fukteng med trådsiv. Det er også innslag av finnskjeghei og litt kratt av lappvier.

**Kommentarar til funn:** Det vart funne 40 planteartar, mellom desse 3 naturengplanter og 5 seterplanter. Det vart ikkje funne beitemarkssopp.

**Råd om framtidig bruk:** Lokaliteten har relativt små påviste biologiske verdiar, men det er positivt om beitinga held fram.

### **Trøllhøtta: Helgetunsetra-Negardssetra**

#### **Kategori: 3 - lokal verdi**

**Områdeskildring, vegetasjon:** Helgetunsetra og Negardssetra ligg i ope terrenget med vier og litt bjørkekratt innunder fjellet Trollhøtta ikkje langt frå Dørgesetra, og er også kalla Trollhøttsetrane. Det er lenge sidan det var setring her (Nergård 1983). Området har streifbeiting av sau, beitetrykket er lågt og attgroingstendensane tydelege. Vegetasjonen består av sølvbunkeeng med stivstorr, engkvein, smyle og seterstorr, fuktenger med trådsiv, lappvierkratt og fattigmyr med duskull. Det var mykje storbjørnemose. Elles var det mykje strø, noko som understrekar det låge beitetrykket. Nedanfor setrane mot vatnet ligg det myrer med flaskestorrdominans.

**Kommentarar til funn:** Det vart funne 53 planteartar, mellom desse 4 naturengplanter og 6 seterplanter. Det vart ikkje funne beitemarkssopp.

**Råd om framtidig bruk:** Lokaliteten har relativt små påviste biologiske verdiar, men det er positivt om beitinga held fram.

## **Rinna: Løsetsetra**

### **Kategori: 3 - lokal verdi**

**Områdeskildring, vegetasjon:** Løsetsetra ligg ved Rinna nokre kilometer sør for vegenden ved Langvassbekken. Rundt sjølve setra er det open grasmark med spreidd bjørk, men tidlegare har eit mykje større areal vore ope landskap. I dag er mykje av dette grodd att til einsaldra bjørkeskog med grasdominert undervegetasjon. Området har lågt beitettrykk og er i sterkt attgroing med bjørk og høgt gras. Grasmarkene rundt setra er i hovudsak sølvbunkeeng med markert innslag av engkvein og gulaks. Vidare finst noko fukteng med trådsiv og slåttestorr.

**Kommentarar til funn:** Det vart funne 46 planteartar, mellom desse 8 naturengplanter (t. d. harerug, kornstorr og kvitmaure) og 5 seterplanter (m.a. fjellaugnetrøst og fjelltimotei). Det vart ikkje funne beitemarkssopp.

**Råd om framtidig bruk:** Lokaliteten har relativt små påviste biologiske verdiar, men det er positivt om han blir beita i framtida.

## **Rinna: Helgetunsetra**

### **Kategori: 3 - lokal verdi**

**Områdeskildring, vegetasjon:** Helgetunsetra ligg i eit relativt flatt område nær elvemøtet mellom Rinna (frå Stor-Rinnvatnet) og Litl-Rinna (frå Litl-Rinnvatnet) inn mot Rinnhatten, og vel ei halv mil unna veg. Rundt sjølve setra er det open grasmark med spreidd bjørk. Området har lågt beitettrykk og det vart såvidt sett spor etter sau. Vollen gror att med høgt gras og oppslag av bjørk og lappvier. Grasmarkene rundt setra er i hovudsak sølvbunkeeng og tørrare engkveindominert eng. Nedanfor setra finst fattigmyr med duskull, trådsiv, slåttestorr og spreidd dvergbjørk omgjeve av bjørkeskog med furuinnsLAG. Like ved setra deler Rinna seg i to løp, og på denne øya er det gras- og urterike engsamfunn med spreidd bjørk og mykje engkvein, gulaks, sølvbunke, harerug, kvitmaure, småengkall og myrfiol.

**Kommentarar til funn:** Det vart funne 77 planteartar, mellom desse 11 naturengplanter (m. a. aurikkelsvæve, harerug, kvitmaure og småengkall), og 7 seterplanter. Det vart ikkje funne beitemarkssopp.

**Råd om framtidig bruk:** Området bør beitast vesentleg hardare om det ikkje skal gro att. Rydding av buskoppsslag vil også bremsa attgroinga.

## **Rinna: Storlisetra/Stomprødsetra (Rinnhattsetrane)**

### **Kategori: 3 - lokal verdi**

**Områdeskildring, vegetasjon:** Storlisetra og Stomprødsetra (Rinnhattsetrane) ligg i eit svakt hallande terreng ned mot Litl-Rinnvatnet ved Rinnhatten, rundt ei mil å gå frå vegen ved Langvassbekken. Rundt setrane er det ein stor, open setervoll (20-30 dekar?). Området har lågt beitettrykk og det vart såvidt sett skit etter sau. Vollen gror att med høgt gras. Grasmarkene rundt setra er i hovudsak sølvbunkeeng men også litt engkvein- og gulaks-dominert eng. Det er innslag av fukteng med trådsiv og slåttestorr, og litt smylevegetasjon med innslag av finnskjegg. Det finst også litt blåbærdominert vegetasjon.

**Kommentarar til funn:** Det vart funne 61 planteartar, mellom desse 9 naturengplanter (t.d. blåklokke, harerug, kjertelaugnetrøst (lite) og småengkall) og 7 seterplanter (m. a. fjellfiol, fjellmarikåpe, fjelltimotei og trefingerurt). Det vart ikkje funne beitemarkssopp.

**Råd om framtidig bruk:** Dersom ein vil unngå at også denne setervollen blir bjørkeskog må området beitast vesentleg meir enn i dag. Eit så stort grasområde kunne tena som sommarbeite for ungdyr, men avstanden frå veg er stor.

## **Svartådalen: Åsetra**

### **Kategori: 3 - lokal verdi**

**Områdeskildring, vegetasjon:** Setra ligg nedst i ei solvendt li på nordsida av elva Svartåa ikkje langt frå Jøldalshytta. Omgjevnadene består av gras- og urterike tidlegare slåttelier med spreidd bjørk og ein del blåbær/smylevegetasjon. Området hadde i 1997 mykje daud bjørk (tidlegare bjørkemålaråtak?). Dei nærmaste omgjevnadene til setra har mest sølvbunkeeng. Nedanfor ligg eit relativt flatt fattigmyr-område.

**Kommentarar til funn:** Det vart funne 41 planteartar, mellom desse 6 naturengplanter og 4 seterplanter. Det vart ikkje funne beitemarkssopp.

**Råd om framtidig bruk:** Området var ikkje av dei mest artsrike, men bør beitast også i framtida.

## **Svartådalen: Reitåssetra/Myrensetra**

### **Kategori: 3 - lokal verdi**

**Områdeskildring, vegetasjon:** Setrane ligg på ei stor, open slette på sørsida av elva Svartåa i Svartådalen mellom Trollheimshytta og Jøldalshytta. Omgjevnadene består av fjellbjørkeskog i tillegg til elva. Det har vore setra her i det minste frå tidleg på 1800-talet og til 1958 (Folden 1998). Mesteparten av området er inngjerda, og det har beita hest i inngjerdinga.

**Kommentarar til funn:** Det vart funne 39 planteartar, mellom desse 4 naturengplanter og 5 seterplanter. Det vart ikkje funne beitemarkssopp.

**Råd om framtidig bruk:** Området var ikkje av dei mest artsrike, men bør beitast også i framtida.

## **Svartådalen: Kjellandsetra/Bruholtsetra**

### **Kategori: 3 - lokal verdi**

**Områdeskildring, vegetasjon:** Setrane ligg på ei slette på nordsida av elva Svartåa i Svartådalen mellom Trollheimshytta og Jøldalshytta. Det har vore setring frå før 1813 til 1948 (Folden 1998). Området blir no beita av streifande sau, det vart også observert hestemøkk, men beitetrykket er lågt. Vegetasjonen består av sølvbunkeeng med ein del følblom, nedst på vollen er det mest fukteng/fattigmyr med ein del trådsiv. Husa er inngjerda.

**Kommentarar til funn:** Det vart funne 47 planteartar, mellom desse 7 naturengplanter (t.d. harerug, prestekrage og småengkall) og 3 seterplanter. Det vart ikkje funne beitemarkssopp.

**Råd om framtidig bruk:** Området bør beitast også i framtida.

## **Fossdalen: Gammelhøyløslettet**

### **Kategori: 2 - regional verdi**

**Områdeskildring, vegetasjon:** Gammelhøyløslettet ligg i ei helling ned mot elva frå Løfalldalen i Fossdalen. Dette er eit stort tidlegare slåtteengområde som no er i tidleg attgroing. Det vart utført ei 10x10 m ruteanalyse eit stykke ovafor høyløa. Ruta var middels artsrik med 30 planteartar, 6 naturengplanter og 2 seterplanter. Høg dekning av engkransmose (50% i ruta) og moderat dekning av strø (30%) tyder på at området må ha vore hausta til nokså nyleg. Vegetasjonen i ruta hadde høg dekning av engkvein (20%), gulaks (30%), kvitkløver (20%), kvitbladtistel (10%), og vidare 2-5% av kvitsymre, maiblom, marikåpe, prestekrage, ryllik, skogstorkenebb og sølvbunke. Slik vegetasjonssamansetting er i dag uvanleg og truleg sterkt knytt til driftshistoria.

**Kommentarar til funn:** Det vart funne 78 planteartar, mellom desse 11 naturengplanter (t.d. harerug, prestekrage, småengkall og sumpmaure) og 7 seterplanter. Det vart funne 11 artar av grasmarkssopp, av desse 5 relativt vanlege artar av beitemarkssopp. Området kan husa betydeleg fleire artar av beitemarkssopp enn det som vart påvist og bør undersøkast betre.

**Råd om framtidig bruk:** Dette er eit relativt artsrikt og interessant tidlegare slåttemarksområde. Fordi vegetasjonen er slåttbetinga, hadde det vore ønskjeleg med framhald av slåtten (tradisjonelt seint slåttetidspunkt), kombinert med lite gjødsling. Beiting vil truleg endra artssamansettinga, men er det nest beste alternativet. Tidleg slått kombinert med betydelege mengder kunstgjødsel kan ikkje anbefalast dersom det skal vera eit mål å oppretthalda ein tradisjonell og no sjeldan kulturmarkstype.

### **Fossdalen: Møkkelgardsetra (austre)**

**Kategori:** 3 - lokal verdi

**Områdeskildring, vegetasjon:** Denne setra ligg ved inngangen til Ljøsådalen frå Fossdalen. Området er for det meste attgrodd med bjørkeskog, men det er att ca. 1 dekar open grasmark rundt husa. Det vart observert få spor etter beiting, lågt beitetrykk gjev høgt gras og sterke attgroing med busker og skog. Vegetasjonen var sølvbunkeeng i mosaikk med gulaksdominert eng med ulike urter og skogstorkenebb.

**Kommentarar til funn:** Det vart funne 40 planteartar, mellom desse 7 naturengplanter (m.a. harerug og småengkall) og 3 seterplanter. Av beitemarkssopp vart det funne blåstilka raudskivesopp (*Entoloma asprellum*).

**Råd om framtidig bruk:** Lokaliteten er ikkje av dei mest interessante, men det er positivt med beiting og evt. krattrydding og skjøtselslått rundt husa.

### **Ljøsådalen: Møkkelgardsetra (vestre)/ Sjølsvollsetra**

**Kategori:** 3 - lokal verdi

**Områdeskildring, vegetasjon:** Setrane ligg knapt 2 kilometer vest for "Møkkelgardsetra (austre)" som er omtala ovafor. Området er omrent heilt attgrodd med einsaldrar bjørkeskog, og det finst lite spor av beiting. Rundt ei løe og den eine setra finst små opne område med gulaks/engkvein-dominert eng, blåbærvegetasjon og smylehei. Det vart ikkje observert spor av husdyr.

**Kommentarar til funn:** Det vart funne 61 planteartar, mellom desse 12 naturengplanter (m.a. aurikkelsvæve, blåklokke, harerug, kvitmaure og småengkall) og 4 seterplanter. Det vart ikkje funne beitemarkssopp.

**Råd om framtidig bruk:** Området har avgrensa biologisk interesse som kulturmark, men litt rydding av skog og kratt rundt husa kan bevara restar av den tradisjonelle vegetasjonen.

### **Ljøsådalen: Bendiksetra**

**Kategori:** 3 - lokal verdi

**Områdeskildring, vegetasjon:** Bendiksetra ligg ved Ljøsåa som her renn nordaustover til Søvatnet i Orkdal kommune. Det står ei hytte ved eit nedramla fjøs, og lengre opp fjøs og skjel, begge med nedramla tak. Området er omrent heilt attgrodd med frodig, grasrik bjørkeskog, vidare finst ein del fattige myrer i området rundt. Rundt den nemnde hytta er det ein liten rest av ope landskap (dels oppretthalde med vedhogst og slått) med gulaks- og engkvein-dominert natureng med ein del urter, vidare blåbærersamfunn med noko tepperot. Ned mot elva står frodige høgstaudeenger i open bjørkeskog. Området har truleg vore eit verdfullt slåtteområde. Det vart ikkje observert spor etter husdyr.

**Kommentarar til funn:** Det vart funne 54 planteartar, mellom desse 9 naturengplanter (m.a. blåklokke, bråtestorr, harerug, kvitmaure og småengkall) og 2 seterplanter. Det vart ikkje funne beitemarkssopp.

**Råd om framtidig bruk:** Lokaliteten har små verdiar som kulturmark, men det vil vera positivt med fortsatt vedhogst og slått rundt den nemnde hytta.

## **Ljøsådalen: Vardskardsetra**

### **Kategori: 3 - lokal verdi**

**Områdeskildring, vegetasjon:** Vardskardsetra ligg mellom Neverøyan og Bendiksetra, i ei skråning nord for Ljøsåa. Det vart berre observert gammal saueskit i området, som er i attgroing. Omgjevnadene består av bjørkeskog og fattige myrar. Nedanfor setra finst blåtoppeng med småbjørk og litt fattigmyr/fukteng med duskull, trådsiv og slåttestorr. Mykje av den tidlegare vollen er no i attgroing med firkantperikum, skogstorkenebb og skogburkne forutan at småbjørka kjem opp. Ved fjøsmurane fanst nitrofil vegetasjon med bringebær, og litt tyrihjelm. I eit slått område ved setra fanst følblom, kjertelaugnetrost, aurikkelsvæve og bråtestorr. Desse artane var fråverande i resten av området (forsvunne pga. attgroing). Bjørkeskogen rundt var gras- og urterik og truleg forma av tidlegare beiting.

**Kommentarar til funn:** Det vart funne 72 planteartar, mellom desse 11 naturengplanter og 5 seterplanter. Det vart ikkje funne beitemarkssopp.

**Råd om framtidig bruk:** Attgroinga verkar nokså ugjenkalleleg, men slåtten rundt husa er positiv for å bevara restar av tradisjonelt artsinventar.

## **Ljøsådalen: Neverøyan**

### **Kategori: 3 - lokal verdi**

**Områdeskildring, vegetasjon:** Neverøyan er ein avsides setervoll nær Ljøsåas kjelder vestover mot fjellet Ruten. Vollen heller svakt mot nordaust og har eit betydeleg areal (30 dekar?). Dette har truleg vore eit viktig utslåttområde. Ikkje berre er vollen stor, men slettene fram mot dei to småelvene som møtest nedafor har ein lysopen bjørkeskog med svært frodig grasrik eller høgstaudedominert vegetasjon. I 1997 vart det berre observert nokre få sauер ved vollen, og staden høver i dag best til å studera attgroingsprosessar. Neverøyan består av sølvbunkeeng, blåtoppeng og finnskjegghei, men store deler av området har oppslag av 0,5-1 meter høge bjørkebusker. Om få år er dette einsaldra bjørkeskog. Ved ei gammal fjøstuft var det nitrofil vegetasjon med bringebær og krypsoleie.

**Kommentarar til funn:** Det vart funne 52 planteartar, mellom desse 8 naturengplanter (m. a. harerug og kvitmaure) og 6 seterplanter. Det vart ikkje funne beitemarkssopp.

**Råd om framtidig bruk:** På grunn av det massive oppslaget av bjørkebusker er nok Neverøyan ugjenkalleleg på veg til å bli bjørkeskog. Området vil likevel vera verdfullt som beite pga. den frodige vegetasjonen ved elvene, og det er ønskjeleg at denne beitinga held fram.

# Sandøy

## Husøya og Ona

**Kategori: 3 - lokal verdi; (tidlegare truleg 1/2 - nasjonal/regional verdi)**

**Områdeskildring, vegetasjon:** Husøya og Ona er tidlegare besøkt og undersøkt botanisk av Dahl (1896) og Wille (1923). Særleg sistnemnde har laga ei grundig skildring av øyane etter at han budde her ein månad i 1918. Han omtalar vegetasjon på strandberg, strandenger, tangvollar, grunnlendte berg og bergsprekker, natureng, kunsteng, åker, hagar, torvtak og ruderatplassar ("skrotemark").

I dag er det i tillegg til dei typane som er nemnde ovanfor kome til noko spreidd og lågvaksen småskog av sitkagran på austsida av Husøya. Husdyrbruket er no nedlagt. Unntaket var ein bukk som vart observert på ein liten holme. Dyrka åker og eng gror att med høgvaksne nitrogenelskande planter, særleg høymole, marikåper, hestehavre, hundekjeks, hundegras, markrapp, krypsoleie og kveke. Det som har vore udyrka naturenger har no ei matte av strø (daudgras) i botnen, og grasartane overtek dominansen der det før truleg var større artsrikdom av urter. Totalt sett er det lite lynghei, det meste er ulike attgroingsstadium av natureng eller grashei. Dei grunnlendte knausane har ofte ein gras- og urterik engvegetasjon med gulaks, smyle, tiriltunge, smalkjempe, tepperot, blåknapp, småengkall, engfrytle, knegras og geitsvingel, og på fuglegjødsela stader større innslag av meir gjødseltolerante artar som engrapp, englodnegras, engkvein, følblom, ryllik og engsyre. Fuktheiane har særleg røsslyng, bjønnskjegg, duskull og slåttestorr.

**Kommentarar til funn:** Det vart i 1997 notert 122 planteartar, mellom desse 15 naturengplanter. Om ein i tillegg tek med listene til Wille (1923) og Dahl (1896), blir talet på registrerte planteartar rundt 210 på Ona, Husøya og Røsholmen. I eigne undersøkingar er kulturlandskapet prioritert. Av artane notert i 1997 er 18 ikkje tidlegare rapportert frå øyane. Kulturlandskapstilknytta artar som vart registrerte av Dahl eller Wille, men ikkje attfunne, er m. a. blåfjør, harerug, jáblom, kattefot, kjertelaugnetrøst, marinøkkel, markfrytle, kvitkurle, sumpmaure og svartknoppurt. Mange av desse er små og toler lite attgroing. Ein kan i dag truleg ikkje venta å finna dei att p.g.a. attgroinga i seinare tid. Tidlegare har det dermed truleg vore minst 25 artar av naturengplanter på Husøya, noko som i dag ville ha plassert staden heilt i toppen i fylket. Eit spesielt funn i 1997 var knortestorr på strandberg på Husøya. Denne arten har få funn i fylket. I slutten av september 1998 vart det funne 9 artar av beitemarkssopp ved Husøy skule (12 artspoeng), for det meste vanleg artar.

**Råd om framtidig bruk:** Den beite- og slåttpåverka vegetasjonen vil halda fram å gro att om ingenting blir gjort. Ei løysing kan vera at nokon som manglar beiteareal andre stader kan få tilskott til gjerdehald og transport av dyr slik at kulturlandskapet kan haldast ved like. Ei slik løysing vil truleg ikkje bli realisert utan aktiv medverknad frå lokalt hald og frå kommunen. Ei anna løysing kan vera å prøva utegangarsau. På grunn av lite lyng er det muleg at vinterbeitet ikkje blir ideelt for utegangarsauen.

## Sandøya: Storsanden

**Kategori: 2 - regional verdi**

**Områdeskildring, vegetasjon:** Dette er eit større sanddyneområde med artsrike, kalkpåverka naturengsamfunn innanfor. Desse engene har tidlegare vore slått, men gror no att. Sanddynene har innslag av ustabil vegetasjon med strandkveke som den mest interessante. Lokaliteten vart ikkje undersøkt av Holten m. fl. (1986).

**Kommentarar til funn:** Det vart funne 53 planteartar i engsamfunna, mellom desse 10 naturengplanter (m. a. gjeldkarve, knegras, prestekrage, smalkjempe, småengkall, svartknoppurt

og vill-lin). I sanddynene er særleg førekostane av strandkveke av interesse, dette er truleg den nordlegaste intakte førekosten i Norge pr. i dag. Det er funne ein beitemarkssopp i attgroande engsamfunn.

**Råd om framtidig bruk:** Engsamfunna mellom sanddynene og fulldyrka mark er interessante og det hadde vore av verdi om slåtten her kunne takast opp att. Sanddynene er eit anna viktig naturelement, desse er først og fremst sårbare for naturinngrep. Friluftsliv på dagens nivå (bading) utgjer ingen trussel mot sanddynene.

### *Sandøya: ved kyrkja*

#### **Kategori: 2 - regional verdi**

**Områdeskildring, vegetasjon:** Dette er ein liten, men artsrik flekk av natureng som blir slått årleg. Enga ligg utafor hjørnet av kyrkjegardsmuren, i krysset mellom to vegar. Grunnen er sannsynlegvis skjelsand, for det er mange indikatorar på kalk/fosformangel, både sopp og planter. Nærare kyrkjeparten er vegkanten artsattigare, her har det vore lagra grus og kontinuiteten er broten.

**Kommentarar til funn:** Det vart funne 30 planteartar på den vesle engflekkjen, mellom desse 9 naturengplanter (m. a. kornstorr, marinøkkel og storblåfjør). Det er funne 13 artar av beitemarkssopp (24 artspoeng). Mellom desse var dei kalkkrevande artane spissvokssopp (*Hygrocybe persistens*), musserongvokssopp (*H. fornicata*), bitter vokssopp (*H. mucronella*) og mjølraudskivesopp (*Entoloma prunuloides*), som alle er meir eller mindre sjeldne i fylket.

**Råd om framtidig bruk:** Denne vesle engflekkjen er eit nytt godt eksempel på ein "hot spot", eit lite areal med mange interessante og sjeldne artar. Det er sterkt ønskjeleg at enga framleis blir slått, og at ho blir spart for andre fysiske inngrep.

## Skodje

### Fylling: Nedreli

#### Kategori: 1 - nasjonal verdi

**Områdeskildring, vegetasjon:** Lokaliteten er omtala av Jordal & Sivertsen (1992), Jordal & Gaarder (1997) og Beyer & Jordal (1996). I 1998 vart det omrent ikkje observert spor etter beiting. Lokaliteten står derfor i fare for å gro att.

**Kommentarar til nye funn:** Det er tidlegare funne 28 artar av beitemarkssopp (av desse 19 artar av vokssopp). I 1997 vart det funne 3 nye artar, alle raudskivesopp. Dette var *Entoloma atrocoeruleum*, *E. griseocyaneum* (lillagrå raudskivesopp) og *E. pseudocoelostinum*. Førstnemnde er nokså lite kjent i Norge, med ialt 9 funn (Jordal 1997). *E. pseudocoelostinum* er tidlegare ikkje sikkert påvist i Norge, men vart i 1997 bestemt frå to stader i Møre og Romsdal. Denne arten er truleg oversett i Norge fordi han er nokså lik andre raudskivesopp-artar. I 1998 vart det også funne 2 nye artar av raudskivesopp.

Lokaliteten har klar nasjonal verdi, og rangerer som nr. 4 i Møre og Romsdal når det gjeld artspoeng for beitemarkssopp (sjå figur 1).

### Engset: Storsætra

#### Kategori: 2- regional verdi

**Områdeskildring, vegetasjon:** Lokaliteten er svært spesiell i fylket fordi han inneheld ein naturtype med masseførekommst av solblom. Området består av ei gammel, for det meste inngjerda beitemark (dels med steingjerde). Ein del blir framleis beita av ungdyr, men det meste gror att. Setra ligg i ei svært fuktig li og store deler av området er prega av bakkemyr med innslag av små, tørrare fastmarksflekker. Disse flekkene er stor sett kledd med einerkrott og litt bjørkeskog, men det er også att små engflekker. Det er særleg her solblom veks og ofte dominerer han i desse partia. Myra har intermediær karakter med m.a. fjelltistel og einskilde litt kravfulle storrartar.

**Kommentarar til funn:** Lokaliteten hadde minst 5000 planter av solblom, og er den langt viktigaste lokaliteten i fylket for denne no sjeldne arten (Jordal & Gaarder 1998b). Lokaliteten er truleg samtidig ein av dei rikaste solblomlokalitetane i landet. Elles vart det funne eit par beitemarkssopp, m.a. brunfnokka vokssopp (*Hygrocybe helobia*). Lokaliteten burde vore grundigare undersøkt.

**Råd om framtidig bruk:** Det er svært viktig at skjøtselen kan takast opp att så snart som råd med t.d. ungdyrbeite (evt. i kombinasjon med slått).

## **Smøla**

Det er tidlegare utført biologiske undersøkingar av ein del kulturlandskapslokalitetar på sørlege deler av Smøla (Jordal & Sivertsen 1992, Jordal & Gaarder 1993, 1995a, 1997, Gaarder & Jordal 1996). For Sør-Smøla er det også laga ein forvaltningsplan for kulturlandskapet som eit av 5 modellområde i Norge (Melby 1997). Smøla, Herøy og Sande er dei mest interessante kystkommunane i fylket når det gjeld biologisk mangfald i kulturlandskapet. Ei rekke område på Smøla har vore meir eller mindre kontinuerleg i bruk opp til vår tid. I 1997 vart derfor nordlege deler av Smøla befart og nokre lokalitetar vart plukka ut for nærmere undersøkingar etter råd frå kommunen. Nedanfor beskriv vi berre lokalitetar som i 1997 vart undersøkt for første gong, og dessutan Elvegarden på Sør-Smøla, der det er gjort vesentlege nye funn. Plante- og sopplister frå undersøkingane i 1997 er presenterte i vedlegg 2 og 4.

I tillegg til dei lokalitetane som blir beskrivne nedanfor, vart fleire andre vurderte med kikkert utan å bli nærmere undersøkt. Mellom desse var Møyholmen (ved Skomsøya på Vest-Smøla; grasdominert og attgroande), Skjøttøya (ved Hopen på Nord-Smøla; attgroing), Bjøringsøya (aust for Hopen; attgroing), Remmingen (nordaust for Edøya; utan dyr og attgroande) og Oterholman (nordaust for Edøya; beita, bør undersøkast, vart ikkje besøkt 1997 pga. uver).

Beitelandskapet på Smøla har utvilsamt stor og nasjonal verdi.

### **Elvegarden**

#### **Kategori: 1/2 - regional til nasjonal verdi**

**Områdeskildring, vegetasjon:** Lokaliteten er tidlegare omtala av Jordal & Gaarder (1993) og Gaarder & Jordal (1996). Dette er det einaste kubetet vi kjenner til på kalkstein i Møre og Romsdal, med ein særprega og sjeldan vegetasjon, flora og soppflora.

**Kommentarar til nye funn:** Det vart i 1997 funne 12 nye grasmarkssopp, av desse 10 artar av beitemarkssopp. Det var 5 nye raudskivesoppar, dei mest interessante var ramneraudskivesopp (*Entoloma corvinum*), bronseraudskivesopp (*E. formosum*) og duftraudskivesopp (*E. ameides*). Alle tre står på raudlista. Sistnemnde vart i 1997 funnen 2 stader i Møre og Romsdal som ny for fylket. Det vart også funne 4 nye vokssopp-artar, alle meir eller mindre vanlege artar. Utanom beitemarkssoppene er det grunn til å nemna funn av fagerhette (*Mycena adonis*). Denne arten er tidlegare berre funnen ein gong her i fylket. Med dei nye funna er talet på beitemarkssopp kome opp i 23 (38 artspoeng). Frå før er det funne 29 naturengplanter, mest av alle undersøkte lokalitetar i fylket ved sida av Riste i Sande, som har eit mykje større areal. Til saman plasserer dette Elvegarden i nasjonal verdi (sjå figur 1).

### **Skomsøya**

#### **Kategori: 3 - lokal verdi**

**Områdeskildring, vegetasjon:** Skomsøya ligg på Vest-Smøla, mellom Steinsøya og Brattvær kyrkje. Heile øya er heiprega og attgrodde, og det har ikkje vore beita her på lang tid. Vegetasjonen består av tørr og fuktig kystlynghei, noko fukthei og oppslag av buskar som rogn og øyrevier. Møyholmen vest for Skomsøya vart betrakta i kikkert. Holmen er grasdominert, men også denne er prega av attgroing.

**Kommentarar til funn:** Det vart funne 26 planteartar, mellom desse berre 5 naturengplanter. Det vart funne 7 artar av grasmarkssopp, av desse 5 beitemarkssopp. Desse vart hovudsakeleg funne i grasgrodde stigar og vegkantar.

**Råd om framtidig bruk:** Dei registrerte biologiske verdiane knytt til beiting er relativt små, men beiting vil likevel verka positivt for artsmangfaldet.

## **Beitemarker v/Brattvær kyrkje**

### **Kategori: 2 - regional verdi**

**Områdeskildring, vegetasjon:** Brattvær kyrkje ligg på Vest-Smøla sørvest for Dyrnes. Det ligg ein del udyrka naturbeitemarker både sørover og vestover frå kyrkja. Desse er i god hevd og blir beita av sau. Vegetasjonen i området består av tørr og fuktig røsslynghei, fukthei og ganske mykje engkveindominert grasmark.

**Kommentarar til funn:** Det vart funne 46 planteartar, mellom desse 8 naturengplanter (berre vanlege artar). Det vart funne 35 artar av grasmarkssopp, av desse 19 beitemarkssopp (32 artspoeng). Her kan nemnast bronseraudskivesopp (*Entoloma formosum*), spissvokssopp (*Hygrocybe persistens*), russelærvokssopp (*Hygrocybe russocoriacea*) og gul slimvokssopp (*Hygrocybe vitellina*). Lokaliteten er eit godt eksempel på triviell flora og vegetasjon kombinert med artsrik flora av beitemarkssopp.

**Råd om framtidig bruk:** Lokaliteten er verdfull og det er viktig at han blir beita også i framtida. Her finst truleg ein større artsrikdom enn det som vart påvist ved dette besøket.

## **Monsøya**

### **Kategori: 3 - lokal verdi**

**Områdeskildring, vegetasjon:** Monsøya er eit konglomerat av holmar som ligg i skjergarden nordaust for Dyrnes. Øya hadde busetnad fram til 1962-63 da ein familie med 9 born flytta bort. Huset står framleis. I 1997 gjekk nokre sauher her. Beitetrykket er moderat. Rundt husa er det noko grasmark med engkvein, kvitkløver og god mosedekning, medan mesteparten av vegetasjonen elles består av tørr og fuktig røsslynghei og fukthei.

**Kommentarar til funn:** Det vart funne 35 planteartar, mellom desse 8 vanlege naturengplanter. Det vart funne 11 artar av grasmarkssopp, av desse berre 1 beitemarkssopp. Litt uventa var det å finna to artar av sjampinjong her ute.

**Råd om framtidig bruk:** Lokaliteten har lokal biologisk verdi. Det er ønskjeleg med beiting også i framtida.

## **Beitemarker v/Vikan**

### **Kategori: 3 - lokal verdi**

**Områdeskildring, vegetasjon:** Beitemarkene ligg ved vegen nokre hundre meter sør for Teinosen ved Vikan (Aust-Smøla). Noko av området var grasdominert med m.a. ein del engkvein. Elles var det noko tørr røsslynghei i området rundt. Området var i 1997 beita av sau. Beitetrykket var middels.

**Kommentarar til funn:** Det vart ikkje teke fullstendig planteliste. Det vart funne 9 artar av grasmarkssopp, av desse 3 beitemarkssopp (3 artspoeng). Ingen spesielle artar vart funne.

**Råd om framtidig bruk:** Området bør beitast også i framtida.

## **Kjeøya**

### **Kategori: 3 - lokal verdi**

**Områdeskildring, vegetasjon:** Kjeøya ligg aust for Rokstad på Aust-Smøla. Den er rundt 600 meter lang og 300 meter brei. Vi tok berre ei rask befaring på sørlege del av øya. Vegetasjonen er lyngdominert, med tørr røsslynghei som den viktigaste typen. Elles finst fukthei og grasdominerte strandenger. Øya har tidlegare vore beita av opptil 16-17 sauher, men er no i attgroing. Bestefar til Albert Rokstad slo her.

**Kommentarar til funn:** Det vart funne 62 planteartar, mellom desse 14 naturengplanter (t.d. blåklokke, småengkall, tepperot og tiriltunge). Det vart funne 6 artar av grasmarkssopp, av desse ingen beitemarkssopp.

**Råd om framtidig bruk:** Beiting vil også her vera positivt.

## **Store Føllingen**

### **Kategori: 3 - lokal verdi**

**Områdeskildring, vegetasjon:** Store Føllingen ligg aust for Rokstad på Aust-Smøla. Den er rundt 300 meter lang og 200 meter brei. Vegetasjonen består av noko tørr røsslynghei og ein del frodig og nitrofil gras/urterik vegetasjon med vendelrot, sløkje, mjødurt, krattlodnegras, hanekam, engsyre og engrapp. Elles finst fukthei, grunnlendt strandberg og tarevollsamtun. Øya er no i attgroing, men blir mykje beita av grågås. Det vart også funne skit og far som truleg stamma frå hjort.

**Kommentarar til funn:** Det vart funne 42 planteartar, mellom desse 8 naturengplanter. Det vart funne 4 artar av grasmarkssopp, av desse ingen beitemarkssopp.

**Råd om framtidig bruk:** Beiting vil også her vera positivt.

## **Innerremmingen**

### **Kategori: 3 - lokal verdi**

**Områdeskildring, vegetasjon:** Innerremmingen er 6-700 meter lang og rundt 200 m brei, og ligg nord for Edøya, lengst i aust mot Trondheimsleia eit godt stykke frå Fast-Smøla. Holmen blir beita av sau. Beitetrykket er noko lågt. Vegetasjonen var i stor grad lyngdominert, med tørr og fuktig røsslynghei og fukthei, men med innslag av grasdominert vegetasjon nær stranda og på middels fuktige stader elles.

**Kommentarar til funn:** Det vart funne 54 planteartar, mellom desse 9 naturengplanter (m.a. blåklokke, hårvæve, kornstorr og smalkjempe). Det vart funne 20 artar av grasmarkssopp, av desse berre 3 beitemarkssopp (7 artspoeng). Soppfloraen er typisk for heidominerte område på Smøla.

**Råd om framtidig bruk:** Holmen bør beitast også i framtida. Beitet kunne vere betra med brenning.

## **Åstøy**

### **Kategori: 3 - lokal verdi**

**Områdeskildring, vegetasjon:** Åstøya ligg søraust for Vikan på Aust-Smøla. Holmen har vore beita av utegangarsau dei siste 4-5 åra etter lengre tid med beiteopphyr, og er dominert av tørr og fuktig røsslynghei i attgroing. Den tørre heia er mest på grunnlendt berg med innslag av einer. Langs stranda finst strandberg og strandengsamfunn. Strandengene er ein del beita, og engsamfunna utbreier seg no litt innover frå stranda.

**Kommentarar til funn:** Det vart funne 55 planteartar, mellom desse 8 naturengplanter. Det vart funne 13 artar av grasmarkssopp, av desse 1 beitemarkssopp (engvokssopp).

**Råd om framtidig bruk:** Holmen har relativt små verdiar knytt til beitebruk, men beitinga er positiv for artsmangfaldet.

## **Hestøya v/Leirvik**

### **Kategori: 2 - regional verdi**

**Områdeskildring, vegetasjon:** Dette er ein holme beita av sau. I 1997 gjekk nokre bukkar av utegangarsau her. Beitetrykket er moderat med visse teikn til attgroing, som høg vegetasjon somme stader. Vegetasjonen består av tørr kystlynghei, fukthei og kalkpåverka, moserike engsamfunn.

**Kommentarar til funn:** Det vart funne 80 planteartar, mellom desse 16 naturengplanter. Mellom desse var blåklokke, gjeldkarve, kattefot, knegras, kvitmaure, loppestorr, smalkjempe og småengkall. Det vart funne 26 artar av grasmarkssopp, av desse 11 beitemarkssopp (21 artspoeng). Blant desse kan nemnast semska raudskivesopp (*Entoloma jubatum*), rombespora

raudskivesopp (*Entoloma rhombisporum*), russelærvokssopp (*Hygrocybe russocoriacea*) og gul slimvokssopp (*Hygrocybe vitellina*).

**Råd om framtidig bruk:** Lokaliteten er verdfull og bør beitast også i framtida.

### **Vikjelsøya (Fugløya)**

**Kategori: 1/2 - nasjonal/regional verdi**

**Områdeskildring, vegetasjon:** Dette er ein holme ved Leirvika på den søraustlege delen av Smøla. Ved besøket gjekk ein bukk av utegangarsau her, øya har og vore bruka til ungdyr. Beitemrykket er svakt med visse teikn til attgroing. Vegetasjonen består av eit strandbelte med grasdominerte engsamfunn, elles dominerer tørr kystlynghei med litt rogn. Deler av lystlynghei har vore brent. På sørsida er det kalksteinshaldig berg, jf. geologisk kartblad 1321 I.

**Kommentarar til funn:** Det vart funne 70 planteartar, mellom desse 22 naturengplanter. Dette er høge tal. Verdt å nemna er gjeldkarve, harerug, hårvæve, jonsokkoll, knegras, loppestorr, smalkjempe, småengkall og vill-lin. Det vart funne 38 artar av grasmakssopp, av desse 19 beitemarkssopp (37 artspoeng). Blant desse kan nemnast rombespora raudskivesopp (*Entoloma rhombisporum*), brun engvokssopp (*Hygrocybe colemanniana*), spissvokssopp (*Hygrocybe persistens*), raudskivevokssopp (*Hygrocybe quieta*), raud honningvokssopp (*Hygrocybe splendidissima*) og brunaugevokssopp (*Hygrocybe virginea* var. *fuscescens*). Eit uventa funn i grasmak i nærleiken av einer var duftkorallsopp (*Ramaria gracilis*), som - lik fleire av dei artane som er nemnt ovanfor - synest å vera kalkkrevande.

**Råd om framtidig bruk:** Lokaliteten er verdfull og bør beitast også i framtida.

### **Nordre Vikjelsholmen**

**Kategori: 3 - lokal verdi**

**Områdeskildring, vegetasjon:** Dette er ein mindre holme på utsida av Vikjelsøya (Fugløya). Det har tidlegare vore sau her, men holmen er no nokså attgrodde av einer, røsslyng og storfrytle. Berre langs stranda finst litt gras- og urterik vegetasjon.

**Kommentarar til funn:** Det vart funne 39 planteartar, mellom desse berre 5 naturengplanter. Det vart funne 5 artar av grasmakssopp, av desse berre 1 beitemarkssopp (*Entoloma fuscotomentosum*).

**Råd om framtidig bruk:** Holmen har små verdiar knytt til beitebruk, men kan godt takast i bruk att.

### **(Vestre) Krongelholmen**

**Kategori: 3 - lokal verdi**

**Områdeskildring, vegetasjon:** Dette er ein grassdominert holme nord for Haverøya mellom Edøya og Straumen. Holmen har hatt busetnad og vore husmannsplass under Edøy. Plassen hadde busetnad til ut på 1900-talet. I 1865 hadde dei på Krongelholmen 6 storfe, 16 sau og 1 gris. Dei sådde 1½ tønne havre og sette ½ tønne poteter (kjelde: Per Halse). I seinare tid har holmen vore beite for sau. Vegetasjonen består av sølvbunkeeng, ein del engkveindominert eng, litt tørrberg med kystbergknapp og noko kreklingdominert hei, men omrent ikke røsslynghei.

**Kommentarar til funn:** Det vart funne 39 planteartar, mellom desse 9 naturengplanter (t.d. blåklokke, jonsokkoll og smalkjempe). Det vart funne 18 artar av grasmakssopp, av desse 4 beitemarkssopp (6 artspoeng). Mellom desse var liten vokssopp (*Hygrocybe insipida*), og skarlagenvokssopp (*Hygrocybe punicea*). Holmen hadde før besøket vore utsett for ein periode med sol og vind, og har truleg eit større artsutval av beitemarkssopp enn det vi fann.

**Råd om framtidig bruk:** Denne grassdominerte holmen er truleg meir verdfull enn vi kunne påvisa ved dette besøket, og bør beitast også i framtida.

# Sunndal

I Sunndal kommune er det i 1997-98 gjort suppleringsundersøkingar på nokre viktige lokalitetar i Grøvudalen, der det m. a. er planar om vern etter naturvernlova. Områda er tidlegare undersøkt av Jordal & Sivertsen (1992) og Jordal & Gaarder (1997). Arbeidet er utført fordi desse lokalitetane synest å ha eit stort potensiale for beitemarkssopp som det ikkje har lykkast å dokumentera tidlegare på grunn av ugunstige vertilhøve (dårlege soppesongar). Sauetalet i Grøvudalen viser ein nedgåande tendens, vi ser det derfor som viktig å få dokumentert det beitebetinga arts mangfaldet før det blir for seint. Områdeskildring, vegetasjon og råd om framtidig bruk: Sjå Jordal & Gaarder (1997).

Elles er det tatt planteliste på den tidlegare undersøkte Sveen gard i Fjellgardane, og i Almskåra ved Sunndalsfjorden.

## **Grøvudalen: Hallen**

### **Kategori: 2 - regional verdi (del av større område i kategori 1)**

**Kommentarar til nye funn:** Det er tidlegare funne 7 beitemarkssopp (12 poeng). I 1997 vart det ikkje funne nye beitemarkssopp, men m. a. stilkrøyksopp (*Calvatia excipuliformis*).

## **Grøvudalen: Bukta**

### **Kategori: 1/2 - nasjonal/regional verdi (del av større område i kategori 1)**

**Kommentarar til nye funn:** Av beitemarkssopp vart det funne russelærvoxsopp (*Hygrocybe russocoriacea*). Av andre funn kan nemnast fjellarten eggegul vokssopp (*Hygrocybe citrinopallida*) blant krekling.

## **Grøvudalen: Nysetra**

### **Kategori: 1/2 - nasjonal/regional verdi (del av større område i kategori 1)**

**Kommentarar til nye funn:** Det er tidlegare funne 5 grasmarkssopp, av desse 2 beitemarkssopp. I 1997 vart det funne 10 nye grasmarkssopp, av desse 8 nye grasmarkssopp. Mellom desse vart gul småfingersopp (*Clavulinopsis corniculata*), raudgul småkøllesopp (*Clavulinopsis laeticolor*) og russelærvoxsopp (*Hygrocybe russocoriacea*). Av andre artar kan nemnast at den lite kjende vokssopp-arten *Hygrocybe xanthochroa* vart funnen blant lyng på staden. I 1998 vart det funne blåstilka raudskivesopp (*Entoloma asprellum*).

## **Grøvudalen: Gammelsetra**

### **Kategori: 1 - nasjonal verdi (del av større område i kategori 1)**

**Kommentarar til nye funn:** Det vart i 1997-98 funne 13 nye grasmarkssopp, av desse 5 nye beitemarkssopp. Det er dermed kjent 46 grasmarkssopp, av desse 23 beitemarkssopp (28 poeng). Mellom desse vart gul småfingersopp (*Clavulinopsis corniculata*), dvergmjølsopp (*Clitopilus scyphoides*), og fleire raudskivesoppartar. I tillegg vart det gjort eit funn av den lite kjente arten fjellvokssopp (*Hygrocybe salicisherbariaeae*). Som vist på figur 1 er dette den mest artsrike setra i fylket både med omsyn på naturengplanter og poengsum for beitemarkssopp.

## **Fjellgardane: Svøu ("Sveen gard")**

### **Kategori: 2 - regional verdi**

**Kommentarar til vegetasjon, nye funn og framtidig skjøtsel:** Jfr. Jordal & Gaarder (1995a).

Det vart i 1998 teke planteliste. Lokaliteten er kulturhistorisk interessant, vidare finst lite gjødselpåverka slåtteenger. Størst biologisk interesse knyter seg til tørrbakkane, som har eit kontinentalt preg og er sjeldne i fylket (austleg utbreiing). Her og på nabogarden Svisdal finst

dei finaste tørrengene i heile fylket som attpå til blir hevda tradisjonelt. Det vart funne 17 naturengplanter, mellom desse bakkestjerne, dunkjempe, flekkmure, gjeldkarve, harerug, hårsvæve, kvitmaure, prestekrage og sølvture. På tørrbakkane finst elles dunhavre, engsmelle, karve, lintorskemunn, markjordbær, sandarve, tysk mure, vårskrinneblom og åkerminneblom, dessutan mengder av ein sjeldan, mangeblomstra art frå hårsvæve-gruppa, kanskje *Hieracium diffusatum*.

Til no har det vore stor merksemd omkring dei kulturhistoriske verdiane i Svø. Det er kanskje på tide at ein hevar blikket og ser at landskapet rundt og det biologiske mangfaldet som tilhører den tradisjonelle drifta også er rimeleg intakt. Dette skulle ikkje gjera verdiane på staden mindre. Det krev imidlertid bevisst og målretta innsats å ta vare på dei artsrike slåtteengene.

## Surnadal

### **Øvstbødalen: Mellingan**

#### **Kategori: 3 - lokal verdi**

**Områdeskildring, vegetasjon:** Lokaliteten omfattar to små naturengrestar rett på oversida av bygdevegen i Øvstbødalen, skilde av ei boligtomt. Begge lokalitetane har godt utval av ulike naturengplanter, der den vestre hadde det tørrast, medan særleg deiaustlegaste delene av den austre var ganske fuktig og dominert av myrplanter. Den vestre enga vart slått i 1998 og var i god hevd, medan den austre bar preg av å ha vore i god hevd til nyleg, men vart ikkje slått dette året. Lokaliteten vart undersøkt i samband med registreringar av verdiar i varig vernede vassdrag i fylket (VVV-prosjektet), og vil også bli omtala i ein eigen rapport for dette prosjektet (Gaarder under arbeid).

**Kommentarar til funn:** Det vart i alt funne 16 naturengplanter, m.a. uvanlege artar som marinøkkel, grov og vanleg nattfiol. Det vart funne 5 beitemarkssopp (6 artspoeng), alle vanlege artar.

**Råd om framtidig bruk:** Hevden bør fortsetta på tradisjonelt vis med slått og evt. med tillegg av haustbeite på begge engene. Det bør ikkje gjødslast.

### **Folldalen: Børsetsetra**

#### **Kategori: 3 - lokal verdi**

**Områdeskildring, vegetasjon:** Børsetsetra ligg litt nord for demninga av kraftmagasinet Follsjøen, i Surnadal sin del av området. Vollen er ca. 3 dekar, og ligg like ovafor vegen omkransa av bjørkeskog. Langs eit steingjerde står nokre graner. Seterhusa er borte og det er oppsett ei hytte øvst på vollen. Beitemrykket er nokså dårleg (streifande sau), og lokaliteten er i attgroing med høgt gras og busker, særleg i kantane. Vegetasjonen består av sølvbunkeeng, magrare eng med gulaks og engkvein, litt finnskjegghei, og overgang mot blåbærdominert eller gras/urterik bjørkeskog i kantane.

**Kommentarar til funn:** Det vart funne 59 planteartar, mellom desse 9 naturengplanter (m. a. harerug og sumpmaure) og 4 seterplanter (fjellaugnegrøst, fjellfiol, fjelltimotei og seterstorr. Det vart funne 4 artar av grasmarkssopp, av desse 1 beitemarkssopp (grøn vokssopp).

**Råd om framtidig bruk:** Vollen er i sakte attgroing, og utan sterkare beitepress og aktiv skogrydding vil han gradvis gå over i bjørkeskog.

## **Nordmarka: Austergardssetra**

### **Kategori: 2 - regional verdi**

**Områdeskildring, vegetasjon og råd om framtidig bruk:** sjå Jordal & Gaarder (1993, 1995a, 1997)

**Kommentarar til nye funn:** I 1997 vart det funne 14 nye artar av grasmarkssopp, av desse 6 beitemarkssopp. Dei mest interessante artane var lillagrå raudskivesopp (*Entoloma griseocyaneum*), grå vokssopp (*Hygrocybe irrigata*) og lutvokssopp (*Hygrocybe nitrata*). Grå vokssopp er tidlegare ikkje funne så høgt over havet og så langt frå kysten i Møre og Romsdal. Etter 1997-sesongen er det kjent 24 artar av grasmarkssopp, av desse 14 beitemarkssopp (28 artspoeng). Mellom desse er det særleg den direkte truga sauevokssopp (*Hygrocybe ovina*) som er viktig å ta vare på. Arten vart sett også i 1997, men veksestaden er i attgroing.

## **Nordmarka: høy løe aust for Austergardssetra**

### **Kategori: 2 - regional verdi**

**Områdeskildring, vegetasjon:** Det vart leita etter beitemarkssopp i gammal natureng ved ei løe ved vegen eit stykke aust for Austergardssetra. Området er beita av sau. Det vart ikkje teke karplanteliste. Det interessante området er mindre enn 1 dekar rundt sjølve løa, omgjevnadene elles er for det meste bjørkeskog og bjørkekratt.

**Kommentarar til funn:** Det vart funne 9 artar av grasmarkssopp, av desse 5 beitemarkssopp (12 artspoeng) rundt høy løa. Det mest spesielle var funn av grå narremusserong (*Porpoloma metapodium*), som står som sårbar på raudlista. Dette er det 9. funnet i fylket og det 21. i Norge. Internasjonalt er denne arten sjeldan. Soppsesongen var dårleg, og det finst truleg mange fleire artar her enn det som vart påvist.

**Råd om framtidig bruk:** Lokaliteten er liten og tilsynelatande ubetydeleg. Funnet av den sårbare beitemarkssoppen grå narremusserong viser likevel at sjølv små restar av tidlegare slåttemark har betydeleg verdi. Attgroing skulle derfor vore hindra gjennom aktiv rydding og helst litt skjøtselsslått. Som kulturminne har denne løa ein særleg verdi fordi den ligg heilt inntil vegen.

## Tingvoll

I tillegg til dei nye lokalitetane er følgjande lokalitetar besøkt på nytt og nye data komne til: museet i Tingvoll-lia, Koksvik, Saltkjelen og Hamran ved Bergem.

### *Aspøya: Aspa*

#### Kategori: 3 - lokal verdi

**Områdeskildring, vegetasjon:** Lokaliteten består av nokre bratte beitebakkar på oversida av bygdevegen. Dei nedre delene av beitemarkene har for det meste nitrofil vegetasjon prega av gjødsling, medan dei øvre delene og småflekker med open mark i krattskogen ovenfor den samanhengande beitemarka er domineert av naturengplanter.

**Kommentarar til funn:** Det vart ikkje teke planteliste, men frå tidlegare er det m. a. kjent svartknoppurt frå dette området (kjelde: J. I. Holten), noko som er ein av dei nordlegaste forekomstene i Møre og Romsdal av arten. Det vart funne 4 beitemarkssopp (4 artspoeng).

Lokaliteten har truleg potensiale for fleire soppartar enn det som vart funne ved dette besøket.

**Råd om framtidig bruk:** Beitet bør fortsetta som før. I tillegg bør deler av området ryddast for oppslag av lauvkrott og ungfur.

### *Aspøya: Boksaspneset*

#### Kategori: 3 - lokal verdi

**Områdeskildring, vegetasjon:** Dette er eit mindre beitemarksområde ned mot sjøen ved eikelokaliteten på Boksaspa. Området er besøkt av konservator Sigmund Sivertsen (Jordal 1993), og i 1997 av Jordal (1998b).

**Kommentarar til funn:** Det vart funne 35 planteartar, mellom desse 6 relativt vanlege naturengplanter. Det er vidare funne 2 artar av beitemarkssopp. Området kan ha betydeleg meir beitemarkssopp enn det som er funne til no.

**Råd om framtidig bruk:** Området bør beitast også i framtida.

### *Bergem: Hamran*

#### Kategori: 2 - regional verdi

**Områdeskildring, vegetasjon:** Sjå Jordal & Gaarder (1997).

**Kommentarar til funn:** Vi har ikkje teke fullstendig planteliste her, men av artar kan nemnast marinøkkel, grov nattfiol og stortveblad, i tillegg til vanlege artar som blåfjør, knegras, hanekam, kornstorr, tepperot og gulaks. Det er tidlegare funne 14 artar av beitemarkssopp (23 poeng). Det vart i 1998 funne 4 nye artar, deriblant den sårbare raudnande lutvokssopp (*Hygrocybe ingrata*), som vaks heilt inntil husa.

**Råd om framtidig bruk:** Som intakt, artsrik og lite gjødselpåverka slåtteeng i god hevd er denne lokaliteten svært verdifull. Grunneigarane har tidlegare søkt tilskott til slått og fått avslag. Det er sterkt ønskjeleg at her blir slått også for ettertida, og at det ikkje blir tilført gjødsel.

### *Eikrem: Skarahaugen*

#### Kategori: 3 - lokal verdi

**Områdeskildring, vegetasjon:** Lokaliteten er ei lita slåtteeng under Skarahaugen på Eikrem. Deler av enga verka gammal og har truleg ikkje vore pløgd opp på lang tid, men truleg har vore tilført noko gjødsel.

**Kommentarar til funn:** Det vart ikkje teke planteliste. Det vart funne 6 beitemarkssopp (7 artspoeng), alle vanlege artar.

**Råd om framtidig bruk:** Hevden med slått bør fortsetta som før.

## **Eikrem: Strupneset**

### **Kategori: 3 - lokal verdi**

**Områdeskildring, vegetasjon:** Det mest interessante er kantsoner i enga ved garden Strupneset. Garden blir framleis slått, og kantane beita av kyr.

**Kommentarar til funn:** Det vart funne 37 planteartar, mellom desse 10 naturengplanter. Det vart funne 7 artar av grasmarkssopp, av desse 2 vanlege beitemarkssopp.

**Råd om framtidig bruk:** Hevden med slått og beiting bør fortsetta som før.

## **Straumsnes: Nålsund**

### **Kategori: 2 - regional verdi**

**Områdeskildring, vegetasjon:** På oversida av bygdevegen ligg det ei stripe med beitemark som grensar til tette hasselkratt og frodig lauvskog. I tillegg ligg det her eit par hytter. Dei nedre delene av beitemarka ber preg av å ha vore tilført ein god del gjødsel, men einskilde småenger i veksling med spreidde hasselkratt øvst på beitemarka er dominert av naturengplanter. Det samme gjeld nokre flekkar på eit par hyttetomter, sjølv om desse stort sett har forstyrra vegetasjonssamfunn med ugrasplanter og/eller tilsådd grasfrø.

**Kommentarar til funn:** Det vart ikkje teke planteliste. Det vart funne 14 beitemarkssopp (35 artspoeng). Dei fleste beitemarkssoppane vart berre funne på to små engflekker, men der var til gjengjeld koncentrasjonane av sjeldne og truga artar påfallande stor. Av spesiell interesse var funn av den direkte truga sauevokssoppen (*Hygrocybe ovina*), men også funn av den sårbare raud honningvokssopp (*Hygrocybe splendidissima*) og den omsynskrevande russelærvokssoppen (*Hygrocybe russocoriacea*) var overraskande, m. a. fordi desse artene i første rekke er kjende frå ytre kyststrøk i fylket. Alle tre artar var tidlegare ikkje funne i Tingvoll kommune. I tillegg vart det funne blånande rørsopp under hasselkratt i beitemarka. Lokaliteten har truleg potensiale for fleire soppartar enn det som vart funne ved dette besøket.

**Råd om framtidig bruk:** Beitet bør fortsetta som før. Det er viktig at bruken av hyttetomtene ikkje legg hindringar i vegen for dette. Det bør vurderast å kutta ned noko av hasselkratta år om anna, samtidig som det må hindrast at dei øvre delene av beitemarka gror att med kratt og skog. Dei øvre delene av beitemarka som tidlegare har vore lite eller ikkje gjødsla, bør ikkje gjødslast i framtida. Lokaliteten ligg i kanten av ein registrert nøkkelsbiotop i samband med skogbruksplanlegginga i kommunen, og evt. råd og omsyn i skogbruksplanen bør ikkje medføra at kulturlandskapsverdiane blir forringa.

## **Tingvollvågen: Koksvik**

### **Kategori: 3 - lokal verdi**

**Områdeskildring, vegetasjon, råd om bruk:** Sjå Jordal & Gaarder (1997).

**Kommentarar til funn:** Det vart i 1998 funne 7 nye artar av beitemarkssopp (dermed totalt 33 artspoeng), mellom desse den omsynskrevande gulbrun narrevokssopp (*Camarophyllopsis schulzeri*), den sjeldne *Entoloma pratulense*, og *Entoloma pseudocoelestinum* som berre er kjend frå ei handfull lokalitetar i Norge.

## **Tingvollvågen: Sørgarden**

### **Kategori: 3 - lokal verdi**

**Områdeskildring, vegetasjon:** Lokaliteten består av små naturengrestar på og rundt gardstunet. Truleg har deler av dei vore utan hevd ein periode, men dei blir no slått årleg, samtidig som dei ikkje blir gjødsla.

**Kommentarar til funn:** Det vart ikkje teke planteliste. Det vart funne 10 beitemarkssopp (13 artspoeng).

**Råd om framtidig bruk:** Noverande hevd bør fortsetta.

## **Tingvollvågen: Saltkjelen**

### **Kategori: 1/2 - nasjonal/regional verdi**

**Områdeskildring, vegetasjon:** Sjå Jordal & Gaarder (1995a, 1995b, 1997).

**Kommentarar til nye funn:** Det vart funne 8 nye artar av beitemarkssopp, slik at det no er kjent heile 48 beitemarkssopp frå eit ganske lite område (85 poeng). Få lokalitetar i fylket har meir enn dette (jfr. figur 1), og dei fleste har eit betydeleg større areal. Dei fleste nye artane er raudlista, og m.a. kan nemnast trolljordtunge (*Geoglossum simile*), limvokssopp (*Hygrocybe glutinipes*), musserongvokssopp (*Hygrocybe fornicate*) og den sjeldsynte men enno ikkje raudlista *Entoloma pseudocoellestinum*.

## **Tingvollvågen: Tingvoll gard**

### **Kategori: 2 - regional verdi**

**Områdeskildring, vegetasjon:** I parken og rundt eit par av bolighusa på Tingvoll gard (NORSØK) er det innslag av gammal plen (truleg tidlegare slåtte- eller beitemark). I øvre og vestre deler av parken, og rundt hus nr. 2 og 4 frå vest forekjem det ein del naturengplanter som indikerer langvarig hevd i kombinasjon med lite gjødsling og jordarbeiding. Spesielt tilknytt kantsoner rundt hus nr. 2 var forekomsten av truga beitemarkssopp påfallande stor, men ein del slike artar vart også funne i nordvestre deler av parken og nedenfor hus nr. 4.

**Kommentarar til funn:** Det vart ikkje teke planteliste, men naturengplanter som tepperot, lækjeveronika og engfiol finst. I tillegg er det kjent er par eksemplar av grov nattfiol. Det vart funne 20 beitemarkssopp (48 artspoeng). Av desse er det særleg grunn til å framheva den akutt truga vranglodnetunga (*Trichoglossum walteri*), og dei sårbare artene vridd köllesopp (*Clavaria amoenaoides*), raudnande lutvokssopp (*Hygrocybe ingrata*) og limvokssopp (*Hygrocybe glutinipes*), som alle forekom rundt hus nr. 2. Sistnevnte art vart også påvist i parken.

**Råd om framtidig bruk:** Hevden med plenklipp kan truleg fortsetta som no på deler av området. Deler av parken og plenområda blir også av og til beita av husdyr (sau og hest) og ein ytterlegare overgang til tradisjonell hevd med beite og slått vil sannsynlegvis berre vera positivt. Forekomstane av dei truga beitemarkssoppene er svært sårbare for tilfeldige inngrep, da dei stort sett veks i smale kantsoner mellom vegar, bær- og grønnsakshager. Lokaliteten er eit eksempel på at artsinventaret i parkar kan likna mykje på tradisjonelt kulturlandskap. Det er brukshistoria som avgjer artsutvalet, og her er kutting av graset og lite gjødsling og jordarbeiding viktigast.

## **Tingvollvågen: Tingvoll-lia**

### **Kategori: 2 - nasjonal verdi**

**Områdeskildring, vegetasjon:** Sjå Jordal & Sivertsen (1992) og Jordal & Gaarder (1993, 1995a). Tingvoll museumslag har teke opp att ljåslåtten på tidlegare slåttemark, i tillegg blir eit område beita av sauer frå Tingvoll gard.

**Kommentarar til funn:** Det er framleis ikkje teke planteliste, men naturengplantar som tepperot og lækjeveronika førekjem. Slåttemarka viser seg å vera svært så interessant med sparsom, men truleg aukande førekommst av stortveblad, og vidare førekjem den sjeldne og sårbare fingersoppen *Clavulinopsis cinereoides*. Det er til no funne 32 artar av beitemarkssopp (56 artspoeng). Dette viser at lokaliteten har stor verdi. Av dei nye i 1997-98 var det fleire sjeldsynte og raudlista artar, som slimvokssopp (*Hygrocybe glutinipes*), raudnande lutvokssopp (*Hygrocybe ingrata*) og svartdogga vokssopp (*Hygrocybe vokssopp*).

**Råd om framtidig bruk:** Slåtten på denne lokaliteten er det svært viktig å fortsetta med. Vidare bør beitinga på beitemarka halda fram.

## **Tingvollvågen: Øygardsneset**

### **Kategori: 3 - lokal verdi**

**Områdeskildring, vegetasjon:** På Øygardsneset ytst i Tingvollvågen ligg restar etter eit gammalt småbruk der berre hustuftene no står att. Innmarksareala her blir no hovudsakeleg bruka til husdyrbeite (særleg sau og mjølkekyr). Det meste av engane er pløgd og gjødsla, og har dominans av eit fåtal nitrogenelskande planter, men eit par små kantsoner mot skogen med dominans av naturengplanter finst og.

**Kommentarar til funn:** Det vart ikkje teke planteliste, men naturengplantar som tepperot og lækjeveronika førekjem. Det vart vidare funne 7 beitemarkssopp (14 artspoeng). Av desse var det fleire sjeldsynte og raudlista artar, som gulbrun narrevokssopp (*Camarophyllopsis schulzeri*), fiolett greinkøllesopp (*Clavaria zollingeri*) og gulfotvokssopp (*Hygrocybe flavipes*).

**Råd om framtidig bruk:** Hevden kan stort sett fortsetta som før, men ein bør unngå å tilføra gjødsel til kantsonane av engane. I tillegg er det viktig å rydda deler av kantane for lauvoppslag. Spesielt gjeld dette beitemarka lengst nordvest.

# Vestnes

Rapportorfattarane har i 1997 utført biologiske undersøkingar av ulike naturområde i Vestnes (Jordal 1998a). Det som vedkjem kulturlandskapet er teke med nedanfor for å gjera materialet lettare tilgjengeleg og for betre å kunne samanlikna Vestnes med andre kommunar. Oppsett og tekst er litt endra for å tilpassast denne rapporten.

## Feøya

### Kategori: 2 - regional verdi

**Områdeskildring, vegetasjon:** Øya ligg like nordaust for Vestnes sentrum. Holmen er eit viktig sjøfuglområde med store bestandar. I tillegg har øya fine kvalitetar som biologisk rikt kulturlandskap. Øya blir beita av sau og grågås, og beitetrykket er godt. Ein flokk med utegangarsau vart selt i 1998 fordi øya har for lite lyng (kjelde: A.O. Folkestad). Vegetasjonen er for det meste grasdominert med dels sølvbunkeenger og dels frisk, fattig eng med ein del engkvein og noko einer. Særleg på nordsida er det ein god del einer. Langs stranda er det særleg i vest rullesteinsstrand med m. a. strandkryp, gåsemure og strandrug og på resten av øya for det meste usamanhengande strandbergvegetasjon med t. d. kystbergknapp og strandnellik. Deler av beitemarkene blir noko gjødsela, både av grunneigar, og av dei store sjøfuglkoloniane. Særleg einerbakkane på nordsida, og den høgste haugen på øya har ein nitrofil vegetasjon med engrapp, gjetartaske, grasstjerneblom, hundekjeks, høymole, krypsoleie, løvetann, vassarve og vrangdå.

**Kommentarar til funn:** Dei austlege delene av øya rundt det høgste punktet har ein del skog og buskas av hassel, alm, svartor, hegg, rogn og bjørk, elles ask og morell (søtkirsebær). Begge dei to sistnemnde er truleg planta eller forvilla. I solhellingane mot søraust, i relativt ope lende, finst begerhagtorn, ein av dei nordlegaste lokalitetane for arten (nordgrense på Aukra, Lid & Lid 1994). Undervegetasjonen i desse lauvskogflekkane er prega av beiting og eit varmt lokalklima, med artar som krattlodnegras, kratthumleblom, kusymre, revebjølle, skogsvinerot, skogfiol, skogstorkenebb og stankstorkenebb. Kusymre er ein kystart som elles i distriktet er kjent frå t. d. Julsundet og Aurikkelholmen ved Hjertøya (Molde kommune). Av fugl vart det i skogområda 25.9.97 observert gjerdesmett og spettmeis, og i ope landskap sivspurv, heipiplerke, ca. 20 viper og kråke.

I dei opne beitemarkene, særleg i kantområda i søraust, finst ein del naturengplanter som blåklokke, finnskjegg, geitsvingel, hårvæve, jordnøtt, knegras og lækjeveronika. Jordnøtt er ei kystbunden eng- og skogkantplante som er i ferd med å bli mindre vanleg i distriktet. I fuktige fattigenger finst t. d. knappsiv, kornstorr, lyssiv, myrfiol, myrtistel og stjernestorr, alle vanlege artar. Dei fleste funn av beitemarksopp vart gjort i kantområde. Det er funne 8 vokssopp-artar, 4 raudskivesopp og ein småkøllesopp. Særleg er funna av dufraudskivesopp (*Entoloma ameides*) og *Entoloma atrocoeruleum* uvanlege og interessante. Dei står begge på raudlista (som henholdsvis sjeldan og omsynskrevande). Dufraudskivesopp er berre funnen ein annan stad i Møre og Romsdal (eit kubete på kalkstein på Smøla). Det er truleg at arten her på Feøya har fordel av at det finst skjelsand i grunnen.

**Råd om framtidig bruk:** Dette er ei fin øy med mange kvalitetar. Førekomstane av kulturlandskapstilknytta artar er interessante og verdifulle. I tillegg førekjem ein del interessante tre- og planteslag. Førekomsten av begerhagtorn må ikkje hoggast, men bør heller ikkje få veksa att med skog. Alle beitemarksoppene og naturengplantene er avhengige av at øya framleis blir beita, og at levestadene ikkje blir mykje gjødsla. Det vil derfor vera best med minst muleg gjødsling, og det vil vera uheldig å auka gjødslinga i høve til i dag eller å byrja å gjødsla over eit større område enn i dag. Dagens beitetrykk er høveleg.

## ***Flatevågen: Svingeilen m.m.***

### **Kategori: 2 - regional verdi**

**Områdeskildring, vegetasjon, artsfunn:** Flatevågen er eit større brakkvassområde (avstengd fjordpoll) på ca. 3,2 km<sup>2</sup> med største djupn ca. 40 m. Området frå Straumen til Skavneset er befart 16.6. og 23.-24.7. med sikte på å registrera fugleliv, vegetasjon og flora. Stranda frå Straumen til Leirvika vekslar mellom strandberg, steinstrand, grus og litt finsediment. Mellom Straumen og Svingeilen ligg uvanleg artsrike strandberg ("Berga" på økonomisk kart) med ein del tørrberg-/tørrbakkeartar som gjeldkarve, bitterbergknapp, småbergknapp, eittårsknavel (sjeldan), bergmjølke, knopparve, vårskrinneblom, villauk (uvanleg) og stemorsblom. Grus- og rullesteinstrand har ein relativt vanleg, men artsrik flora og vegetasjon, det same gjeld dei små tangvollane som finst. Det mest artsrike er strandengene og naturengene ovafor stranda.

Strandengene omfattar m. a. saltsiveng og rustsivakseng. Mellom Smibukta og Leirvika vart det også funne ein del jáblom og småsivaks, som er mindre vanleg. Kantskogen rundt Berga og Svingeilen inneholder ein del svartor, vidare hassel, bjørk, hegg, gråor, morell, bustnype, einer, rogn, ask, furu og platanlønn, vidare noko pors. Eit område nedafor Vestnesgarden er dyrka heilt ned til stranda og strandskogen er fjerna, noko som er uheldig. Svingeilen inneholder fine og artsrike naturengsamfunn skapt gjennom tidlegare slått og seinare tids beiting. Også grågåsa beitar ein del her. Desse naturengsamfunna inneholder m. a. smalkjempe, dunhavre, gjeldkarve og jordnøtt, og er viktige å bevara for ettertida.

I Leirvika er det også ein del strandenger, m. a. eit parti med fjørestorrereng. Også her er det mykje svartor. Det mest interessante funnet her var smalfrøstjerne i kanten mellom strandengene og svartorkantskogen. Denne arten er svært sjeldan på våre kantar og er tidlegare kjent berre frå Giske og Rauma i Møre og Romsdal. Elles vart det funne vivendel inne i skogen langs stien ned mot badeplassen i vika.

### **Råd om framtidig bruk:**

- Det er utført ein del dyrking ut mot Svingeilen, men dei attverande naturengene, særleg fram mot Holmesundet, er biologisk verdifulle og bør ikkje dyrkast, men beitast. Forsiktig rydding av buskas for å motverka attgroing vil vera positivt.
- Berga mot Vestnesstraumen sør for Vestnesgarden er biologisk interessante og bør ikkje omfattast av utbygging eller andre inngrep.
- Kantskogen av svartor mellom Smibukta og Leirvikbukta som vart fjerna i samband med dyrking bør restaurerast.
- Strandengene i Leirvika bør skånest for inngrep i samband med evt. vidare tilrettelegging for friluftsformål. Førekomensten av smalfrøstjerne bør beskyttast på eit eller anna vis.

## ***Lervåg, ved nausta***

### **Kategori: 3 - lokal verdi**

**Områdeskildring, vegetasjon, artsfunn:** Leirvågen ligg lengst nord i kommunen og vender mot nordaust. Inst i vågen finst dyrka mark, beitemarker, strandenger og sumpvegetasjon.

På nordsida ved vegenden og dei vestlegaste nausta ligg ei natureng tilhøyrande kommunen som no gror att med høgt gras og busker. Her vaks t. d. blåklokke, blåknapp, gjeldkarve, harerug, jordnøtt, og vidare hassel og morell i kantane. Denne enga har ein god bestand av jordnøtt, som er ei kystbunden engplante i tilbakegang i takt med at det tradisjonelle kulturlandskapet forsvinn. Om ikkje noko blir gjort for å halda landskapet ope, vil arten truleg gradvis forsvinna også frå denne staden.

Inst i vågen ligg strandenger med m.a. fjøresivaks, strandkjempe, saltsiv, fjøresaulauk, strandkryp, strandstjerne, rustsivaks, krypkvein, myrsaulauk, pølstorr og havstorr. Dei to siste strandengartane er truleg sjeldne i Vestnes. Høgre opp finst fuktige, beita fattigenger med kvitbladtistel, mjødurt, sølvbunke, grasstjerneblom, sløkje, knappsiv, hanekam, raudsvingel, myrmaure og fuglevikke.

**Råd om framtidig bruk:** Leirvågen er eit utfartsmål og friluftsområde for mange, og det kan vera aktuelt med noko tilrettelegging. Strandengene inst i vågen bør få liggja utan inngrep, og evt. sti og klopp over bekken bør trekkjast godt inn frå stranda. Elles er det få konflikter ein kan sjå mellom biologisk mangfold og fritidsbruken. Naturenga langs vegen fram til nausta bør ryddast for buskas og takast i bruk til beite for t. d. ungdyr, elles vil fleire interessante engplanter forsvinna. Enga bør gjødslast minst mogleg.

### ***Rekdalssetra***

#### **Kategori: 3 - lokal verdi**

**Områdeskildring, vegetasjon, artsfunn:** Seterområdet ligg vel 200 m over havet i ei slakk halling opp frå dalbotnen. Vegetasjonen er mager naturbeitemark med finnskjegghei, litt blåbærlyng og ein del einer. Vidare finst nedst litt fuktig fattigeng med m. a. lyssiv og myrtistel. Beitetrykket er brukbart, det gjekk storfe på beite ved besøket. Floraen var relativt artsattig med 11 naturengplanter og innslag av kystplanter som heisiv, heistorr, revebjølle, smørtelg og storfrytle.

**Råd om framtidig bruk:** Det største trugsmålet mot lokalitetar som denne er opphøy av beitebruken. Ingen store biologiske verdiar vart avdekt, men naturtypen er generelt i attgroing i fylket.

### ***Gjellsteinsetra***

#### **Kategori: 3 - lokal verdi**

**Områdeskildring, vegetasjon, artsfunn:** Seterområdet ligg rundt 180 m over havet i hallande terrenget ned mot Gjellsteinelva. Berre eit lite areal rundt husa er i dag ope landskap, men også her kjem småbjørka opp, og mesteparten av det tidlegare opne landskapet er idag skog. Mykje av omgjevnadene er i dag gammal furuskog med lauvtreinnslag, mest bjørk, og med blåbærvegetasjon i botnen. Nedre del av vollen har mange rotvelter av furu etter nyttårsorkanen i 1992. Beitetrykket er svakt, og skogen går snart heilt inntil husa. Vegetasjonen er attgroande naturbeitemark med finnskjegg, gulaks og engkvein, dels litt sølvbunkeeng. Vidare fanst litt fuktig fattigeng med m. a. lyssiv og myrtistel. Floraen var relativt artsattig med 10 naturengplanter og innslag av kystplanter som heisiv, heistorr, revebjølle, smørtelg og storfrytle.

**Råd om framtidig bruk:** Relativt små biologiske verdiar. Lokalitetten er i attgroing og den kulturbetinga vegetasjonen er på veg til å bli erstatta av skog som så mange andre stader.

### ***Jostølen (Tomrefjord)***

Denne lokalitetten er ikkje besøkt av oss, men blir teke med her, fordi det nyleg er funne solblom (*Arnica montana*) her. Tilfeldigvis vart vi kjent med ei innsamling av arten herifrå i ei objektsamling ved Tingvoll vidaregåande skole våren 1996. Arten vart funne av Birgit Alice Seljeflot 27.07.1995. Ho skriv på vår førespurnad: "Solblomen vokser her nedenfor to setre på beitemark, sørvest og solfylt. Hver sommer beiter det sauher her. Solblomen vokser ganske tett på en åpen flate på ca. 50x10 meter." Geografiske data (innteikna på kart av finnaren): kartblad 1220 II Vestnes, LQ 902372, 200 meter over havet. Solblom er no ein sjeldan art i fylket, med få kjende, attverande lokalitetar. Dette er den nest største forekomsten vi veit om i fylket. Det er derfor ønskjeleg at området blir halde under oppsikt og eventuelt slege år om anna for å motverka attgroing.

## ***Ura***

### **Kategori: 3 - lokal verdi**

**Områdeskildring, vegetasjon, artsfunn:** Beitemarker ved to nedlagte bruk vart undersøkt. På det første bruket ved vegenden var det mykje sølvbunkeeng og noko fuktig fattigeng med einskilde myrplanter som slåttestorr m.fl. Eit interessant trekk her var ein god del kystmaure på stader med låg vegetasjon og mykje mose. Dette er ei lyskrevande kystplante som toler lite attgroing. Det øvre bruket (berre traktorveg fram) hadde og sølvbunkeeng, med parti med litt magrare natureng med gulaks, geitsvingel, harerug og blåklokke. Også her fanst litt fuktig fattigeng med lyssiv, knappsvit, slåttestorr m.m. Området vart beita av hest. Floraen i engsamfunna var generelt relativt artsfattig, med 9 naturengplanter.

**Råd om framtidig bruk:** Førekomst av naturengplanten kystmaure er litt interessant. For å motverka attgroing er det ønskjeleg med fortsatt beiting.

## ***Skorgedalen: Bøsetra m.m.***

### **Kategori: 3 - lokal verdi**

**Områdeskildring, vegetasjon, artsfunn:** Sjølve Bøsetra ligg omkransa av skog (dels planta gran i aust, blåbærskog med furu og bjørk i vest) i ei fuktig nordhellingsmed sølvbunkeeng, litt finnskjegghei, fuktig blåtoppeng og fattig bakkemyr. Området er i attgroing, men blir beita litt av sau. Nokre hundre meter lenger aust, nærmere Skorga og lågare ned mot elva ligg einskilde opne engsletter som truleg er restar av tidlegare slåttemark. Vegetasjonen her er dominert av frisk, fattig eng og litt attgroing med skog frå kantane. Det vart registrert berre 6 naturengplanter i området, og ingen spesielle plantefunn vart gjort. Av beitemarkssopp vart det berre funne honningvokssopp (*Hygrocybe reidii*) på sjølve Bøsetra, men på engslettene lenger aust vart den hensynskrevande arten gulfotvokssopp (*Hygrocybe flavipes*) funnen, vidare beitemarkssoppene lutvokssopp (*Hygrocybe nitrata*), engvokssopp (*Hygrocybe pratensis*), honningvokssopp og mørktanna raudskivesopp (*Entoloma serrulatum*) (sjå vedlegg).

**Råd om framtidig bruk:** Både Bøsetra og engslettene austafør er i attgroing, men funn av einskilde beitemarkssopp tyder på at området har visse kvalitetar knytt til tidlegare slått og noverande beiting. Derfor er det ønskjeleg at beitinga held fram.

## ***Skorgedalen: Bakkesetra***

### **Kategori: 3 - lokal verdi**

**Områdeskildring, vegetasjon, artsfunn:** Dette er ei større setergrend som no også har mange hytter. Det er grave litt rundt somme av hyttene. Vollen er i dag prega av dårleg beitettrykk av sau, og attgroande, høgvaksen sølvbunkeeng med mykje strø i botnen. Øvre del av seterområdet har lyngmark med mykje einer, også dette i attgroing. Det vart funne 11 naturengplanter, blant desse små mengder hårvæve, knegras og smalkjempe. Mange av naturengplantene har små bestandar og er på veg til å forsvinna. Det vart ikkje funne beitemarkssopp, men einskilde andre grasmarkssopp. Førekomst av den sjeldne slåtteengplanten solblom i kanten av riksvegen aust for setrane i retning Ellingsgarden er omtala særskilt nedanfor.

**Råd om framtidig bruk:** Det attverande mangfaldet knytt til kulturmark er i ferd med å bli øydelagd av attgroing. Dersom ikkje beitettrykket blir auka monaleg, vil denne lokaliteten bli gradvis mindre interessant biologisk sett.

## ***Skorgedalen: vest for Ellingsgarden***

Denne staden består av ei vegskråning ved riksvegen og opne gamle beite- og slåttemarker som no dels gror att med lauvskog, dels er tilplanta med gran. Staden ligg mellom Ellingsgarden og Bakkesetra. Lokaliteten er nemnd fordi det er ein av dei få kjente attverande veksestadene for solblom (*Arnica montana*) i fylket. Arten er først og fremst knytt til lite gjødselpåverka

slåtteenger og gamle beite som ikkje er gjødsla eller for hardt beita. Han er tidlegare funnen ei rekkje stader på Sunnmøre og nord til Fræna, Eide og Gjemnes, men dei seinare åra er han såvidt vi kjenner til berre observert nokre stader i Vestnes, Skodje og Sykkylven. Lokaliteten hadde ved besøket 25.09.1997 eit 30-tals rosettar av solblom, men ingen blomsterstenglar vart observerte. Dette er ein indikasjon på at arten ikkje trivst og at han er på veg til å forsvinna. Veggrøfta blir slått av Statens vegvesen, medan resten av lokaliteten har meterhøge granplanter.

## **Løvika: Kriken**

### **Kategori: 1/2 - regional/nasjonal verdi**

**Områdeskildring, vegetasjon:** Dette er eit nedlagt gardsbruk utan busetnad, der jorda blir halden i hevd med slått og beiting av sau. Graset vart kassert i 1997. Mykje av jorda er fulldyrka eller overflatedyrka, og eit område nedanfor husa har vore potetåker til etter krigen. Nedafor husa er det ikkje gjødsla på 10-15 år. Husa vart fråflytta for 15-20 år tilbake, og jorda er beita med kyr til ca. 1994 (Bjarne Løvik pers. medd.). Markene var slått eller beita ved alle besøk. Vegetasjonen på gammal eng varierer ein god del, men det er overalt moserikt, særleg i kantane. Nedafor husa er det ein god del marikåpe på det området som tidlegare var potetåker. Låg gjødslingsintensitet gjer at naturengplanter finst i betydelege mengder over det meste av garden, men mest i kantane.

**Kommentarar til funn:** Påfallande er dei store mengdene av kystmaure over store deler av arealet. Det vart funne 72 planteartar og heile 20 naturengplanter. Mellom desse var aurikkelsvæve, blåklokke, grov nattfiol, harerug, heiblåfjør, hårvæve, jonsokkoll, knegras, kvitmaure og smalkjempe. Mest artsrike er dei moserike kantområda nedanfor husa ned mot riksvegen. Her vart det gjort ei rekke funn av beitemarkssopp, mellom anna fiolett greinkøllesopp (*Clavaria zollingeri*), limvokssopp (*Hygrocybe glutinipes*) i store mengder (4. funn i fylket, avgjort den største førekomensten i fylket) og raudnande lutvokssopp (*Hygrocybe ingrata*), som alle står som sårbare på den norske raudlista. Vidare fanst dei hensynskrevande artane gulbrun narrevokssopp (*Camarophyllopsis schulzeri*), kvit kragesopp (*Stropharia albonitens*) og raudskivesoppen *Entoloma caesiocinctum*. I alt 20 beitemarkssopp (25 grasmarkssopp) vart funne ved dei to haustbesøka, og både artstalet og artsutvalet gjer dette til den mest spesielle og verdifulle attverande lokaliteten når det gjeld tradisjonelt kulturlandskap i Vestnes (37 artspoeng for beitemarkssopp).

**Råd om framtidig bruk:** Største trugsmålet her er opphøy av drifta, eller omlegging av drifta til kraftig gjødsling. Eigarane er eldre folk som ikkje har dyr sjølve, og det er vanskar med å finna nokon som vil slå og beita. Det mest verdfulle området ligg nedanfor husa, og særleg engkantane langs vegen opp og i ytterkantane av enga. Derfor vil gjødsling kunne aksepteras ovafor husa. Nedanfor er det ønskjeleg å unngå gjødsling, alternativt å nytta små mengder salpeter (fosforfattig gjødsel), i så fall berre vårgjødsling og ikkje gjødsling ut mot kantane. For å ta vare på artsmangfaldet nedanfor husa er beste drifta å slå ein gong, fjerna graset og beita om hausten.

## **Kjersemsetra**

### **Kategori: 3 - lokal verdi**

**Områdeskildring, vegetasjon, artsfunn:** Dette er ei setergrend i ei slakk dalside opp mot Vaksvikfjellet. Vegetasjonen er mager naturbeitemark (frisk fattigeng) med mykje gulaks, engkvein, tepperot og kvitkløver, litt blåbærlyng og noko einer. Vidare finst ein god del fuktig fattigeng med m. a. bekkestjerneblom, duskull, blåtapp, flekkmarihand, grønstorr, hundekvein, kornstorr, myrtistel, slåttestorr, soleihov, stjernesildre, tettegras og trådsiv. Beitetrykket er brukbart, det vart funne møkk etter ungdyr og sau. To hestar gjekk på eit inngjerda område nedst. Floraen var middels artsfattig med 11 naturengplanter, t. d. aurikkelsvæve, harerug,

sumpmaure og prestekrage. Av kystplanter kan nemnast heisiv, som her nærmast seg innergrensa si (Fægri 1960). Sju artar av såkalla seterplanter (Jordal & Gaarder 1995a) (t. d. fjellaugnetrøst, fjellkvein, fjelltimotei og seterarve) viser at det her er noko meir fjellpreg enn på dei andre setervollane som er omtala i denne rapporten.

**Råd om framtidig bruk:** Det største trugsmålet mot lokalitetet som denne er opphøyr av beitebruken. Ingen store biologiske verdiar vart avdekt, men naturtypen er generelt i attgroing i fylket. Det er ønskjeleg at beitinga held fram.

### **Sakselia**

#### **Kategori: 2 - regional verdi**

**Områdeskildring, vegetasjon:** Her er det ein del overflatedyrka mark med fleire setrar i eit område som elles består av lauvskog med m. a. mykje bjørk. Det er to opne setervollar som heng saman med eit smalt ope område nokre titals meter gjennom skogen. Området blir beita av sau og dels storfe, og ved haustbesøket var det meste i tillegg slått og graset var fjerna. Nedanfor setrane er det eit granplantefelt. Setervollane består mest av frisk, fattig eng med ein del engkvein og gulaks, det finst og sølvbunkeeng.

**Kommentarar til funn:** Det vart registrert heile 23 artar av naturengplanter (flest av lokalitetene i denne rapporten), m. a. aurikkelsvæve, blåklokke, harerug, heiblåfjør, hårvæve, jonsokkoll, knegras, kvitmaure, kystmaure, loppestorr, mykje prestekrage, småengkall, smalkjempe og storblåfjør. Vidare finst fuktig fattigeng med t. d. bleikstorr, blåknapp, hanekam, kornstorr, myrfiol, myrmaure, myrmjølke, myrtistel, ryllsiv, skognnelle, slåttestorr, stjernestorr, tettegras og trådsiv. I det heile er dette floristisk sett ein svært artsrik lokalitet til å vera på kalkfattig grunn.

Av beitemarkssopp vart det ved haustbesøket funne 12 artar, noko som er bra etter berre eit besøk i ein såpass därleg sesong som 1997. Først må nemnast den sårbare arten fiolett greinkøllesopp (*Clavaria zollingeri*) med 24 funn totalt i Norge. Dernest dei hensynskrevande artane lillabrun raudskivesopp (*Entoloma porphyrophaeum*, ca. 14 funn i Norge) og gulfotvokssopp (*Hygrocybe flavipes*, 35-40 funn i Norge). Rombespora raudskivesopp er også ein sjeldan art som ikkje står på raudlista.

Området nedanfor Liafossen (Sakselifossen) sør for setrane har mindre opne areal med fossegåvpåverkaenger som også blir beita. Artsinventaret er her noko av det same som på setervollane, men markjordbær, bekkestjerneblom og storfrytle vart noterte i tillegg til artane på Sakselia. Her kjem det i tillegg inn ei rekke lauvskogartar som sumphaukeskjegg, trollurt, krattmjølke, vrangdå, sløkje, gaukesyre, og i berget voks rosenrot, fjelltistel og fjellsyre.

**Råd om framtidig bruk:** Dette er saman med Kriken den mest verdfulle utmarkslokaliteten i Vestnes av dei kulturlandskapsområda som er undersøkte til no, og det er svært viktig at noverande skjøtsel kan halda fram.

### **Villasetra**

#### **Kategori: 3 - lokal verdi**

**Områdeskildring, vegetasjon, artsfunn:** Villasetra ligg omkransa av granfelt som går tett inntil frå fleire kantar, vidare kjem det opp furu og lauvtrebusker. Området er beita av storfe. Vegetasjonen er triviell, med noko sølvbunkeeng og noko frisk, fattig eng med gulaks og engkvein. Vidare fanst heiprega vegetasjon med blåbær, bjønnkam og røsslyng, og noko nitrofil vegetasjon med bringebær, engrapp, krypsoleie, kvassdå og stornesle nær husa. Området er relativt artsfattig, med 12 naturengplanter, mellom desse blåklokke, harerug, kystmaure, heiblåfjør og smalkjempe. Det vart ikkje funne beitemarkssopp.

**Råd om framtidig bruk:** Lokaliteten er liten og innklemt mellom plantefelt, i tillegg er den i attgroing. Beiting er i alle høve positivt for å oppretthalda bestandar av de mest interessante kulturbetinga artane, som heiblåfjør og kystmaure.

### **(Nedste) Skjeggstadsetra**

**Kategori: 3 - lokal verdi**

**Områdeskildring, vegetasjon, artsfunn:** Seterområdet er omlag 2-3 dekar og var beita av hest, storfe og sau. Vegetasjonen består av frisk fattigeng og noko blåbærlyng med ein del einstape (attgroing). Det vart funne 11 naturengplanter, m. a. blåklokke, harerug, kjertelaugnetrøst, knegras, kornstorr og kystmaure. Kystmaure er ei kystplante som det finst ein god del av i fjorden, men berre på moserik, godt beita grasmark i ope kulturlandskap. Det vart ikkje funne beitemarkssopp.

**Råd om framtidig bruk:** Det er registrert relativt små biologiske verdiar. Det største trugsmålet mot lokalitetar som denne er opphøyr av beitebruken. Naturtypen er generelt i attgroing, og beiting er i alle høve positivt for å oppretthalda bestandar av beitebetinga artar som t. d. kystmaure.

### **Olasetra (Øvste Skjeggstadsetra)**

**Kategori: 3 - lokal verdi**

**Områdeskildring, vegetasjon, artsfunn:** Setrane ligg noko høgre enn (Nedste) Skjeggstadsetrane, men har mykje av den same vegetasjonen og floraen. Området er beita av sau. Det var noko sølvbunkeeng og noko frisk fattigeng med engkvein, gulaks og finnskjegg. Det vart registrert 9 naturengplanter, dei mest interessante var heiblåfjør, kystmaure og aurikkelsvæve. Det vart ikkje funne beitemarkssopp.

**Råd om framtidig bruk:** Det største trugsmålet mot lokalitetar som denne er opphøyr av beitebruken. Naturtypen er generelt i attgroing, og beiting er i alle høve positivt for å oppretthalda bestandar av beitebetinga artar som t. d. heiblåfjør, kystmaure og aurikkelsvæve.

# Ålesund

## *Magerholm*

### Kategori: 3 - lokal verdi

**Områdeskildring, vegetasjon:** Lokaliteten består av nokre kantsoner inntil ein gardsveg, og plen- og engparti rundt husa på det nedlagte, men bebodde småbruket. Engane og plena har stadvis stort innslag av naturengplanter og ber preg av å ha vore lite gjødsla og pløgd gjennom lang tid. Lokaliteten er også skildra i ein eigen rapport om nøkkelbiotopar i Ålesund kommune (Holtan 1998).

**Kommentarar til funn:** Det vart ikkje teke planteliste, men lokaliteten inneheld mykje naturengartar som prestekrage, harerug, tepperot og kystgrisøyre. Det vart vidare funne 18 beitemarkssopp (28 artspoeng), m.a. den omsynskrevande musserongvokssopp (*Hygrocybe fornicate*). Lokaliteten har truleg potensiale for fleire soppartar enn det som vart funne ved dette besøket.

**Råd om framtidig bruk:** Hevden bør hovudsakeleg fortsetta som før.

## *Ratvikvatnet*

### Kategori: 1/2 - regional verdi

**Kommentar:** Alle artsfunn baserer seg på undersøkingar utført av Dag Holtan som og har omtala lokaliteten i ein eigen rapport (Holtan 1998).

**Områdeskildring, vegetasjon:** Lokaliteten er ei lita slåtteeng ved Ratvikvatnet.

**Kommentarar til funn:** Det vart ikkje teke planteliste. Det vart derimot funne 26 beitemarkssopp (50 artspoeng). Av artane er det særleg grunn til å framheva funn av den akutt truga sauenvokssoppen (*Hygrocybe ovina*), den akutt truga vranglodnetunga (*Trichoglossum walteri*) og den sårbare arten halmgul køllesopp (*Clavaria straminea*). Desse funna tyder på at lokaliteten har kvalitetar på linje med t.d. Nedreli i Skodje og Jordalsøra i Sunndal, og sannsynlegvis vil nye undersøkingar føra til at fleire sjeldsynte og truga beitemarkssopp blir funne.

**Råd om framtidig bruk:** Hevden med årleg slått uten gjødsling bør fortsetta også i framtida, evt. med tillegg eller supplement av ungdyrbeite sommar og haust. Dette er den klart mest verdfulle kulturlandskapslokaliteten i Ålesund og nye undersøkingar kan kanskje avsløra at området har nasjonal verdi.

# BILETE

Bilete - Norddal



Øvst: Steindalsstølen i Valldalen, Norddal blir framleis beita av sau og er middels  
arisk.  
Nedst: Hogsedalen, høgliggjande sommarseter for Lingegardane, Norddal, har vanleg  
vegetasjon og artsvurval.

Øvst: Klovesenstra, heimsæter for Lingegardane, Norddal. Staden blir framleis beita, er  
i god hedd og er ganske arisk med m. a. ein del tørrbakkeanar.  
Nedst: Hegsunda i Tafjorden, høgliggjande seter ovafor der Tafjordraset gjekk i 1934,  
Norddal, framleis noko beita, men har likevel ein god del daudgras.

Bilete - Norddal



Øvst: Geit på beite ved fjordgarden Korsnes, Norddal. Beitestrykket her er for lite til å stansa attgroinga på dyrkamarka.

Nedst: Korsnesia, seter med steinhus tilhøyrande Korsnes, Norddal. Området var i 1997 i attgroing (mykje surø og lite mosé i grasmarka).



Bilete - Norddal



Øvst: Kilsisætra i Norddal blir her vitja av ein getleflokk. Sena er artsrik og har godt beiteyrk. M. a. var i dei funne marinøkkelen og første fum i fylket, av den sjeldne beitemarkssoppen *Entoloma cyanulum*. Nedst: Skrenakken i Norddal er ein av mange fjordgardar i attgroing. Likvel held framleis ei rekje beite- og slåttavhengige arvar stand.

Øvst: Fjordgarden Verpesdal i Norddal er i kraftig attgroing med høge gras og urter, her i framgrunnen strandrør. Nedst: Verpesdalsætra i Norddal blir beita av sau, ein middels artsrik lokalitet.

## Bilete - Rauma



Øvr: Tunga ved inngangen til Ulvådalen, Rauma, blir ikkje beita og gror att.  
Nedst: Stavemølen i Vermedalen, Rauma. Lokalitetet er nokså artsrik når det gjeld  
engplanter, og det vart funne ein sjeldan svæve-art.

Øvr: Trollstolen ved inste del av Ulvådalsvatnet i Rauma har eit godt beitetrykk av  
sau. Det vart m. a. funne marinøkkel her.  
Nedst: På Kyllingeøra i Øvre Romsdal beita sau og eit par hestar i 1997.  
Vegetasjonen er ganske artsrik med innslag av tørrbakkesamfunn.

### Bilete - Rauma



Øvst: Røstasætra i Innfjorden, Rauma blir beita av storfe og sau. Vegetasjon og artsvalet er vanleg for distriket.  
Nedst: Kyr på seserbeite på Bøsøya i Innfjorden, Rauma. Området er i god hevd og er middels artsvalet.

Øvst: Sleltalia, ein gammal, fråflytta gard i dalsida ved Verma i Romsdalen (Rauma). Marka blir beita av sau vår og haust og noko blir slått, særleg kantområda er interessante.  
Nedst: Månasestra ved Verma i Rauma. Vollen har vore slått til nyleg og har eit vanleg artsvalet.


### Bilete - Rindal



Øvst: Gammelhøylosseter i Fossdalen, Rindal, er ei gammal slåtteeng med m. a. pretekraje og kvitbladstrel. Lokaliteten er interessant men tek til å gro att.  
Nedst: På Neveryan i Ljosådalen, Rindal, er det no oppslag av bjørkebusker over heile den store vollen. Om få år er dette ein einsaldra bjørkeskog.

Øvst: Helgetunsetra ligg ved fjellet Trollhøtta i Trollheimen (Rindal). Streifbeiting av sau greier ikkje å motverka at groing og mykje gammalgras.  
Nedst: Bruholtssetra mellom Trollheimshytta og Joldalshytta ligg i Rindal men er i trøndersk eige. Området er beita av streifande sau og har eit vanleg artsurval.

## Bilete - Rindal





Øvst: Ei saldra bjørkeskog med gras- og urterik vegetasjon i botnen, eit atteringsstadium av tidlegare ope landskap ved Løsetera ved Rinna i Trollheimen (Rindal).

Nedst: Helgetunetra ved møte mellom Rinn og Lij-Rinna i Trollheimen (Rindal), ein setervoll med lågt beiteyrkk og autgroingstendensar.

Øvst: Rinhattsetrene (Storlisestra/Stomprødsetra) ligg ved Rinnas kjelder ved Lij-Rinnvatnet i Trollheimen (Rindal). Dette er ein stor og middels artsrik setervoll utan tre, men med mykje høgt gras og daidgras i botnen.  
Nedst: Høyloe ved Rinhattsetrene, ei av 233 kartlagte utmarksloer i kommunen (Moen 1998). Denne store vollen gav nok mykje før, men heimvegen var lang.

Bilete - div.



Øvst: Haverøya ved Edøyra, Smøla, er ei gammel beiteøy som dei 20 siste åra har vore beita av utegangarsau. Desse held lyngen kort og skapar ei sone med artsrik grasmark mellom lyngheia og stranda. Utegangarsau kan bli redninga for mange verdifulle kulturlandskapsområde på kysten.  
Nedst: Petterholmen ved Herøybrua har vore beita av geit dei siste åra. Biletet viser einer som no er daud p.g.a. beting. Geita er effektiv mot forbuking og skulle vere meir nyttig i kulturlandskapsskytelsen.

Øvst: Feøy i Vestnes (tatt mot Vestnes sentrum) er ei øy med interessant flora, sopplora og sjøfuglfauna. Øya blir beita av sau.  
Nedst: Norges første kurs i beitemarkssopp vart halde i 1997 i Jordalsgrenda, Sunndal, i regi av "Kulturokologene", ei gruppe biologar ved Universitetet i Oslo som arbeider med kulturlandskap.

## Diskusjon

# Vurdering av kunnskapsstatus

## Fordeling på kulturlandskapstypar

Tabell 8. Fordeling av 428 undersøkte lokalitetar i Møre og Romsdal etter ei grov inndeling:

K=kyststrok, KU=kyststrok, utmark, KI=kyststrok, innmark, F=fjordstrok (setrar ikkje medrekna), FU=fjordstrok, utmark, FI=fjordstrok, innmark, D=dalstrok (setrar ikkje medrekna), DU=dalstrok, utmark, DI=dalstrok, innmark, S=seterlandskap (uansett kvar i fylket), E= artsrike slåtteenger (uansett kvar i fylket).

Type	KU	KI	K, sum	FU	FI	F, sum	DU	DI	D, sum	S	E
Tal lok.	93	42	<b>135</b>	14	74	<b>88</b>	14	26	<b>40</b>	<b>149</b>	<b>9</b>

Hovudtyngda av det som er funne verd å undersøkja ligg som ein ser langs kysten og i seterlandskapet, og i tillegg er det ein del beitemarker på innmark i fjordstroka. Utmark utanom setrar i fjord- og dalstrok er for det meste attgrodde og det er her ikkje funne mange lokalitetar som synest interessant å undersøkja.

Arealmessig er kystlandskapet og seterlandskapet enda meir dominante, fordi lokalitetetane her er jamt over størst. I fjord- og dalstroka er lokalitetetane gjerne små, men i tillegg er dei ofte vanskelege å oppdaga. Det er derfor muleg at denne gruppa likevel er underrepresentert.

Tabell 9 nedanfor viser korleis dei undersøkte lokalitetane fordeler seg på landskapsregionar, slik dei er beskrivne av NIJOS (1993) og Fylkesmannen i Møre og Romsdal (1998).

Tabell 9. Fordeling på landskapsregionar av 428 lokalitetar undersøkt 1992-1998, inndeling etter Fylkesmannen i Møre og Romsdal (1998).

Landskapsregion	Tal lokalitetar
14 Sør-Norges fjellskog	10
15 Sør-Norges lågfjellsregion	3
20 Vestlandets kystbygder	44
21 Vestlandets ytre fjordbygder	15
22 Vestlandets midtre fjordbygder	82
23 Indre Vestlandsbygder	56
25 Trøndelags og Nordmøres kystbygder	85
26 Fjordbygder i Møre og Trøndelag	79
28 Dal- og fjellbygder i Sør-Trøndelag	44
Øvrige dal- og fjellbygder i Oppland og Buskerud	10

Tabell 9 viser at vi har fått eit visst utval av lokalitetar frå alle dei landskapsregionane som bygdene og kulturlandskapet i fylket vårt er delt inn i. Tala i tabellen er ikkje mykje ulikt det ein kunne venta ut frå arealet dei ulike regionane utgjer i fylket.

## Fordeling etter høgde over havet

Tabell 10 nedanfor viser korleis dei undersøkte lokalitetane fordeler seg frå havnivå og opp i fjellet.

*Tabell 10. Fordeling på høgdelag av 428 lokalitetar undersøkt 1992-1998.*

Høgd, m o.h.	0-100	100-200	200-300	300-400	400-500	500-600	600-700	700-800	800-900	900-1000
Tal lokalitetar	214	31	42	37	24	28	7	25	14	6

Som ein ser, er fleirtalet av lokalitetane i låglandet, med 287 lokalitetar under 300 m o.h. og 141 over dette nivået. Dette har i stor grad å gjera med fordelinga av kulturlandskapet i fylket, særleg dei trelause utmarksbeita på kysten, og spreidde lokalitetar ved gardane, som også ofte ligg under 100 m o. h. Området 200-500 m o. h. er dominert av seterlandskapet i ytre og midtre fjordstrok. I området 500-700 meter over havet er det truleg relativt små areal kulturlandskap i fylket. Her er eit mindre tal lokalitetar besøkt. Lokalitetar over 700 m o. h. er for det meste setrar i indre deler av Sunndal og Rauma, dessutan nokre i Norddal og austre deler av Trollheimen (Rindal kommune).

### ***Fordeling etter vegetasjonssone og vegetasjonsseksjon***

Tabell 11 nedanfor viser korleis dei undersøkte lokalitetane fordeler seg på vegetasjonssonar (Moen 1998).

*Tabell 11. Fordeling på vegetasjonssoner av 428 lokalitetar undersøkt 1992-1998.*

Vegetasjonssone	Tal lokalitetar
BN = boreonemoral sone (edellauvskogssone)	58
SB = sørboreal sone (sørleg barskogssone)	195
MB = mellomboreal sone (midtre barskogssone)	83
NB = nordboreal sone (fjellskog)	86
LA = lågalpin sone (lågfjellet)	6

Hovudtyngda av lokalitetar ligg i sørboreal sone, og dette er ikkje uventa ut frå fordelinga av kulturlandskapet i Møre og Romsdal. Fylket vårt har elles, i motsetning til t. d. Oppdal kommune, få setrar og avgrensa areal med tydeleg beiteprega vegetasjon over skoggrensa, derfor har vi berre undersøkt seks lokalitetar i snaufjellet. Det er heilt klart av interesse å undersøkja større del av seterlandskapet her i fylket.

Tabellen nedanfor viser korleis dei undersøkte lokalitetane fordeler seg på vegetasjonsseksjonar, d.v.s. kyst-innland-gradienten (Moen 1998).

*Tabell 12. Fordelinga på vegetasjonsseksjonar av 428 lokalitetar undersøkt 1992-1998.*

<b>Vegetasjonsseksjon</b>	<b>Tal</b>
O3 - sterkt oceanisk seksjon (seksjonen finst i ei stripe på kysten, breiast på Sunnmøre)	150
O3t - vintermild underseksjon av O3 med m.a. purpurlynghei, dvs. ytterkysten sør for Ålesund	26
O3h - humid (fuktig) underseksjon av O3 (resten av O3)	124
O2 - oceanisk seksjon (seksjonen dekkjer store område i ytre og midtre fjordstrok)	196
O1 - svakt oceanisk seksjon (dekkjer ei relativt smal stripe i indre fjordstrok og dalføra innafør)	41
OC - overgangsseksjon (til kontinental seksjon) (indre Sunndal, Nesset og Rauma + Tafjord og Geiranger)	41

Tabell 12 viser at dei fleste lokalitetane ligg i kystklima, og at få ligg i dei områda som har meir innlandsprega klima. Dette samsvarar med fordelinga av kulturlandskapet i fylket.

### **Fordeling etter kommune**

Lokalitetane som er undersøkte i perioden 1992-1998, fordeler seg på alle kommunane i fylket. I Kristiansund fann vi likevel ikkje nokon lokalitet som syntest verdt å undersøkja.


*Tabell 13. Talet på undersøkte lokalitetar 1992-1998 kommunevis og vurdering av kor godt undersøkt dei ulike kommunane i fylket er. Dekn.=vurdering av dekningsgrad: A - tilfredsstillande dekt, B - middels godt dekt, C - därleg/mangefullt dekt, D - ikkje/omtrent ikkje undersøkt.*

<b>Kommune</b>	<b>Tal lok.</b>	<b>Dekn.</b>	<b>Kommune</b>	<b>Tal lok.</b>	<b>Dekn.</b>	<b>Kommune</b>	<b>Tal lok.</b>	<b>Dekn.</b>
Aukra	13	B	Midsund	2	C	Sunndal	47	B
Aure	3	C	Molde	12	B	Surnadal	15	B
Averøy	7	B	Nesset	17	B/C	Sykkylven	10	B/C
Eide	6	B	Norddal	35	B	Tingvoll	23	B
Frei	1	B	Rauma	33	B	Tustna	4	B
Fræna	4	B/C	Rindal	17	B/C	Ulstein	4	B/C
Giske	4	B/C	Sande	10	B	Vanylven	6	C
Gjemnes	23	A/B	Sandøy	7	B	Vestnes	15	B
Halsa	6	C	Skodje	3	B/C	Volda	4	C/D
Haram	8	C	Smøla	46	B	Ørskog	6	B/C
Hareid	1	B/C	Stordal	6	B	Ørsta	5	C/D
Herøy	12	B	Stranda	6	C	Ålesund	4	B
Kristiansund	0	B	Sula	3	B	<b>Sum</b>	<b>428</b>	<b>B</b>

Eksempel på kommunar som er for därleg undersøkt er Aure, Midsund, Stranda, Vanylven, Volda og Ørsta.

## ***Behovet for fleire undersøkingar***

Som vist i tabell 13 er mange kommunar utilfredsstillande dekt. I tillegg til dette er fleirtalet av lokalitetane mangelfullt undersøkt med omsyn på soppfloraen. Jordal (1997) understrekar sterkt betydninga av å få med soppfloraen som eit viktig grunnlag for klassifisering av kulturlandskap. Figur 2 nedanfor viser at det krevst fleire besøk i ulike sesongar for å få eit godt bilet av soppfloraen. Utviklinga av det kjente talet på soppartar gjennom mange år er vist for to artsrike, godt undersøkte lokalitetar i Møre og Romsdal, og for den beste beitemarkssopp-lokalitetten i Sverige.




Figur 2. Talet på kjende artar av grasmarkssopp på lokalitetane Jordalsøra (Sunndal), Mulevika (Herøy) og Berg i Älvborg (Sverige, Pihl 1992) som funksjon av talet på sesongar med minst eitt besøk på lokalitetten.

Av figur 2 går det tydeleg fram at det er meiningsfylt med mange besøk på dei mest artsrike og forvaltningsmessig mest verdifulle lokalitetane. Fleire besøk er nødvendig for å få ei rett verdsetting og prioritering basert på soppfloraen.

## Prioriterete naturbeitemarker/naturenger

Figuren nedanfor viser dei lokalitetane som ut frå resultata til no er rekna som mest verdfulle ut frå flora og soppflora.



Figur 1. Talet på naturengplanter (npl) plotta mot talet på artspoeng for beitemarkssopp (pbms) på dei mest verdfulle lokalitetane i Møre og Romsdal som er kjent til no (undersøkt 1992-1998). Det er teke med lokalitetar med minst 25 artspoeng for beitemarkssopp eller minst 16 naturengplanter kombinert med funn av beitemarkssoppar. Det er påført kommune- og lokalitetsnamn. Av plassomsyn er kommunenamnet somme stader forkorta til dei tre første bokstavane. Lokalitetar utanfor den grå bogen har potensielt nasjonal verdi. I tillegg må ein vurdera kunnskapsgrunnlaget (er lokaliteten godt nok undersøkt?), storleiken, vegetasjonstypar, førekomenst av sjeldne eller truga artar m.m. Tabell 14 viser verdfulle lokalitetar som ikkje er med fordi dei manglar plantelister eller fordi det ikkje er funne beitemarkssopp.

*Tabell 14. Oversikt over verdfulle lokalitetar som ikkje er med i figur 1 ovafor fordi dei manglar plantelister eller fordi det ikkje er funne beitemarkssopp (anten minst 25 artspoeng for beitemarkssopp men utan plantelister, eller minst 16 naturengplanter men ingen beitemarkssopp).*

Kommune	Lokalitet	pbms	npl
Gjemnes	Galten	-	16
Haram	Halseberga	41	-
Haram	Sandvika	32	-
Norddal	Fjørå: Nedstestølen	-	18
Rauma	Øvre Romsdalen: Rødstølsetra	-	16
Smøla	Furøya	29	-
Smøla	Skjølberg	-	22
Sula	Sulabakken	-	16
Sunndal	Grøvudalen: Flysetra	-	16
Sunndal	Grøvudalen: Myrasetra	-	16
Sunndal	Grøvudalen: Styggmarka	-	18
Sykylven	Årsetsetra	-	16
Tingvoll	Bergem: Hamran	30	-
Tingvoll	Straumsnes: Nålsund	35	-
Tingvoll	Tingvoll Gard	48	-
Tingvoll	Tingvoll-lia	56	-
Ålesund	Magerholm	28	-
Ålesund	Ratvikvatnet	50	-

I tillegg til vurderingsgrunnlaget med flora og soppflora er det lagt ei viss vekt på førekomst av sjeldne vegetasjonstypar. Dei fleste lokalitetar med sjeldne vegetasjonstypar fell saman med lokalitetane ovanfor. Dette gjeld t. d. lokalitetar med kalkrik vegetasjon, skjelsandenger, dei få artsrike slåtteengene vi kjenner til m.m.

Unnatak er følgjande lokalitetar som er verdfulle ut frå andre kriteria:

- Norddal: Øyna/nedanfor Øyna: kontinental artsrik eng, rikt insektliv
- Rauma: Syvergarden: artsrik kontinental tørreng
- Skodje: Storsætra: masseførekomst av solblom
- Sunndal: Svisdal, Sveen og Hafsås: artsrike kontinentale tørrrenger
- Sykylven: Drotninghaug: slåtteeng, truga beitemarkssoppart

## Andre prioriterte førekomstar

Andre typar kulturlandskap med stor biologisk verdi undersøkt i 1997-98 er gamle styvingshagar av alm i Eikesdalen med sjeldan lav- og soppflora.

# LITTERATUR

- Aksdal, S., 1994:** Nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap i Møre og Romsdal. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernnavdelinga rapport nr. 6 - 1994. 125 s.
- Ansok, S., 1977:** Utkantgardane - eit minne om ei anna tid. I: P. Larsen (red.): Møre og Romsdal. Bygd og by i Norge. Gyldendal. s. 214-226.
- Aronsson, M., T. Hallingbäck & J.-E. Mattsson, 1995:** Rödlistade växter i Sverige 1995. ArtDatabanken, Uppsala. 272 s.
- Austad, I., L. Hauge & T. Helle, 1993:** Kulturlandskap i Sogn og Fjordane. Bruk og vern. Sluttrapport. SFdh, avd. for landskapsøkologi. 54 s.
- Bendiksen, E., K. Høiland, T. E. Brandrud & J. B. Jordal, 1998:** Truete og sårbare sopparter i Norge - en kommentert rødliste. Fungiflora. 221 s.
- Beyer, I. & J. B. Jordal, 1995:** Nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap. Tilleggsregistreringar 1995. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernnavd. rapport nr. 15-1995. 45 s.
- Boertmann, D., 1995:** Vokshatte. Nord-Europas svampe - bind 1. 184 s.
- Dahl, E., R. Elven, A. Moen & A. Skogen, 1986:** Vegetasjonsregionkart over Norge 1:1,5 mill. Nasjonalatlas for Norge, kartblad 4.1.1. Statens kartverk.
- Dahl, O., 1896:** Kystvegetationen i Romsdal, Nord- og Søndfjord. Forh. Vidensk. Selsk. Chra. 1896,3:1-76.
- Direktoratet for naturforvaltning, 1992:** Truete arter i Norge. Direktoratet for Naturforvaltning, DN-rapport 1992-6: 89 s.
- Elven, R. (i manus 1997):** Rødliste-utkast - fanerogamer og pteridofytter (karplanter). 17 s.
- Elven, R. (red.), J. Lid & D. T. Lid, 1994:** Norsk flora. 6. utgåve. Det Norske Samlaget, Oslo. 1014 s.
- Elven, R., E. Fremstad, H. Hegre, L. Nilsen & H. Solstad, 1996:** Botaniske verdier i Dovrefjell-området. NTNU Vitenskapsmuseet. Rapport botanisk serie 1996-3. 151 s.
- Emanuelsson, U., 1996:** Lövängar och liknande markanvändningstyper i Europa. I: Slotte H. & Göransson H. (red.). Lövtäkt och stubbskottsbruk. Del II: 215-234. Kungl. skogs- och lantbruksakademien. Stockholm.
- Fjærli, T., 1997:** Villsauen. Frøya sauavslag, Norsk Villsaulag, Frøya kommune. 54 s.
- Folden, H. E. (red.), 1997:** Trollheimen 1. Folldalen og Vindøldalen. Bygdeforlaget. 180 s.
- Folden, H. E. (red.), 1998:** Trollheimen 2. Østlige områder. Bygdeforlaget. 192 s.
- Folkestad, A. O., 1977:** Frå skrubbeflyndre til veitejvel og villgeit. I: Larsen, P. (red.): Bygd og by i Norge: Møre og Romsdal: 115-132.
- Fremstad, E., 1997:** Vegetasjonstyper i Norge. NINA Temahefte 12. 279 s.
- Fremstad, E., P. A. Arrestad & A. Skogen, 1991:** Kystlynghei på Vestlandet og i Trøndelag. Naturtype og vegetasjon i fare. NINA utredning 029. 172 s.
- Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernnavdelinga, 1998:** Nasjonal inndeling i landskapsregioner. Statens Kartverk i Møre og Romsdal. Kartblad.
- Fægri, K., 1960:** The coast plants. Fægri, K. et al. (eds.): Maps of distribution of Norwegian plants. I. Univ. i Bergen skr. nr. 26. 134 s. + 54 pl.
- Gagnat, O. A., 1996:** Skjøtsel- og tiltaksplan for Gagnat. Verdifullt kulturlandskap. Gjemnes kommune, Nærings- og miljøavdelinga. 27 s. + vedlegg.
- Grini, P. & A. Botten, 1991:** Registrering av kulturlandskapet i Eikesdalen. Fylkeslandbrukskontoret i Møre og Romsdal 1991.
- Gulden, G., E. Bendiksen, T. E. Brandrud, L. Ryvarden, S. Sivertsen & O. Smith, 1996:** Norske soppnavn. Fungiflora. 137 s.
- Gaarder, G. & J. B. Jordal 1996:** Biologisk mangfold på sørlige deler av Smøla. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernnavdelinga rapport nr. 8-1996. 59 s.
- Gaarder, G., under arbeid:** Botaniske verdier på Molnes, Giske kommune. Miljøfaglig utredning, rapport.
- Gaarder, G., under arbeid:** Biologiske undersøkelser i varig vernede vassdrag i Aure og Surnadal kommune, Møre og Romsdal fylke 1998. Miljøfaglig utredning, rapport.
- Gaarder, G., under arbeid:** Nøkkelbiotopkartlegging i Molde kommune 1998. Miljøfaglig utredning, rapport.
- Hansen, L. & H. Knudsen (ed.), 1992:** Nordic Macromycetes Vol. 2. Polyporales, Boletales, Agaricales, Russulales. Nordsvamp, København. 474 s.
- Hansen, L. & H. Knudsen (ed.), 1997:** Nordic Macromycetes Vol. 3. Heterobasoid, aphyllophoroid and gasteromycetoid Basidiomycetes. Nordsvamp, København, 444 s.
- Holtan, D., 1998:** Biologisk mangfold i Ålesund. Rapport 1998. 3. reviderte utgave. 65 s.
- Holten, J. I., A. A. Frisvoll & E. I. Aune, 1986:** Havstrand i Møre og Romsdal. Lokalitetsbeskrivelser. Økoforsk rapport 1986:3A: 184 s.

- Hyllbakk, H., 1975:** Setrane i Surnadal. 111 s.
- Høiland, K., 1996:** Truete kulturbetingete planter i Norge. 3. Planter i beitemark og slåtteeng. NINA fagrapport 019, 33 s.
- Hånde, P. S., 1969:** En plantesosiologisk undersøkelse av lauvskogssamfunn i Eikesdalsområdet med spesiell vekt på hasselskogen. Upubl. hovedfagsoppg., Univ. i Oslo.
- Johansson, O. & P. Hedin, 1991:** Restaurering av ängs- och hagmarker. Naturvårdsverket. 146 s.
- Jordal, J. B., 1993:** Soppfloraen i Møre og Romsdal. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernnavdelinga, rapport nr. 2 1993. 189 s. ISBN 82-7430-052-1.
- Jordal, J. B., 1996a:** Eigedomen Vaulen på Nordmarka. Biologiske registreringar og forslag til skjøtsel av kulturlandskapet. Surnadal kommune. 28 s.
- Jordal, J. B., 1996b:** Nesset prestegard. Naturfagleg registrering på Prestneset. Rapport, Nesset kommune. 15 s.
- Jordal, J. B., 1997:** Sopp i naturbeitemarker i Norge. En kunnskapsstatus over utbredelse, økologi, indikatorverdi og trusler i et europeisk perspektiv. Utredning for DN Nr. 6 - 1997. 112 s.
- Jordal, J. B., 1998a:** Biologiske undersøkingar i Vestnes i 1997. Vestnes kommune. 41 s.
- Jordal, J. B., 1998b:** Biologiske undersøkelser i eikeområdene i Tingvoll. Tingvoll kommune. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernnavdelinga, rapport nr. 5/98. 35 s + utbr. kart.
- Jordal, J. B. & G. Gaarder, 1993:** Soppfloraen i en del naturbeitemarker og naturenger i Møre og Romsdal og Trøndelag. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernnavdelinga rapport nr. 9-1993. 76 s.
- Jordal, J. B. & G. Gaarder, 1995a:** Biologiske undersøkelser i kulturlandskapet i Møre og Romsdal i 1994. Beitemarkssopp og planter i naturenger og naturbeitemarker. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Landbruksavd. Rapport 2-1995. 95 s.
- Jordal, J. B. & G. Gaarder, 1995b:** Biologisk mangfold på økologisk drevne bruk. Beitemarkssopp og planter. Norsk senter for økologisk langbruk, Tingvoll. 44 s.
- Jordal, J. B. & G. Gaarder, 1995c:** Biologisk mangfold i Molde. Del 1. Hovedrapport. Molde kommune. 164 s. + kart. Del 2. Flora og fauna. Molde kommune. 101 s.
- Jordal, J. B. & G. Gaarder, 1996a:** Noen soppfunn i ugjødsla beite- og slåttemarker II. Agarica 14 (23): 90-110.
- Jordal, J. B. & G. Gaarder, 1996b:** Undersøkelser av beitemarkssopp, flora og vegetasjon i seterlandskapet i Dindalen, Unndalen, Vinstradalen og Åmotsdalen i Oppdal, Sør-Trøndelag i 1996. Fylkesmannen i Sør-Trøndelag, Miljøvernnavdelingen rapport nr. 6/96: 51 s.
- Jordal, J. B. & G. Gaarder, 1997:** Biologiske undersøkingar i kulturlandskapet i Møre og Romsdal i 1995-96. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Landbruksavd. Rapport 1-1997. 177 s.
- Jordal, J. B. & G. Gaarder, 1998a:** Noen soppfunn i ugjødsla beite- og slåttemarker III. Agarica 15 (24/25):29-58.
- Jordal, J. B. & G. Gaarder, 1998b:** Rødlisterarter i Møre og Romsdal - planter, sopp og lav. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernnavd. Rapport 3-1997. 109 s.
- Jordal, J. B. & E. Meisingset, 1998:** Førekost og utbredelse av strandrør på Sekken og Veøya, Molde kommune (Møre og Romsdal). Utført i forbindelse med forgiftning av rådyr. Ressurssenteret i Tingvoll, rapport nr. 1-98.
- Jordal, J.B. & S. Sivertsen, 1992:** Soppfloraen i noen ugjødsla beitemarker i Møre og Romsdal. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernnavdelinga, rapport nr. 11 1992. 65 s.
- Kleiva, I., 1966:** Norddal Bygdebok.
- Landmark, J.T., 1863:** Almetraet. Tidskr. for det praktiske Landbruk og dets Binæringer. 1ste Aarg.; 79-84. Christiania.
- Melby, M. W., 1997:** Kulturlandskap - forvaltningsplan for sørlige deler av Smøla. Sluttrapport. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernnavdelinga, rapport nr. 3-97. 40 s.
- Moen, A., 1989:** Utmarksslåtten - grunnlaget for det gamle jordbruket. Spor 4(1):36-42.
- Moen, A., 1998:** Vegetasjon. Nasjonalatlas for Norge. Statens kartverk, Hønefoss. 199 s.
- Moen, A. & A. Odland, 1993:** Vegetasjonsseksjoner i Norge. Univ. Trondheim Vitensk. mus. Rapp. Bot. Ser. 1993-2: 37-53.
- Moen, A., A. Norderhaug & A. Skogen, 1993:** Håndbok for feltregistrering - viktige vegetasjonstyper i kulturlandskapet, Midt-Norge. Nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap. Direktoratet for naturforvaltning. 48 s.
- Mogstad, L., 1964:** Oversyn over fjellbeite i Møre og Romsdal. Norske fjellbeite bind X. Det kgl. selskap for Norges vel. 202 s.
- Nedkvitne, J. J., T. H. Garmo & H. Staaland, 1995:** Beitedyr i kulturlandskap. Landbruksforlaget. 183 s.
- Nergård, L., 1983:** Rindalssettre. Rindal Heimbygdlag. 144 s.
- NIJOS, 1993:** Landskapsregioner i Norge. NIJOS, rapport. 51 s.
- Nordhagen, R., 1931:** En botanisk ekskursjon i Eikisdalen. Bergens Mus. årb. 1930:1-35.
- Normann-samlinga, 1993:** Setrar i Øvre Romsdalen. Rauma kommune. 159 s.
- Noordeloos, M. E., 1992:** Entoloma s.l. Fungi Europaei 5. Saronno, Italia. 760 s.

- Noordeloos, M. E., 1994:** Bestimmungsschlüssel zu den Arten der Gattung Entoloma (Rötlinge) in Europa. IHW-Verlag. 85 s.
- Olafsen, O., 1926:** Veøy i fortid og nutid. Bind 1. Planteliv s. 48-55.
- Olafsen, O., 1926:** Veøy i fortid og nutid. Bind I. Dyreliv s. 56-59.
- Omang, S.O.F., 1935:** Die Hieracien Norwegen. I. Monographische bearbeitung der untergattung Piloselloides. Det Norske Videnskaps-akademi i Oslo. 179 s. + 4 plansjer.
- Pihl, R., 1992:** Presentation av två biotoptyper i Södra Älvborg. Jordstjärnan 13:23-28.
- Ropeid, A., 1960:** Skav. Förproblem i äldre tid. Universitetsforlaget. 386 s.
- Ryman S. & I. Holmåsen, 1984:** Svampar. Interpublishing, Stockholm. 718 s.
- Sivertsen, S., J. B. Jordal & G. Gaarder, 1994:** Noen soppfunn i ugjødsela beite- og slåttemarker. Agarica 13 (21):1-38.
- Skogen, A., 1992:** Håndbok for feltregistrering - viktige vegetasjonstyper i kulturlandskapet, Vest-Norge. Nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap. Direktoratet for naturforvaltning. 17 s.
- Slotte, H. & H. Göransson (red.), 1996:** Lövtäkt och stubbskottsbruk. Del I: 210 s. Kungl. skogs- och lantbruksakademien. Stockholm.
- Stoknes, S., 1995:** Setrar i Norddal. En kulturhistorisk registrering og forslag til forvalningsstrategi. 156 s.
- Strøm, H., 1762:** Physisk og Oeconomisk Beskrivelse over Fogderiet Søndmør, beliggende i Bergens Stift i Norge. I Sorø. 572 s.
- Tønnesen, O. J., under arbeid:** Rike menneske og karrige kår. Forvaltningsplan for Husfest i Aure kommune. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Landbruksavdelinga.
- Veøy i Romsdal - vårt första landskapsvernområde. Norsk Natur 1970 (2):53-55.
- Wille, N., 1923:** Karplanter og ferskvannsalger fra øerne Husøy, Ona og Røsholmen paa Nordmør. Nytt Mag. Naturvid. 61:53-89.
- Øien, D.-I., A. Moen & E. I. Aune, 1995:** Vegetasjon og flora på Gardsslettet i Fossdalen, Rindal kommune. Universitetet i Trondheim, Vitenskapsmuseet, Botanisk notat 1995:5. 11 s.

# VEDLEGG

## Vedlegg 1. Lokalitetar undersøkt 1997-98 med geografiske data.

Tabell 15. Oversikt over lokalitetar som er undersøkte i 1997-98 med ein del nøkkeldata: kommune, namn, dato(ar) for besøk, kartblad (M711-serien, 1:50 000), UTM-koordinatar (WGS84 for alle lokalitetar), høgde over havet, vegetasjonsseksjon, vegetasjonssone og landskapsregion (sjå metodekapitlet).

Vegetasjonsseksjon (beskriv oseanitet, d.v.s. gradienten frå kyst til innland):

O3 - sterkt oseanisk seksjon (seksjonen finst i ei stripe på kysten, breiast på Sunnmøre)

O3t - vintermild underseksjon av O3 med m.a. purpurlynghei, dvs. ytterkysten sør for Ålesund

O3h - humid (fuktig) underseksjon av O3 (resten av O3)

O2 - oseanisk seksjon (seksjonen dekkjer store område i ytre og midtre fjordstrok)

O1 - svakt oseanisk seksjon (dekkjer ei relativt smal stripe i indre fjordstrok og dalføra innafor)

OC - overgangsseksjon (til kontinental seksjon) (indre Sunndal, Nessa og Rauma + Tafjord og Geiranger)

Vegetasjonssone (beskriv gradienten frå sør til nord og frå låglandet til fjellet):

BN = boreonemoral sone (edellauvskogssone)

SB = sørboreal sone (sørleg barskogssone)

MB = mellomboreal sone (midtre barskogssone)

NB = nordboreal sone (fjellskog)

LA = lågalpin sone (lågfjellet)

Kommune	Lokalitetsnamn	Besøkt	Kartblad	UTM-koordinatar	Høgde	Vegetasjonsseksjon	Vegetasjonszone	Landskapsregion
Aure	Ertvågøya: Oldervik	30.10.1998	1421 III Halsa	MR 740 126	40	O3h	SB	25 Trøndelags og Nordmøres kystbygder
Aure	Ertvågøya: Olsvik	30.10.1998, 03.11.1998	1421 III Halsa	MR 694 124	20	O3h	SB	25 Trøndelags og Nordmøres kystbygder
Giske	Alnes vest	19.09.1998	1119 I Ålesund	LQ 430 312-437 317	40	O3h	BN	20 Vestlandets kystbygder
Giske	Alnes øst	19.09.1998	1119 I Ålesund	LQ 437 317-447 318	40	O3h	BN	20 Vestlandets kystbygder
Giske	Molnes, Vigra	19.08.1998, 02.10.1998	1120 II Vigra	LQ 510 432	10	O3h	BN	20 Vestlandets kystbygder
Herøy	Flusundet	25.09.1997	1119 IV Fosnavåg	LQ 275 172	0-40	O3t	BN	20 Vestlandets kystbygder
Herøy	Gurskøya: V for Tarberg	26.09.1997	1119 IV Fosnavåg	LQ 232 116-235 118	40	O3t	BN	20 Vestlandets kystbygder
Herøy	Myraneset	10.06.1998	1119 IV Fosnavåg	LQ 218 193-222 194	10	O3t	BN	20 Vestlandets kystbygder

Kommune	Lokalitetsnamn	Besøkt	Kartblad	UTM-koordinatar	Høgde	Vegetasjons-seksjon	Vegetasjons-sone	Landskapsregion
Herøy	Nerlandsøy: Mulevikå	25.09.1997, 09.08.1998, 20.09.1998	1119 IV Fosnavåg	LQ 202 184-205 192	20	O3t	BN	20 Vestlandets kystbygder
Herøy	Petterholmen	25.09.1997	1119 IV Fosnavåg	LQ 288 136	0-10	O3t	BN	20 Vestlandets kystbygder
Herøy	Verpingsneset	10.06.1998	1119 IV Fosnavåg	LQ 235 188-237 190	10	O3t	BN	20 Vestlandets kystbygder
Molde	Fuglset	18.09.1998	1220 II Vestnes	MQ 078 586	100	O2	SB	26 Fjordbygder i Møre og Trøndelag
Molde	Sekken: hytte v/Vedalshaug	24.09.1998	1320 III Åndalsnes	MQ 112 508	40	O2	SB	26 Fjordbygder i Møre og Trøndelag
Molde	Sekken: Seterneset v.ferjekaia	29.09.1998	1320 III Åndalsnes	MQ 129 506	10	O2	SB	22 Vestlandets midtre fjordbygder
Molde	Sekken: Skovik	31.08.1998, 29.09.1998	1320 III Åndalsnes	MQ 099 489	80	O2	SB	26 Fjordbygder i Møre og Trøndelag
Molde	Sekken: Vedalshaug	29.09.1998	1320 III Åndalsnes	MQ 112 510	20-40	O2	SB	26 Fjordbygder i Møre og Trøndelag
Molde	Sekken: Vestastranda	29.09.1998	1320 III Åndalsnes	MQ 125 476	20	O2	SB	26 Fjordbygder i Møre og Trøndelag
Molde	Veøya	30.09.1998	1320 III Åndalsnes	MQ 195 500	10	O2	SB	22 Vestlandets midtre fjordbygder
Norddal	Dyrdalen: Innsetsetra	21.08.1997	1319 III Tafjord	MQ 092 002	580-620	O2	NB	23 Indre vestlandsbygder
Norddal	Dyrdalen: Rellingsetra	21.08.1997, 12.09.1997	1319 III Tafjord	MQ 086 012	520-600	O2	NB	23 Indre vestlandsbygder
Norddal	Eidsdal: Kilstisetra	12.09.1997	1219 I Stranda	MQ 024 048	540-580	O2	MB	23 Indre vestlandsbygder
Norddal	Eidsdal: Storhjellesetra	21.08.1997	1219 II Geiranger	MQ 050 023	550	O1	MB	23 Indre vestlandsbygder
Norddal	Eidsdal: Toresetra (Hjellesetra)	21.08.1997, 12.09.1997	1219 II Geiranger	MQ 052 032	540	O1	MB	23 Indre vestlandsbygder
Norddal	Eidsdal: Veibergsetra	21.08.1997	1219 II Geiranger	MQ 046 015	540	O1	MB	23 Indre vestlandsbygder
Norddal	Fjørå: Nedstestølen	19.08.1997	1319 IV Valldal	MQ 138 090	590	O1	MB	23 Indre vestlandsbygder
Norddal	Fjørå: Nysetra	19.08.1997	1319 IV Valldal	MQ 143 092	740	O1	LA	23 Indre vestlandsbygder
Norddal	Herdalen: Kaldskardsetra	21.08.1997	1319 III Tafjord	MP 139 990	710	O1	NB	23 Indre vestlandsbygder
Norddal	Linge: Hogsetdalen	18.08.1997	1219 I Stranda	MQ 058 095	730	O2	NB	23 Indre vestlandsbygder
Norddal	Linge: Klovsetsetra	18.08.1997	1219 I Stranda	MQ 074 085	550	O2	MB	23 Indre vestlandsbygder
Norddal	Norddalsfjorden: Osvik	20.08.1997	1319 IV Valldal	MQ 12 06	0-100	O1	SB	23 Indre vestlandsbygder
